

# Kvinner i det gamle Egypt

---

## Ein komparativ studie



Avbiletninga viser ei kvinne som sit ute i det fri og sel fruktene frå ein sykamorebusk med eit barn tett til brystet. Ein ser såleis den komplekse naturen til kvinnerolla; På den eine sida som mor og omsorgsperson, og på den andre som kvinne med eige ressursgrunnlag og høve for eiga inntekt.

**Masteravhandling i antikk historie.**

**Institutt for arkeologi, historie, kunst og religionsvitenskap.**

**Universitetet i Bergen, våren 2009**

**Reinert Skumsnes**



## FØREORD

Eit masterstudium, ei avhandling og ei lang reise i tid og stad er til endes. Reisa har vore interessant, mykje takka rettleiaren min, professor Jørgen Christian Meyer. Hans lange fartstid og gode kunnskapar som historikar har hjelpt meg ut av mang ei fortvilt stund kor kvinnene i det gamle Egypt rett og slett ikkje ville same veg som meg. Både Christian og fyrsteamanuensis Ingvar Mæhle skal ha takk for låge dørstokkar, velvilje og solid, jordnær profesjonalitet.

Frå det norske egyptologimiljøet takkar eg professor emeritus Richard H. Pierce (UiB), professor Saphinaz-Amal Naguib (UiO), Pål Steiner (UiB), Anders Bettum (UiO) og Vidar Edland for større og mindre bidrag, som alle har vore viktige. Likeeins vil eg gje ei stor takk til alle medstudentane mine som til ei kvar tid har vore tilgjengelege og positive i kaffikroken vår på Sydneshaugen.

Arbeidet har vore omfattande, men likevel overkommeleg. Dei fleste kjeldene har allereie vore jobba mykje med, og har såleis skapt større rom for drøfting og utvida fagleg innsikt. Ei spesiell takk må eg her sende til professor Anthony Spalinger, professor Doborah Sweeney, professor Andrea McDowell, og professor Schafik Allam som alle har vore villige til å svare på spørsmål eg har hatt knytt til deira arbeid med kjeldene.

Oppgåva er vorte noko større og meir omfattande enn eg hadde sett for meg i utgangspunktet. Dette fordi kjeldene måtte vera med i sin heilskap slik at lesaren til ei kvar tid kan vera med i mine tolkingar. Dessutan er innleiinga i lengste laget, men slik eg ser det, tvingande naudsynt slik at lesaren kan setje seg inn i konteksten. Dette har ført til at andre kjeldetypar, som eg i utgangspunktet hadde tenkt å ha med, måtte utelukkast.

Kvinner si rolle i det gamle Egypt er kompleks og nyansert. Eg håpar likevel oppgåva ber desse nyansane, og syner at kvinner si rolle i det egyptiske samfunnet var mangfaldig, og såleis vanskeleg, for ikkje å seie uråd, å konkludere med udiskutable resultat. Tolkingane mine er i tråd med denne kjennsgjeringa, framlegg, ikkje fasitsvar. For min eigen del har nettopp kompleksiteten, som i meir pessimistiske ordelag kan kallast eit tvitydig problem, vore sterkt medverkande til å gjera emnet så interessant som det faktisk er.

Bergen, 15.05.2009

Reinert Skumsnes

## INNHALDSLISTE

<b>Føreord</b> .....	<b>1-1</b>
<b>Innholdsliste</b> .....	<b>1-2</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>1-5</b>
1.1 Kvinner og kjønn som eige forskingsområde innan Egyptologien. ....	1-6
1.2 Den historiske konteksten.....	1-9
1.2.1 Mellomriket (2055-1650 f.v.t.) .....	1-9
1.2.2 Det nye riket (1550-1069 f.v.t.) .....	1-11
1.2.3 Det egyptiske samfunnet og strukturane i dette .....	1-13
1.3 Strukturen i oppgåva.....	1-21
1.4 Forkortingar .....	1-22
1.5 Teiknforklaringar.....	1-22
<b>2 Kjeldene</b> .....	<b>2-23</b>
2.1 Kvantitativ analyse .....	2-23
2.1.1 Mellomriket – Lahun .....	2-23
2.1.2 Det nye riket – Deir el-Medina .....	2-24
2.1.3 Kjeldene sin representativitet.....	2-26
2.2 Mitt kjeldeutval.....	2-31
2.3 Kvalitativ analyse – Mellomriket (2055-1650 f.v.t.).....	2-34
2.3.1 Brev .....	2-34
2.3.2 Rettsdokument .....	2-44
2.3.3 Konklusjon – Mellomriket .....	2-48
2.4 Kvalitativ analyse – Det nye riket (1550-1069 f.v.t.).....	2-53
2.4.1 Brev .....	2-53
2.4.2 Rettsdokument .....	2-70

# Kvinner i det gamle Egypt

---

2.4.3	<i>Konklusjon – Det nye riket</i> .....	2-90
2.5	Komparasjon.....	2-94
2.5.1	<i>Kjønnsroller og ansvarsfordeling</i> .....	2-94
2.5.2	<i>Arv og disposisjon av egedom</i> .....	2-97
2.5.3	<i>Kvinner sin rettstryggleik</i> .....	2-99
2.5.4	<i>Sjølvstendige kvinner</i> .....	2-100
2.5.5	<i>Delkonklusjon</i> .....	2-103
<b>3</b>	<b>Moglege forklaringar</b> .....	<b>3-105</b>
3.1	Eit imperium veks fram .....	3-105
3.1.1	<i>Krigstokt og grensebeskyttelse</i> .....	3-105
3.1.2	<i>Statlege byggjeprojekt</i> .....	3-108
3.2	Religiøse endringar .....	3-111
3.2.1	<i>Kvinner i tempelet</i> .....	3-111
3.3	Dei store kvinnene av Dynasti 18 (1550-1295 f.v.t.) .....	3-114
<b>4</b>	<b>Konklusjon</b> .....	<b>4-118</b>
<b>5</b>	<b>Kjeldeliste</b> .....	<b>5-121</b>
<b>6</b>	<b>Litteraturliste</b> .....	<b>6-125</b>
<b>7</b>	<b>Vedlegg</b> .....	<b>7—0</b>
7.1	Kronologi.....	7—0
7.2	Kart .....	7—2
7.3	Administrasjonsstruktur.....	7—3
<b>8</b>	<b>Summary</b> .....	<b>8—4</b>

## FIGURAR I OPPGÅVA

Det fylgjande oversynet inneheld figurnummer, relevant tekst og sidetal vedkommande dei seks figurane som finst i oppgåva.

Figur 2-1 Sendar- og mottakaroversikt i korpuset av brev frå Lahun.

Figur 2-2 Sendar- og mottakaroversikt i korpuset av brev frå Deir el-Medina.

Figur 2-3 Kvinneleg deltaking i det samla korpus av rettsdokument.

Figur 2-4 Geografisk tilhøyre til dei to kjeldetypane i samlinga.

Figur 2-5 Fordeling av term/tittelbruk i mitt kjeldekorpus.

Figur 3-1 Samanlikning av kona si rolle I gravikonografi.

Figur 3-2 Kona si rolle i gravikonografi i tidsrommet Ahmose til Thotmose IV.

Figur 7-1 Kart over det gamle Egypt.

Figur 7-2 Administrasjonsstruktur under Det nye riket.

## 1 INNLEIING

... The position of Egyptian women presents an anomaly. On the one hand, Egypt's society was typically male-dominated: the word of the man of the house was law, and a wife was in many ways her husband's chattel. On the other hand, Egyptian women enjoyed far more rights and privileges than in other lands, modern as well as ancient...<sup>1</sup>

Denne oppgåva vil ta utgangspunktet i den komplekse dualiteten i dette sitatet. Det som vert viktig for meg er å vise at generalisert bruk av kjelder på kryss av tid, stad og sosiale grupperingar ikkje er ideelt. Ikkje berre fordi ein då står i fare for å viske ut forskjellar mellom dei tre faktorane, men óg at nettopp problemstillingar som den Casson peikar på mest sannsynleg har sitt utspring i slik generalisering. Det er i den samanheng viktig å hugse at det gamle Egypt (ca.3000-30 f.v.t.) har ein historie på kring 3000 år. Slik eg ser det vil det vera naivt å hevde at kvinner si rolle var konstant gjennom heile dette tidsintervallet.

Kjeldetilfanget, som er avgjerande for denne typen arbeid, er dessverre ikkje like godt dekkjande for alle periodar, stadar og sosiale grupper. Eg har difor valt å samanlikne to tidsperiodar, Mellomriket (2055-1650 f.v.t.) og Det nye riket (1550-1069 f.v.t.). To landsbyar, Lahun og Deir el-Medina, vil få spesielt stor tyding for komparasjonen. Dette er ikkje berre på grunn av at kjeldegrunnlaget frå andre stadar er mangelfullt, men óg at kjeldene frå desse to landsbyane er levningar frå bestemte grupper av menneska som levde i landsbyane over eit avgrensa tidsrom.

Fokuset i denne oppgåva er kjønnsrollemønsteret i det egyptiske samfunnet. **Det vert viktig å kartleggja korleis kvinner si rolle var, om kvinner si rolle kan ha vore i endring i dei aktuelle periodane, og om det over hovudet er mogleg å snakke om kvinner som ei gruppe.** Avslutningsvis vert det dessutan viktig å sjå nærare på kva for faktorar som kan ha spela inn på rollemønsteret under dei to periodane.

Det er gjort mykje forskning på kvinner og kjønn i det gamle Egypt. Naturleg nok er eg difor langt frå den einaste som opnar for variablar knytt til kvinner og kjønn. Ideen om ein tidsvariabel har blant anna Whale (1989) nytta seg av:

The reign of Thutmose III heralded a period of change in the status of women in the tombs. In the tombs of his reign, the women, both wife and daughters, begin to take much more active role in ritual and offering scenes. With no specific textual evidence, it is difficult to account for this trend: it could be that the importance of the royal women at the beginning of the dynasty, culminating in the reign of Hatshepsut, finally filtered through and influenced the status of non-royal women, or it could be that the

---

<sup>1</sup> Casson 2001, 30

# Kvinner i det gamle Egypt

almost continous military campaigns of the sole reign of Thotmose III necessitated women's playing a more active role in family affairs and this was reflected in their role in the tomb.<sup>2</sup>

Dessutan har Ann-Macy Roth (1999) gjort eit liknande arbeid som det eg no tek høgde for å gjera. Forskjellen er at Roth fokuserer på kvinneleg deltaking i gravikonografien i Theben-området. Hennar konklusjonar vil eg koma nærare inn på i slutten av oppgåva.

Nytt med denne oppgåva er den komparative innfallsvinkelen med utgangspunkt i det skriftlege kjeldekorpuset. Som Whale seier over er det vanskeleg å seie noko konkret om kjønnsrollemønsteret utan støtte i det skriftlege korpuset. Kanskje kan denne oppgåva bidra med akkurat dette.

## 1.1 KVINNER OG KJØNN SOM EIGE FORSKINGSOMRÅDE INNAN EGYPTOLOGIEN.

Ei handfull egyptologar har fått spesielt stor tyding for det kjeldekorpuset eg skal jobbe med. Dette er blant andre Alan H. Gardiner, Jeroslav Cerny, Kurt Sethe, Kenneth Kitchen, Francis L. Griffith, og William F. Petrie, som var av dei fyrste til å oversetje skriftlege dokument. Det er i den samanheng viktig å peike på fokuset fagmiljøet har hatt på å publisere kjeldematerialet, og at ein stor del av det samla kjeldekorpuset er publisert i originalform, oversett, og tolka på mange språk. Fagmiljøet har dessutan vore svært flinke til å føre oppdaterte referanselister knytt til bestemte tema. Ved sida av at mykje av dette er å finne i databasar på internett<sup>3</sup> fører alt dette, samla sett, til at arbeidet for ein gryande, så vel som ein veletablert egyptolog vert mykje enklare og at kjeldene vert meir tilgjengelege for fagfeltet i sin heilskap.

Fokus i sekundærlitteraturen har endra seg over tid, og kjønnspektivet er på ingen måte nytt. Allereie under antikken vart det skrive om kvinnene i det gamle Egypt<sup>4</sup>, og dette gamle tema har danna grunnlag for mange publikasjonar, konferansar<sup>5</sup> og utstillingar<sup>6</sup> i den moderne egyptologien.<sup>7</sup> Dei mange publikasjonane har ført til at ein har eit stort korpus av

<sup>2</sup> Whale 1989, 275

<sup>3</sup> <http://www.leidenuniv.nl/nino/dmd/dmd.html>, <http://obelix.arf.fak12.uni-muenchen.de/cgi-bin/mmcgi2mmhob/mho-1/hobmain/>, <http://griffith.ashmus.ox.ac.uk/gri/4hichick.html>, <http://www.petrie.ucl.ac.uk/>, <http://www.kv5.com/>

<sup>4</sup> Herodotus II,35; Diodorus Siculus I,27

<sup>5</sup> *Women in the Ancient Near East* – (Providence (New York), USA 1987), *Gender and Sex in Ancient Egypt* – (Swansea, England 2008), og *Hatshepsut and Gender* – (Ben-Gurion, Israel 2008)

<sup>6</sup> *Nofret – Die Schöne* (Hildesheim, München og Berlin, Tyskland), *The Royal Women of Amarna* (New York, USA), *Mistress of the House, Mistress of Heaven* – (Cincinnati (Ohio), USA), *Women and Gender in Ancient Egypt* – (Ann Arbor (Michigan), USA), *Reflections of Women in the New Kingdom: Ancient Egyptian Art from the British Museum* – (San Antonio (Texas), USA), og *Reflections of Women in Ancient Egypt* – (Swansea, England).

<sup>7</sup> Jean-François Champollion (1790-1832) var den fyrste egyptolog i moderne forstand. Han er spesielt kjent for dechifferinga av hieroglyfane, og såleis leggje grunnlaget for eit studium av originale tekster fra det gamle Egypt.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

sekundærlitteratur å ta til. Ein kan grovt sett dele sekundærlitteraturen i to; ein generell del som tek for seg kvinner i sin heilskap, og ein meir spesifikk del som ser på mindre grupperingar av kvinner.

Rundt år 1900 opplevde egyptologifaget ein kort periode med fokus på sosialhistorie. Sannsynlegvis var det i den samanheng artikkelen *The Condition of Women in Ancient Egypt* (1894) av Lysander Dickerman vart publisert. Dickerman samanliknar forholda i det gamle Egypt med andre antikke sivilisasjonar, spesielt den greske, og konkluderer med at kvinner i det gamle Egypt var likestilt med mannen på alle områder.

Verdskrigar, økonomisk depresjon og dessutan lite samarbeidsvillige styresmakter i Egypt gjorde stagnasjon, og dessutan nedgang i egyptologifaget uunngåeleg. Fyrst på 1960-talet endra dette seg, og enkelte byrja i dette tidsrommet igjen å vise interesse for sosialhistorie. Døme frå denne perioden er *Marriage and Matrimonial Property in Ancient Egypt* (1961) av Peter Pestman og *Brother-Sister and Father-Daughter Marriage in Ancient Egypt* (1962) av Russel Middleton. Pestmann sitt verk kan på mange måtar seiast å vera forut si tid. Dette er ei grundig analyse av skriftlege kjelder med fokus på ekteskap og fordeling av eigedom i ekteskapet. Interessant med Pestman er at han heile tida har fokus på tidsvariabelen i kjeldekorpuset. Middleton er derimot eit typisk døme på korleis eg meiner ein ikkje bør gjere. Trass i at han stillar spørsmål om kva som var vanleg i det gamle Egypt, byggjer han sine konklusjonar på svært få kjelder, og nærast utelukkande frå kongefamilien.

Rundt 1980 endra forskingsfronten seg. Forskingsfronten endra fokus frå dei lange og generelle linene med utgangspunkt i religiøs og politisk historie, til eit større fokus på sosialhistorie. Ikkje berre byrja ein å fokusere på andre sider av samfunnet, som økonomiske og kulturelle fenomen, men óg ikkje minst, einskilde grupperingar i samfunnet. Ein ser i bøker som *Atlas of Ancient Egypt* (1984) av John Baines og Jaromir Málek, *Everyday life in Ancient Egypt* (1985) av Allam Schafik og *The Family in the Eighteenth Dynasty of Egypt* (1989) av Sheila Whale, at blant anna kvinner har fått eigne kapittel der desse si stode er skildra.

Tyngdepunktet for sjølve kvinneforskninga var utan tvil 1990-talet. Karakteristisk for denne litteraturen er eit utelukkande fokus på kvinner og deira posisjon i samfunnet. Slik eg ser det fekk arbeidet som Peter Pestman gjorde på 1960-talet stor tyding for litteraturen som vaks fram i dette tidsrommet. Døme på denne litteraturen finn me blant anna i ei rekkje bøker med same tittel, *Women in Ancient Egypt*, av Barbara Watterson (1991), Gay Robins (1993), Joyce



## Kvinner i det gamle Egypt

---

Tyldesley (1994), Anne K. Capel & Glenn E. Markoe (1996), Barbara S. Lesko (1996) Terry G. Wilfong (1997), Henry G. Fischer (2000) og Zahi Hawass (2000). Faren ved denne sekundærlitteraturen er, slik eg ser det, at samtlege prøver å seie noko generelt om kvinner si rolle i det gamle Egypt. Til dømes hevdar fleire av desse å skrive om vanlege kvinner, medan kjeldetilfanget i stor grad representerer dei øvre sosiale lag med vekt på dei kongelege kvinnene. Ei anna velkjent problemstilling er at ein tillegg den egyptiske kulturen ein kontekst som høyrer i heime i skrivaren si samtid snarare enn i det gamle Egypt. Såleis ser ein at dei ulike har hatt variert hell med nettopp problemstillinga knytt til variablar i tid, stad og mellom sosiale grupperingar. Det skal seiast at nokon av bøkene er svært bra, og det er sannsynlegvis liten tvil om at autoriteten på dette fagområdet, med utgangspunkt i tal på publikasjonar og ry, er Gay Robins.

Frå tusenårsskiftet har fokuset endra seg noko. Formelt skjer det ein overgang frå kvinnehistorie til kjønns- og kvardagshistorie. Enkelte nyttar seg dessutan av andre innfallsvinkalar enn tidlegare. Såleis er egyptologien, med innslag frå blant anna antropologi og sosiologi, vorte meir tverrfagleg. Denne tverrfagligheten har resultert i at perspektivet er vorte breiare, og kvinner vert skildra på fleire måtar og ofte som del av eit større heile. Det ser dessutan ut som at det store fleirtalet av forskarar er gått vekk frå å skrive generell historie, men snarare tek utgangspunkt i spesifikke studium knytt til tid og stad. Viktige bøker frå denne perioden er blant anna *Village Life in Ancient Egypt* (2001) av Andrea G. McDowell, *Women at Deir el-Medina* (2001) av Jaana Toivari-Viitala, *Private Life in New Kingdom Egypt* (2002) av Lynn Meskell, *Growing up and Getting old in Ancient Egypt* (2007) av Rosalind M. og Jac J. Janssen, *Daily Life in Ancient Egypt; Recreating Lahun* (2008) av Kasia Szpakowska og *The Life of Meresamun; A Temple Singer in Ancient Egypt* (2009) av Emily Teeter og Janet H. Johnson.

Andre publikasjonar som høyrer til den meir spesifikke sjangeren tek for seg kvinner i privatkult, i tempelkult, dronningrolla, gudinner<sup>8</sup>, og kvinnelege profesjonar som til dømes musikarar, ammer, og legar.<sup>9</sup> Fleire har skrive om seksualitet, fruktbarheit, graviditet og fødsel.<sup>10</sup> Det er mange verk om kvinner i heim og ekteskap<sup>11</sup>, der fokus varierer frå rettslege og økonomiske forhold<sup>12</sup> til rollefordeling mellom dei to kjønna.<sup>13</sup> Dessutan har det vore ein

---

<sup>8</sup> Pinch 1993; Troy 1986; Naguib 1990

<sup>9</sup> Teeter and Johnson 2009; Bryan 1982; Ward 1983; Onstine 2005; Roehrig 1990; Hurd-Mead 1973

<sup>10</sup> Robins 1996; Wilfong 1997; Manniche 1987; Montserrat 1996

<sup>11</sup> Toivari-Viitala 1995; Pestman 1961; Schulman 1979; Middleton 1962; Johnsen 1999; Cerny 1954

<sup>12</sup> Allam 1989, 1990, 1985; McDowell 2001, 1990; Toivari-Viitala 1997, 2001; Janssen and Pestman 1968

<sup>13</sup> Katary 1999; Peden 2001; Lesko 1994; Bryan 1996

# Kvinner i det gamle Egypt

---

del fokus på framstillinga av kvinner i kunst og litteratur.<sup>14</sup> Samla sett gjev denne sekundærlitteraturen eit variert og meir nyansert bilete av kvinner si rolle i det gamle Egypt enn tidlegare litteratur.

## 1.2 DEN HISTORISKE KONTEKSTEN

Som nemnt over er ei vanleg feilkjelde når ein skriv historie at ein skriv ut frå eigen kontekst, altså historie ut frå historikar si samtid snarare enn ut frå konteksten til det ein faktisk skriv om. Difor er det svært viktig å setje seg inn i dei aktuelle tidsperiodane, ikkje berre generelt, men sjå meir konkret på samfunnsstrukturar som vil vera av tyding for å forstå kvinner si stode i samfunnet.

### 1.2.1 MELLOMRIKET (2055-1650 F.V.T.)

Med utgangspunkt i kongen si viktigaste rolle, nemleg å opprettholde *ma'at*, eit uttrykk som rommar ro og orden i både verdsleg og kosmisk forstand<sup>15</sup>, starta ein etter kollapsen av Det gamle riket (2686-2160 f.v.t.) å stille spørsmål ved eksisterande kultur og tradisjon.

...and this is the decisive point – not in the horizon of the cult, but in that of wisdom, of debate with traditional knowledge of the order of the world and the possibility of living in harmony with it.<sup>16</sup>

Det konservative Mellomriket kan i dag gjenkjennast gjennom sine litterære og ikonografiske særpreg. Desse særprega er blant anna kampen mot kaos og det ukjente, og skisserer såleis ein klår kontrast mellom 1. Mellomperiode (2160-2055 f.v.t.) og Mellomriket (2055-1650 f.v.t.).

Perioden med kaos vart, ifølgje Hawass, avslutta ved at fyrstehuset frå Theben<sup>17</sup>, i øvre Egypt, klarte å utkonkurrere dei andre fyrstehusa i landet.<sup>18</sup> Parkinson hevdar derimot at den ”nye æraen” fyrst tok til frå Amenemhat I (1985-1956 f.v.t.), som innleia dynasti 12. Bakgrunnen for Parkinson sin argumentasjon er ulike endringar i statsstrukturen, til dømes ny hovudstad, administrative reformar, og betydeleg grenseaktivitet.<sup>19</sup> Både den nye hovudstaden og reformane innebar sterk sentralisering, noko som pasifiserte dei andre lokale fyrstehusa såpass at kongen si makt for ein periode var total. Bygginga av den nye hovudstaden, og kongen sitt gravkammer gjorde dessutan sitt til å styrkje oppsluttinga rundt kongekulten.

---

<sup>14</sup> Robins 1992; Roth 1999; Troy 1984; Sweeney 1993; Bryan 1984; Robins 1989; Robins 1994; Whale 1989; Baines 1983

<sup>15</sup> Szpakowska 2008, 6

<sup>16</sup> Assmann 2001, 170-171

<sup>17</sup> Dynasti 11 (2125-2055 f.v.t.)

<sup>18</sup> Hawass 2000, 20-21

<sup>19</sup> Parkinson 1991, 10

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Ved sida av kongekulten vaks det fram eit nytt tekstkorpus, dei såkalla Kistetekstane. Desse baserte seg rett nok på dei gamle Pyramidetekstane, men fekk i dette tidsrommet ein meir allmenn nytteverdi. Gjennom denne allmenngjeringa av religiøse tekstar byrja landet samle seg om felles religiøse idéar, og ikkje minst byrja daudekulten å få fotfeste. I den samanheng vart Abydos og Osiriskulten svært viktig.

Each person had a ba that survived death, left the body, and managed the posthumous journey into the divine realm. Each person became Osiris and followed the mythic precedent of the god. Participation in the festival of Abydos was the concrete crystallization point of all these concepts, hopes, and myths.<sup>20</sup>

Ved sida av dei religiøse endringane var det i denne perioden aukande grenseaktivitet, og då spesielt mot sør. Dette ser ein gjennom ei rekkje fort<sup>21</sup> som vaks fram på ei 400 km lang strekning mellom Kuban og Semna<sup>22</sup>, i tidsrommet mellom Senusret I (1956-1911 f.v.t.) og Senusret III (1870-1831 f.v.t.).<sup>23</sup> Bakgrunnen for denne aktiviteten var utan tvil den økonomiske vinninga i områda. Dei viktigaste varene frå Nubia var gull, elfenbein, ibenholt, dyr og slavar.<sup>24</sup> Desse varene skapte mykje av grunnlaget for kulturen som vaks fram i Egypt på denne tida.

Av anna aktivitet hevdar blant anna Grajetzki at Amenemhat I oppretta ei rekkje fort mot nordaust for å halde folk frå Palestina ute av Egypt. Han poengterer likevel, med utgangspunkt i invasjonen frå nordaust ved Mellomrikets slutt, at dette forsvarsverket ikkje kan ha hatt noko gjennomført prioritet.<sup>25</sup> Kanskje var formålet med desse grenseverka snarare kontroll og fortolling enn militære aksjonar? Det er eit velkjent fenomen at det i dette tidsrommet var ein gryande kommunikasjon og handel i området.<sup>26</sup>

2. Mellomperiode (1650-1550 f.v.t.), altså perioden mellom Mellomriket (2055-1650 f.v.t.) og Det nye riket (1550-1069 f.v.t.), var på lik line med 1. Mellomperiode (2160-2055 f.v.t.), prega av indre uro. Ein anna faktor som sannsynlegvis fekk store konsekvensar var invasjonen av folkeslaget *hyksos*.<sup>27</sup> Dette folkeslaget vart så mektig at dei danna sitt eige dynsti, dynasti 15 (1650-1550 f.v.t.), og styrte størstedelen av Egypt frå byen Avaris i Deltaet. Lokale fyrstehus gjorde gjentekne forsøk på å gjenvinne kongemakta, og til slutt var det fyrstehuset i Theben som klarte å jage hyksos ut av Egypt, og igjen samle landet under ein farao.

---

<sup>20</sup> Assmann 2001, 185

<sup>21</sup> Buhen, Shalfak, Uronarti, Mirgissa, Kumma, Askut og Semna

<sup>22</sup> Kemp 2006, 231

<sup>23</sup> McDermott 2004, 47

<sup>24</sup> Fields 2007, 42

<sup>25</sup> Grajetzki 2006, 133

<sup>26</sup> Ben-Tor 2008, 185-193

<sup>27</sup> Asiatisk stammefolk med utgangspunkt i Syria-Iran- området.

## 1.2.2 DET NYE RIKET (1550-1069 F.V.T.)

...The eventual success of the Thebans took a long time, with eighteen or so years a reasonable estimation...<sup>28</sup>

Utdrivinga av hyksos vart starta av Senqenenre II (1560?-1555 f.v.t.), via Kamose (1555-1550 f.v.t.), og fullført av Ahmose (1550-1525 f.v.t.). Både på grunn av fullføringa av borgarkrigen, og den påfølgjande starten til imperiet vert Ahmose rekna som grunnleggjaren av Det nye riket. Den lange og omfattande kriginga fekk dessutan djuptgåande konsekvensar for det egyptiske samfunnet.

...The wars against the Hyksos had produced an outlet for the military cast. The king's campaigns had heightened the nationalistic fervor of certain sectors of the state, in particular the elite centered in Thebes and the immediate zones north and south of the nome... Internally, the Theban kingdom of the late Dynasty XVII resembled a military politicized nation.<sup>29</sup>

Av dette forstår ein at byråkratiet som tidlegare i all hovudsak hadde bestått av skrifvarar og presteskap, fekk eit nytt og til tider utfordrande medlem, nemleg militæroffiserane. Med denne endringa er det ikkje vanskeleg å sjå at det politiske fokus endra seg.

Ei rekkje suksessrike krigarkongar utvida landegrensene både i Nubia og i Vesle-Asia. Eit system med klientstatar vart organisert, og desse måtte betale tributt for alliansen med Egypt. Storleiken på tributten varierte nok mykje avhengig av geografi og tid.

Frå Thotmose III (1479-1425 f.v.t.) såg ein for alvor dei økonomiske fordelane ved større kontroll over deler av Vesle-Asia.<sup>30</sup> Dessutan vart det stor grenseaktivitet mot nordvest kring Merenptah (1213-1203 f.v.t.) si regjeringstid, då ein koalisjon mellom Libya og det såkalla *sjøfolket* gjorde seg gjeldane, og for ein periode utgjorde ein seriøs trussel.

Dynasti 18 har dessutan ofte fått tilnamnet *formidably feminine*.<sup>31</sup> Shaw peikar på at Ahmose (1550-1525 f.v.t.) var svært ung ved Kamose (1555-1550 f.v.t.) sin død, og at dronningmora Ahhotep kan ha styrt som regent i heile elleve år før han var gamal nok til å ta kongerolla på alvor.<sup>32</sup> Tydinga av Ahhotep sin innsats under dette kritiske tidspunktet for det thebanske kongehuset kan ikkje overvurderast.

Kona til Ahmose (1550-1525 f.v.t.), Ahmose-Nefertari, vart dessutan tildelt tittelen *hemet netjer n jmen*, "Guden Amons kone". Embetet vart stadfesta juridisk saman med eigen

---

<sup>28</sup> Spalinger 2005, 23

<sup>29</sup> Spalinger 2005, 47

<sup>30</sup> Spalinger 2005, 115

<sup>31</sup> Lesko 1989, 101

<sup>32</sup> Shaw 2002, 212

## Kvinner i det gamle Egypt

---

administrasjon, gods og eigedom, og det var innehavaren av tittelen som disponerte eigedomar og makt fullt ut. Tittelen inneheldt reell makt, og førte til at Ahmose-Nefertari fekk ein svært viktig posisjon både under ektemannen Ahmose (1550-1525 f.v.t.), deira son Amenhotep I (1525-1504 f.v.t), og Thotmose I (1504-1492 f.v.t.) si regjeringstid.<sup>33</sup>

Forutan mange framtrekande dronningar hadde ein midtvegs i dette dynastiet ein kvinneleg farao, Hatshepsut (1473-1458 f.v.t.), som regjerte som farao i kring 15 år. Denne kvinna byrja sin karriere som dronning og "Guden Amons kone" under Thotmose II (1492-1479 f.v.t.). Ho avanserte til regent, på grunn av Thotmose III (1479-1425 f.v.t.) sin låge alder, og gjekk kort tid etter dette inn i rolla som farao.<sup>34</sup> At Hatshepsut klarte å halda på faraoembete over så lang tid kan sannsynlegvis grunnast med at slektskapet hennar var edlare enn Thotmose III sitt, og kanskje viktigare var kontaktnettet som tittelen "Guden Amons kone" hadde gjeve ho.<sup>35</sup>

Det skal seiast at fleire kvinner nådde faraoembetet, men spesielt for Hatshepsut er at ho kan matche kven som helst av dei mannlege faraoane i høve til prestasjonar. Ikkje berre bygde ho store og fantastiske byggverk, ho førte krig og leia ekspedisjonar til fjerne strøk. Dessutan kom ho til makta under stabile og rolige forhold, der ein mannleg tronfølgje var til stades. Dette er poeng som står i sterk kontrast til andre kvinnelege monarkar som mest sannsynleg kom til makta fordi ingen andre kandidatar var tilgjengelege.<sup>36</sup>

Velstanden som vaks fram under Det nye riket kan blant anna sjåast gjennom stor byggjeaktivitet. Fokuset låg på tempelkulten, og då i sær Amontempelet i Theben. Store delar av krigsutbyttet gjekk til dette tempelet som vaks til ein størrelse som sjølv i dag er unikt.

Det nye riket skil seg dessutan frå periodane før ved at det vaks fram eit profesjonalisert presteskap. Dessutan vart ulike religiøse aspekt, som til dømes forholdet mellom gud og gudar, problematisert gjennom det Assmann kallar ein teologisk diskurs.<sup>37</sup> Denne problematiseringa kom spesielt godt til syne gjennom Amon-Re-kulten i Theben.

...his role (Amon-Re) as supreme being not only places him in a new relationship to the other deities that ruptured all the constellations, but also related him directly to the world of humankind...<sup>38</sup>

---

<sup>33</sup> Robins 1993, 43-45

<sup>34</sup> Thotmose III regjerte frå 1479 til 1425 f.v.t., og Hatshepsut frå 1473 til 1458 f.v.t. Ein ser såleis at Hatshepsut ikkje regjerte aleine som farao, men snarare at ho var farao samstundes som Thotmose III. Konsensus er derimot i tvil om at Hatshepsut var den dominante av dei to, og den reele farao.

<sup>35</sup> Robins 1993, 71-78

<sup>36</sup> Bryan 1996, 30-35; Lesko 1989, 101

<sup>37</sup> For meir om den teologiske diskursen sjå Assmann 2001, 189-244; Baines 1991, 172-200

<sup>38</sup> Assmann 2001, 189

## Kvinner i det gamle Egypt

---

På denne måten vaks det fram ein ny dimensjon ved egyptisk religion. Ein dimensjon som opna for personleg kontakt mellom guden og kvart einskild individ, utan konge og tempelkult som mellomledd. Dessutan vart guden under Det nye riket ofte framstilt som dei fattige og hjelpelause sin gud.

...Amun, champion of the poor! You are the father of the motherless, the husband of the widow...<sup>39</sup>

På denne måten ser ein at religion, gjennom aksept for religiøs deltaking, kan ha medverka til at dei sosiale skilja mellom menneska i Egypt vart mindre synlege. Kanskje kan ein óg hevde at religion, i tråd med sitatet over, sette kvinner sine rettar på dagsordenen?

Klimaks for det egyptiske hegemoniet internasjonalt vart nådd under Amenhotep III (1390-1352 f.v.t.), medan eit vendepunktet vart ein realitet under Ramses II (1279-1213 f.v.t.).<sup>40</sup> Etter Ramses II gjekk det sakte men sikkert nedover. Ved sida av den internasjonale maktbalansen var kanskje konflikten til presteskapet i Theben ein av dei viktigaste grunnane til dette. Ved slutten av dynasti 20 (1186-1069 f.v.t) var landet nok ein gong prega av kaos, og starten på 3. Mellomperiode (1069-664 f.v.t.) var eit faktum.<sup>41</sup>

---

### 1.2.3 DET EGYPTISKE SAMFUNNET OG STRUKTURANE I DETTE

---

#### 1.2.3.1 JORDBRUKSSAMFUNN

Without the Nile and its annual inundation, Egyptian society would not have been able to reach the size and complexity witnessed throughout pharaonic times.<sup>42</sup>

Den egyptiske kalenderen er difor naturleg nok inndelt i tre årstider etter den årlige jordbrukssyklusen; overfløyning, vekstperiode, og innhausting. Kvar av desse årstidene var igjen oppdelt i fire månadar. Overfløyninga fann stad mellom september og desember, vekstperioden var mellom januar og april, medan innhaustinga fann stad mellom mai og august.<sup>43</sup> Gjennom denne syklusen er det ikkje vankeleg å forstå korleis bonden sitt arbeid var fordelt. Såinga tok til frå midten av oktober, og innhaustinga varte frå mai til juni. Ein oppbevarte avlingane i store statlege kornmagasin som gjorde faren for sultkatastrofar mindre.<sup>44</sup>

---

<sup>39</sup>Assmann 1975, no. 147

<sup>40</sup>Shaw 2002, 481

<sup>41</sup>Hawass 2000, 21-22; Shaw 2002, 218-313

<sup>42</sup>Meskel 2002, 23

<sup>43</sup>Spalinger 2001, 224

<sup>44</sup>Strauss-Seeber 1997, 377-380

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Ved sida av kornproduksjonen produserte bøndene mange ulike frukt- og grønnsakstypar. Dei hadde husdyr og dreiv fiske. Dessutan må distribusjon av tømmer og anna brennbart materiale ha vore viktige næringar; tømmer som reisverk, og anna brennbart materiale som varmekjelde ved produksjon av keramikk og metallgjenstandar. Alle desse produkta hadde sine særskilde skattesatsar som vart innkrevd av utnemnde oppsynsmenn, og dei som ikkje betalte skatt kunne vente seg streng straff.<sup>45</sup>

Bakgrunnen for skatteoppkrevjinga var at alt i heile Egypt var farao sin eigedom.<sup>46</sup> Kongen fordelte drifta av eigedomane, underlagt den sterkt sentraliserte statsadministrasjonen, blant tempel og sine mest trofaste embetsmenn. Dessutan vart det vanleg at soldatar, under Det nye riket (1550-1069 f.v.t.), fekk jord etter endt militærtjeneste. Jorda var, ifølgje Strauss-Seber, inndelt i forvaltningseiningar, kor kvar eining utgjorde landsbyar med tilliggjande jordbruksannlegg underlagt ein overoppsynsmann.<sup>47</sup>

---

### 1.2.3.2 SAMFUNNET SIN OPPBYGGING

Det gamle Egypt opplevde ein stabil folkevekst. Andreu hevdar innbyggjartalet meir enn dobla seg, frå kring 850.000 til to millionar, i tidsrommet frå Det gamle riket (2686.2160 f.v.t.) og fram til Det nye riket (1550-1069 f.v.t.).<sup>48</sup> Kemp hevdar dessutan at folketalet kan ha nådd fem millionar i løpet av Det nye riket.<sup>49</sup> Av desse tala hevdar Meskell 42 prosent var born<sup>50</sup>, det vil i følgje Janssen og Janssen seie personar under 10 år.<sup>51</sup>

Ved sida av ein konkret folkeauke hevdar blant anna Meskell at det demografiske tyngdepunktet var i endring. Frå tidlegare å ha vore i sjølve Nildalen vaks Deltaet etter kvart fram som det demografiske tyngdepunktet.<sup>52</sup> Ikkje berre fordi egyptarar flytta dit, men òg fordi folk frå Libya og Levanten i all hovudsak slo seg ned der. Såleis vart Deltaet, i veksande grad frå Mellomriket (2055-1650 f.v.t.), men kanskje spesielt frå Det nye riket (1550-1069 f.v.t.), eit langt meir interkulturelt samfunn samanlikna med resten av Egypt. Øvre Egypt kan såleis seiast å ha hatt ein meir konstant kultur og folketettleik samanlikna med Deltaet.

---

<sup>45</sup> Strauss-Seeber 1997, 377-382

<sup>46</sup> Eyre 1987, 203-212

<sup>47</sup> Strauss-Seeber 1997, 383

<sup>48</sup> Andreu 1997, 2

<sup>49</sup> Kemp 1989, 10

<sup>50</sup> Meskell 2002, 52

<sup>51</sup> Janssen and Janssen 2007, 76-96

<sup>52</sup> Meskell 2002, 26



## Kvinner i det gamle Egypt

---

Samfunnet var sterkt hierarkisk. Hollis har delt samfunnet opp i tre grupper; kongefamilie, elite, og vanlege menneske.<sup>53</sup> Brier og Hobbs deler óg det egyptiske samfunnet i tre, men då som hoffet, frie menneske og ufrie menneske. Hoffet bestod av kongefamilien og nokon hundre funksjonærar, beståande av embetsmenn, prestar, soldatar og sivile, som tok seg av administrasjonen rundt konge og stat.<sup>54</sup>

Brier og Hobbs hevdar frie menneske, både mann og kvinne, hadde to definerte rettar; dei hadde rørslefridom og kunne inngå kontraktbaserte avtalar med andre frie menneske etter eige ønskje.<sup>55</sup>

Meskeill påpeikar at det er ei vanleg misforståing blant folk i dag at menneska i antikke samfunn hadde små høve til å flytte på seg. Ho hevdar mange kjelder er klare vitnesbyrd på at reising og geografisk forflytting ikkje var uvanleg.<sup>56</sup>

Brier og Hobbs antyder at opp mot 50 prosent av befolkninga kan ha tilhøyrd kategorien ufrie menneske. Grovt sett kan ein dele denne kategorien i to; tenestefolk og slavar.<sup>57</sup>

Tenestefolk utgjorde størstedelen av denne kategorien og var i mange tilfeller ”liveigne” som tilhøyrd jordeigedomane dei dyrka<sup>58</sup>. Dei fleste egyptarar hadde status som ”liveigne” og var i arbeid på stats- og tempeljord. Ved sida av jordstykket dei hadde bruksretten til var desse menneska bundne til ei større eining. Strauss-Seber hevdar dessutan at desse ved jamne mellomrom måtte ta del i felles arbeid over heile eininga etter ordre frå overoppsynsmannen.<sup>59</sup>

Grappa av tenestefolk utgjorde fleire enn berre ”liveigne”. P. Gurob II.1 gjer det i den samanheng klart at frie menneske i eit avgrensa tidsrom kunne fungere som tenestefolk mot betaling.<sup>60</sup> Såleis ser ein at det å vera tenestefolk likegodt kunne vera eit yrke som ein sosial markør.

Slaveriet i det gamle Egypt har ein lang og uavklart historie innan fagmiljøet, alt frå dei som hevdar slaveri ikkje eksisterte til dei som hevdar at folk flest var slavar. Kemp summerer greitt opp konsensus i fagmiljøet:

---

<sup>53</sup> Hollis 1987, 499

<sup>54</sup> Brier and Hobbs 2008, 76-78

<sup>55</sup> Brier and Hobbs 2008, 78-80

<sup>56</sup> Meskeill 2002, 51

<sup>57</sup> Brier and Hobbs 2008, 78-81

<sup>58</sup> Strauss-Seeber 1997, 383

<sup>59</sup> Strauss-Seeber 1997, 383

<sup>60</sup> For meir om sjølve kjelda sjå s.70



## Kvinner i det gamle Egypt

---

If we keep to the niceties of legal language then we must admit in the Egyptian case a lack of evidence that the large labour force for pyramid building consisted of people who were owned as pieces of property by the king and to whom the term translatable as “slave” was applied. As actual experience, however, the two categories – of slavery and conscription – overlap.<sup>61</sup>

Det skal seiast at egyptologar flest er samde om at talet på slavar, etter dagens definisjon, var generelt lågt i det gamle Egypt. Fyrst under Det nye riket (1550-1069 f.v.t.), når imperiet for alvor byrja bringe heim krigsfangar, byrja denne gruppa å vokse.<sup>62</sup>

Som ein kan forstå av dette må det ha vore individuelle variablar knytt til fridomen til kvart einskild menneske. Det vert difor, slik eg ser det, vanskeleg å utforme så grove skilje som blant anna Brier og Hobbs har gjort. Dessutan var dei ulike sosiale gruppene langt frå lukka, og det var ikkje uvanleg med bevegelse både opp og ned i det sosiale hierarkiet. Dette kunne blant anna skje gjennom yrke, ekteskap og adopsjon. Til dømes hevdar Kemp at teneste i den egyptiske hæren vart lønna gjennom frigjering.<sup>63</sup> Den vanlegaste orsaka for bevegelse nedover var gjennom straff for gjeld og kriminelle handlingar.<sup>64</sup>

---

### 1.2.3.3 STATEN

I følgje Brier og Hobbs såg egyptarane på farao som folket, og landet, sin vernar. Ro, orden og framgong i samfunnet var avhengig av total lydnad ovanfor han. Bakgrunnen for dette var kongen si rolle som bindeledd mellom gudar og menneske. Ikkje berre var han menneska sin talsmann ovanfor gudane, han kunne òg påverke gudane sine avgjersler gjennom si eiga guddommelege rolle.<sup>65</sup>

Derimot kunne ikkje farao drive statsadministrasjonen aleine. Brier og Hobbs seier:

No society ever employed such a high percentage of civil servants, and no society so often and so publicly praised its government officials, rather than complaining about them.<sup>66</sup>

Statsadministrasjonen var organisert i fire hovudbolkar; hoffet, militæret, presteskapet og den sivile administrasjon.<sup>67</sup> Dei fire bolkanane var oppdelt hierarkisk, der dei ulike posisjonane ofte gjekk i arv frå far til son. Dette hierarkiet utgjorde ei lang rekkje av autoritet, der farao sine avgjersler måtte gjennom mange ledd før dei nådde sine mål.

---

<sup>61</sup> Kemp 2006, 180

<sup>62</sup> Brier and Hobbs 2008, 80-81

<sup>63</sup> Kemp 2006, 33

<sup>64</sup> Brier and Hobbs 2008, 81

<sup>65</sup> Brier and Hobbs 2008, 65

<sup>66</sup> Brier and Hobbs 2008, 71

<sup>67</sup> Sjå figur 7-2 i vedlegget.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Government's overriding principle was that an Egyptian citizen should receive his distant pharaoh's orders from a local person whom he knew and respected.<sup>68</sup>

Staten vart, i følgje Baines, styrt av ei samansveisa gruppe på eit par hundre personar, den absolutte eliten i samfunnet. Alle var menn, og far til neste elitegenerasjon. Trass i at eliten ikkje var ei lukka gruppe, var det born av denne gruppa som hadde størst sjanse for å nå dei høgste embeta. Kjernen av eliten kan saman med sine familiar ha talt 2000-3000 personar.<sup>69</sup>

Forutan den absolutte elite, var kring 5000 fleire lese- og skriveføre personar knytt til statsadministrasjonen gjennom lågare embete. Såleis hevdar Baines at færre enn 50.000 personar sjølv var, eller hadde familie tilknytt statsadministrasjonen. Av Baines sine utrekningar utgjorde dette tre til fem prosent av det samla innbyggjartalet.<sup>70</sup>

---

### 1.2.3.4 DET JURIDISKE SYSTEM

Det juridiske system i det gamle Egypt er lite kjent for oss. Dette har den enkle forklaring at det i liten grad er overlevert kjelder som gjev innblikk i dette systemet. Ei samling rettsdokument frå dei store gravtjuveria, under Det nye riket, er dei einaste dokumenta som avslører ei statleg etterforsking. Til gjengjeld inneheld desse dokumenta lange og utførlige referat som gjev eit godt inntrykk av korleis ein rettsprosess kunne gå for seg.<sup>71</sup>

Det som har gjeve oss best innblikk i rettsvesenet er derimot kjelder frå den lokale domstolen, *kenbet*, i Deir el-Medina. Frå denne er det mogleg å få eit omriss av rettssystemet. Små fragment frå andre lokalitetar indikerer at eit liknande system har eksistert der òg.<sup>72</sup>

Rettsdokumenta frå Deir el-Medina vitnar om at dei fleste høyringane var knytt til ei eller anna form for usemje. Det vera seg arvestrid, familiefedar eller kriminalitet, der det var behov for ein tredjepart til å ta stilling til problemstillinga. Toivari-Viitala hevdar dessutan at kjønn ikkje var av tyding for utfallet av ei høyring, verken i forhold til konkrete saker eller i eit makthierarki beståande av menn og kvinner. Det som var avgjerande var kva tredjeparten avgjorde til å vera akseptert åtferd eller ikkje.<sup>73</sup>

Angående den lokale domstolen si samansetjing seier McDowell at denne varierte frå gang til gang. Likevel utgjorde dommarkollegiet i dei aller fleste tilfella landsbyen sine øvste

---

<sup>68</sup> Brier and Hobbs 2008, 72

<sup>69</sup> Baines 1991, 132

<sup>70</sup> Baines 1991, 132

<sup>71</sup> McDowell 1990, 189

<sup>72</sup> McDowell 1990, 143

<sup>73</sup> Toivari-Viitala 1997, 154-156

## Kvinner i det gamle Egypt

---

borgarar. Det vil seie skivarar og sjefane i dei ulike arbeidsgruppene. Ved tilfeller der staten hadde særskilde interesser kunne representantar frå statsadministrasjonen, utsendt av visir som øvste juridiske mynde, vera til stades.<sup>74</sup> Det er derimot ikkje klårt kor vidt *kenbet* har hatt nokon oppgåver utover det reint høyringsmessige. Som eg kjem inn på seinare er det grunn til å stille spørsmål ved kor vidt denne lokale varianten hadde mynde til å utføre strafferett, eller om straffrett hørde til på statleg nivå.

Problemet med det statlege rettssystemet var at statlege interesser vart teken hand om direkte, utan høyringar. Difor vert skilja mellom administrative avvegingar, rettsleg utøving og tvang, ovanfrå og ned, diffuse og i verste fall umogleg å skilje.

...when the "state" wanted to seek out and punish the offenders, it bypassed the local court altogether and protected its interests directly.<sup>75</sup>

---

### 1.2.3.5 FAMILIEN

Janssen og Janssen hevdar ein ikkje har funne spor etter sterke familiegrupperingar i det gamle Egypt. Bakgrunnen for dette hevdar dei er å finne i at sterke slektskapsband ikkje passa godt overeins med krava frå ein byråkratisk stat som det gamle Egypt. Likevel seier dei to at egyptarane sette familien høgt, og at både mannen og kvinna si side av familien, i prinsippet, var likt verdsett.<sup>76</sup> Toivari-Viitala derimot hevdar slektskapsband var av dei viktigaste strukturane i samfunnet. Desse hevdar ho kom til syne gjennom gjensidig omsorg og forpliktingar ovanfor kvarandre.<sup>77</sup>

I fagmiljøet er ein aldri vorte samde om korleis ekteskap vart inngått. Sidan det ikkje eksisterte ei religiøs handling som stadfesta forholdet mellom mann og kvinne<sup>78</sup>, er det vanskeleg å skilje kva som var og kva som ikkje var ekteskap. Manniche hevdar derimot at dei juridiske rettane til ei gift kvinne var klårare enn for ei konkubine.<sup>79</sup> Kva var det så som utgjorde den store forskjellen mellom ei kone og ei konkubine? Kan det ha vert status og aksept frå familie? Janssen og Janssen hevdar val av partner var heilt og halde opp til dei to partane dette gjaldt. Dei to vedgår likevel at økonomi og politikk kan ha spelt ei rolle blant dei øvre sosiale lag.<sup>80</sup> Dette siste vil vera i tråd med eit langt meir konservativt syn på ekteskap,

---

<sup>74</sup> McDowell 1990, 143-186

<sup>75</sup> McDowell 1990, 187-189

<sup>76</sup> Janssen and Janssen 2007, 171

<sup>77</sup> Toivari-Viitala 2001, 201

<sup>78</sup> Bryan 1996, 36

<sup>79</sup> Manniche 1987, 20-21

<sup>80</sup> Janssen and Janssen 2007, 171

## Kvinner i det gamle Egypt

---

der kvinner berre var brikker i eit spel.<sup>81</sup> Det skal seiast at Schulman byggjar sine konklusjonar på kongefamilie og elite, og såleis ikkje nødvendigvis stemmer overeins med forholda hjå folk flest. Pestman legg til ein tidsvariabel her, og hevdar inngåing av ekteskap under Det nye riket (1550-1069 f.v.t.) var ei handling bestemt av mann og kvinna sin far, men at kvinner ser ut til å ha overtatt far sin posisjonen under Seindynastisk tid (664-332 f.v.t.).<sup>82</sup>

Janssen og Janssen snakkar dessutan om to ulike former for familiar: det vi kallar utvida familie der fleire generasjonar budde samla, og kjernefamiliar som berre bestod av foreldre og born.<sup>83</sup> Toivari-Viitala viser til forskning gjort av Valbelle (1985) på 30 hushald i Deir el-Medina der eit par hadde fire born, fem par hadde tre born, ein mann hadde tre born, seks par hadde to born, sju par hadde eit barn, fire par var barnelause, og seks var ungarshushald.<sup>84</sup> Frå desse tala ser ein at familiare var små og i snitt hadde 1-2 born kvar. Når det gjeld Deir el-Medina må det seiast at denne landsbyen var skipa med ei hensikt, og slik eg ser det er det sannsynleg at dei som budde der var tekne ut av sine ordinære utvida familiar. Såleis ser eg kjernefamiliar som ein anomali i høve til regelen. Dette stemmer godt overeins med Baines, som hevdar familiar på det jamne var store. I følgje han var det dessutan ikkje unormalt at ein mann hadde fleire koner med kvar sine born, og at enker, utviklingshemma, gamle, slavar og tenestefolk budde i same hushald.<sup>85</sup>

Når det gjeld kjønnsrollemønsteret er fagmiljøet langt frå samstemt. Molseth peikar på funn ved arkeologiske utgravingar som indikerer at kvinner si hovudrolle var knytt til graviditet og oppdraging, og at idealkvinna var passiv og underkasta mannen.<sup>86</sup> Troy sitt syn er ikkje så negativt, men ho er likevel einig i kva som var kvinna si hovudrolle.

Men and women relate to each other as members of one family. Their relationship is structured in terms of family roles and thus the feminine prototype consists of these roles given a mythic perspective. In each of its aspects, the purpose of the feminine prototype is clearly to generate new life, to provide the cyclical continuum that ensures the renewal of the life force in the family, and the resurrection of the individual. The structure of the family is significant in the process of regeneration. ... The role of the feminine prototype, as medium of renewal, is given symmetrical expression in the generational roles of mother, wife, sister and daughter.<sup>87</sup>

Robins peikar dessutan på at nokre av elitehusa kan sjå ut til å ha vore todelt. Hennar teori er ein mogleg kjønnsseparasjon, der kvinna sitt område var innerst, medan mannen sitt lenger

---

<sup>81</sup> Schulman 1979

<sup>82</sup> Pestman 1961, 11-13

<sup>83</sup> Janssen and Janssen 2007, 171-183

<sup>84</sup> Toivari-Viitala 2001, 190

<sup>85</sup> Baines 1991, 134

<sup>86</sup> Molseth 2007, 22

<sup>87</sup> Troy 1986, 50

## Kvinner i det gamle Egypt

---

ute.<sup>88</sup> I følge Endruweit hadde boligane, i til dømes Deir el-Medina, ei standardisert tredelt utforming; Etter ein gang fulgte eit stort opphaldsrom, som både var opphaldsrom og soverom, og bak i huset var kjøkken og lager med direkte tilgang til kjøkkenhage.<sup>89</sup> Slik eg ser det, kan bustadane si oppbygging ha ei logisk forklaring utan nødvendigvis å seie noko om kva for kjønn som opphaldt seg kor, men snarare kva funksjon dei ulike delane av boligen hadde.

Når det kjem til tolkinga av dei ikonografiske framstillingane er fagmiljøet todelt. Det som talar for at kvinner si rolle var knytt til heimen og underkasta mannen, er deira lyse hudfarge samanlikna med menn, dessutan óg storleik og aktivitet til dei to kjønna.<sup>90</sup> Casson hevdar dessutan at ikonografien framstiller menn og kvinner skilt frå kvarandre<sup>91</sup>, medan Robins meiner det berre var ugifte som vart avbileta separat.<sup>92</sup> Andre igjen hevdar at mengda av kvinner i ikonografien frå Det nye riket, og det faktum at kledda vart langt meir funksjonelle enn tidlegare, gjer at kvinner si rolle kjem meir til sin rett enn tidlegare.<sup>93</sup>

Johnson legg dessutan til eit viktig skilje. Ho hevdar det fyrst og fremst var elitefamiliane som var prega av kjønnsroller, medan det ikkje var uvanleg at kvinner frå andre sosiale lag hadde arbeid utanfor heimen.<sup>94</sup> Dette stemmer godt overeins med Brier og Hobbs, som hevdar at kjeldene frå lågare sosiale lag viser eit anna kjønnsrollemønster enn kjeldene frå eliten. Dei visar til ei meir harmonisk arbeidsdeling der baa kjønn tok del i dei ulike sidene ved jordbruksarbeidet.<sup>95</sup> Molseth seier derimot det stikk motsette, og hevdar kjønnsrolledelinga var enda sterkare blant dei lågare klassane.<sup>96</sup>

Kontrastane i sekundærlitteraturen kan tyde på to ting. Enten stammar kjeldene ein byggjer sine slutningar på frå ulike tidsperiodar som i seg sjølv er vesensforskjellige, eller så er det avgjerande kven som har laga kjeldene og med kva formål. Det er dessutan ikkje umogleg at ikonografi og religion speglar gjeldande samfunnsideal snarare enn korleis forholda mellom dei to kjønna faktisk var. Kanskje kan eg, i løpet av denne oppgåva, gjennom bruk av meir kvar dagslige kjelder som brev og rettsdokument, få eit betre bilete av korleis kjønnsrollemønsteret var.

---

<sup>88</sup> Robins 1993, 99

<sup>89</sup> Endruweit 2001, 390

<sup>90</sup> Johnson 2009, 83

<sup>91</sup> Casson 2001, 31

<sup>92</sup> Robins 1993, 99

<sup>93</sup> Baines and Málek 1984, 204

<sup>94</sup> Johnson 2009, 82

<sup>95</sup> Brier and Hobbs 2008, 86-90

<sup>96</sup> Molseth 2007, 26

## 1.3 STRUKTUREN I OPPGÅVA

Oppgåva vil følgje ein naturleg progresjon og er såleis inndelt i fem delar; innleiing, analyse av kvar einskild kjelde, komparasjon, forklaringar og konklusjon.

Den komparative delen er bygd opp både kronologisk og tematisk. I kapitel 2.3 og 2.4 der eg analyser ei og ei kjelde kjem kjeldene i kronologisk rekkjefølgje. Eg prøver óg, så godt det er mogleg, å følgje ein fast mal under gjennomgangen av kvar enkelt kjelde. Kapitel 2.3.3 og 2.4.3 er delkonklusjonar som oppsummerar tematisk dei viktigaste momenta frå kvar sin periode. Kapitel 2.5 er sjølve komparasjonen og samanliknar dei viktigaste momenta frå delkonklusjonane. Kapitlet er inndelt tematisk etter tema i delkonklusjonane. Det vert i alle ledd viktig å supplere med sekundærlitteratur og andre aktuelle kjelder som kan klårgjera enkelte veikskapar i drøftingane mine.

Forklaringsdelen tek sikte på å forklare variablar mellom dei to periodane. Eg vil i denne delen velje ut nokre få faktorar som eg går nærare inn på med utgangspunkt i sekundærlitteratur.

Konklusjonen vil få fram konklusjonane frå komparasjonen og setje desse i samanheng med moglege faktorar frå forklaringsdelen.

## 1.4 FORKORTINGAR

AM	Ashmolean Museum, London
BES	Bulletin of the Egyptological Seminar, New York.
BIFAO	Bulletin de l'Institut Francais d'Archéologie Orientale, Le Caire
BM	British Museum
DFIFAO	Documents de Fouilles, Institut Francais d'Archéologie Orientale du Cairo
DM	Deir el-Medina
LRL	Late Ramesside Letters
O.	Ostraka (potteskår)
P.	Papyri
PMMA	Publications of the Metropolitan Museum of Art, New York
TT	Theben Tombs
UC	University College, London

## 1.5 TEIKNFORKLARINGAR

Single klammer [ ] rammar inn tekst som manglar og er rekonstruert.

Vinkelklammer < > rammar inn tekst som er gløymt/utelate av skrivar.

Parantesar ( ) rammar inn tilføyingar som ikkje høyrer heime i orginalteksten. Vert tilført for å gjera teksten gramatisk lesbar.

Tre prikkar ramma inn av single klammer [...] tyder at tekst manglar og ikkje er mogleg å rekonstruere.

Spørsmålsteikn i parantesar (?) tyder at oversetjinga er usikker eller gjev lita meining.

Tre prikkar ... tydar at eg har fjerna tekstdelar som er mindre viktige i samanhengen.

## 2 KJELDENE

### 2.1 KVANTITATIV ANALYSE

Kjeldekorpuset frå det gamle Egypt spreiar seg over heile 3000 år. No er det derimot ikkje slik at korpuset spreiar seg jamt utover. Størstedelen av dei skriftlege kjeldene som avslørar noko om kvardagslivet i det gamle Egypt er frå to landsbyar, nemleg Lahun og Deir el-Medina. Dei to landsbyane representerer kvar sin tidsperiode, Lahun - Mellomriket og Deir el-Medina - Det nye riket. Dei to har både fellesnemnarar og ulikskapar. Det vert difor i denne delen av oppgåva viktig å få reie på forholda rundt desse to landsbyane, kor vidt kjelder frå bestemte stadar kan samanliknast, kva premissar det må gjerast på, og kva kjeldene me har tilgjengeleg faktisk kan seie oss om generelle forhold i det gamle Egypt, om dei i det heile kan det.

#### 2.1.1 MELLOMRIKET – LAHUN

Mellomriket sitt viktigaste bidrag til vår forståing av kvardagsliv i det gamle Egypt er levningane frå landsbyen *Hetep-Senusret*, som tyder "Senusret er nøgd". Landsbyen ligg ved inngangen til Fayumoasen og vert i dag kalla Lahun.<sup>97</sup> Landsbyen er unik, ikkje berre på grunn av dimensjon og formål, men óg fordi den gjev oss eit innblikk i eit kongeleg gravkompleks og kvardagslivet rundt dette.<sup>98</sup>

Landsbyen Lahun vaks fram under Senusret II (1877-1870 f.v.t.)<sup>99</sup> sitt byggjeprojekt i dette området. Dette fordi bygginga av kongen sin pyramide, samt liknande konstruksjonar til hans næraste familie og høgste embetsmenn, og dessutan tempel til konge- og gudekult førte til eit enormt forbruk av ressursar. Såleis var det naturleg at ein landsby vaks fram med alt det innebar. Der budde arbeidarane til dei store byggjeprojekta, samt mange andre yrkesgrupper i kjølvatnet av kongekulten; tempelpersonell, embetsmenn, ulike handverkarar, tekstilprodusentar, kokkar, soldatar og så vidare.<sup>100</sup>

Det skal her seiast at det er usikkert kor vidt landsbyen var typisk for si samtid. I staden for at landsbyen var kjernen i bondesamfunnet, utgjorde Lahun kjernen for arbeidarane knytt til kongekulten. På ei anna side skal ein ikkje sjå vekk frå at det var dei lokale bøndene som

---

<sup>97</sup> Szpakowska 2008, 8

<sup>98</sup> Parkinson 1991, 10; Quirke 2005, 1

<sup>99</sup> Shaw 2002, 480

<sup>100</sup> Szpakowska 2008, 8



## Kvinner i det gamle Egypt

---

utgjorde arbeidskrafta til kongen sine byggjeprojekt, og såleis er det mogleg at Lahun likevel var ein typisk landsby.

Etter Senusret II sin død fullførte Senusret III (1870-1831 f.v.t.)<sup>101</sup> faren sitt byggjeprojekt. Senusret III flytta i dette tidsrommet store delar av statsadministrasjonen til landsbyen som etter kvart vaks til ein by med ein stad mellom 5.000 og 10.000 innbyggjarar.<sup>102</sup> Dette tyder at dei absolutte samfunnstoppene, i alle fall svært regelmessig, var fysisk til stades i byen. Etter ein periode på cirka 100 år vart landsbyen fråflytta, og har legi urørt fram til vår tid. Kvifor er uvisst.<sup>103</sup>

Collier & Quirke (2002, 2004) har publisert alt som er av skriftlege kjelder frå Lahun. Av denne samlinga fordeler sendar og mottakar av brev seg slik: 95 mellom menn, to frå mann til kvinne, og eit frå kvinne til mann.<sup>104</sup> Dei tre breva, som syner kvinner sine personlege relasjonar, kan gje eit inntrykk av korleis kvinner si rolle i det offentlege var; dei viser kvinner i administrative leiarroller, og kvinner med ei personleg meining om realitetar knytt til rettsvesenet. Det går ikkje fram av breva kva forhold kvinnene hadde til mennene dei kommuniserte med. Såleis er det vanskeleg å seie konkret kor langt kvinner sine personlege relasjonar strakk seg. Var mennene i slekt med kvinnene speglar dei kvinnene i den private sfære – i og kring hushaldet, medan mangel på slektskap speglar kvinner si rolle i den offentlege sfære – uavhengig av hushaldet.

Rettsdokument er det langt færre av samanlikna med tilfanget av brev. I dei samla kjeldeutgjevingane til Collier & Quirke finn ein alt i alt 14 rettsdokument frå Lahun. Av desse har berre to kvinner som deltakande part.<sup>105</sup> Dei er baae testament og omhandlar såleis først og fremst arv. Baae testamenta er diktert av menn, og gjev såleis eit inntrykk av dei sosiale realitetane knytt til arv og disponering av eigedom, frå mannen sin ståstad.

---

### 2.1.2 DET NYE RIKET – DEIR EL-MEDINA

Landsbyen som per i dag er den viktigaste kjelda til kvardagsliv i det gamle Egypt er arbeidarlandsbyen *Set-Maat* – ”Sanninga sin stad”, i dag kalla Deir el-Medina. Landsbyen vart grunnlagt tidleg i dynasti 18, moglegvis så tidleg som under Amenhotep I (1525-1504

---

<sup>101</sup> Shaw 2002, 480

<sup>102</sup> Kemp 2006, 211-221

<sup>103</sup> Szpakowska 2008, 14

<sup>104</sup> Collier and Quirke 2002

<sup>105</sup> Collier and Quirke 2004, 99-124

## Kvinner i det gamle Egypt

---

f.v.t).<sup>106</sup> Landsbyen sin glansperiode var mellom dynasti 19 og 20, då innbyggjartalet kan ha nådd 400.<sup>107</sup>

Den mannlege delen av innbyggjarane var med få unntak knytt til utsmykkinga av gravkammera i "Konganes dal" og "Dronninganes dal". Utsmykkinga var av biletleig og skriftleg karakter. Konsensus av egyptologar hevdar arbeidarane sitt yke kan forklare grunnen til at landsbyen hadde så høg prosent av skrivekyndige, og at eit så stort tal skriftlege kjelder har overlevd frå landsbyen. Desse kjeldene har gjeve oss eit unikt innblikk i ein tidsperiode på cirka 400 år.

Kjeldene seier lite om verda utanfor landsbyen, men er snarare retta mot kvardagslege problemstillingar; Fokus er for det meste retta mot arbeidsorganisering, økonomi, samfunn, utdanning, juss og religion.<sup>108</sup> Såleis ser ein at dei fleste sidene av kvardagslivet til ein arbeidar er representert.

Sweeney (1993) har publisert ein oversikt over alle brev frå Deir el-Medina. Av denne samlinga fordeler sendar og mottakar seg slik: 404 mellom menn, 39 frå mann til kvinne, 18 frå kvinne til mann, eit frå kvinne til eit orakel, seks mellom kvinner, og to frå kvinne til ukjent mottakar. Av desse breva hevdar Sweeney at 1/3 er mellom familiemedlemar.<sup>109</sup>

Brevkorpuset kor kvinner har ei rolle kan ein grovt dela i to hovudgrupper; Ei gruppe som omhandlar omsorg, ansvarsfordeling, tenesteytingar og konflikhtar i den private sfæren, og ei anna som omhandlar kvinner si rolle i det offentlege. Det store talet på brev der kvinner har ei aktiv rolle skapar større nyanseforskjellar, alt frå kvinner sine arbeidsoppgåver til det sosiale forholdet blant kvinner og mellom dei to kjønna.

Når det gjeld ein samla oversikt over rettsdokument frå Det nye riket er det næraste ein kjem Allam sitt verk "Urkunden zum Rechtsleben im alten Ägypten; Hieratische Ostraca und Papyri aus der Ramessidenzeit". Samlinga er ikkje fullstendig, men er likevel eit godt utgangspunkt for denne typen analyse. Ikkje berre sidan det er den einaste samlinga av ein slik storleik, men óg fordi formålet med samlinga ikkje er retta mot bestemte problemstillingar, men snarare å skape ei generell forståing for korleis rettssystemet fungerte under Det nye riket.

---

<sup>106</sup> Lesko 1994, 7

<sup>107</sup> Wentz and Meltzer 1990, 132

<sup>108</sup> Lesko 1994, 1-8

<sup>109</sup> Sweeney 1993, 523

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Samlinga til Allam består alt i alt av 284 dokument. Talet på dokument som kvinner er med i er på heile 79.<sup>110</sup> Det vil seie at kvinner har ei deltakande rolle i 27,8 prosent av dokumenta.<sup>111</sup> Tematisk består samlinga av testament med både mannlege og kvinnelege eigarar, arbeidsavtalar, referat frå rettshøyringar med kvinner som skulda part, klagar, vitne og dommar. Korpuset kor kvinner har ei deltakande rolle skal, slik eg ser det, kunne gje oss eit nyansert inntrykk av korleis kvinner sin omgang med rettssystemet faktisk var. Dette nettopp fordi desse dokumenta er levningar frå verkelege hendingar kor kvinner hadde ei aktiv rolle.

---

### 2.1.3 KJELDENE SIN REPRESENTATIVITET

Lahun og Deir el-Medina har gjeve viktig kunnskap om kvardagslivet i det gamle Egypt på ein måte ingen andre landsbyar frå desse periodane har gjort. Det er difor viktig å hugse på at tal og informasjon som kjem fram av desse kjeldene ikkje nødvendigvis er representative for alle stadar i Egypt. Dei er fyrst og fremst representative for staden dei stammar frå. Som Meskell seier, var livet i byane eit heilt anna enn livet på landsbygda<sup>112</sup>, dessutan kan det diskuteras kor vidt Lahun og Deir el-Medina hadde innslag av jordbruk som landsbyar flest hadde. Likevel må ein, om ein skal kunne seie noko i det heile, anta at kjeldene frå bestemte stadar, i alle fall på enkelte områder, speglar generelle forhold og trendar.

Egyptologen Ventura hevdar innbyggjarane i Deir el-Medina overhovudet ikkje var i kontakt med resten av Egypt.<sup>113</sup> Skulle det vera tilfellet at landsbyen var avskåre frå resten av samfunnet, er den lite representativ for resten av Egypt. Dette synspunktet representerer derimot ikkje konsensus blant egyptologar. Desse hevdar Deir el-Medina var ein typisk egyptisk landsby, med interaksjon med andre stadar i Egypt og tilliggjande land.<sup>114</sup> Sidan Ventura si tolking er noko kontroversiell i fagmiljøet vel eg å støtte meg til konsensus. Det er likevel vert å merke seg Ventura si tolking, og at ingen, trass enkelte kjelder som talar i mot denne, kan avvise teorien hans fullstendig.

Dei viktigaste fellesnemnarane mellom dei to landsbyane er at dei vaks fram med utgangspunkt i kongekulten, at dei hadde relativt kort levetid, og har legi urørt etter dette. Den største forskjellen er fyrst og fremst tidspunkt, storleik og det sosiale mangfaldet i dei to

---

<sup>110</sup> Allam and Černý 1973

<sup>111</sup> Det skal seiast at samlinga til Allam og Černý inneheldt både brev og rettsdokument som belyser dei rettslege prosessane. Eg har i denne oversikten ikkje skilt mellom dei ulike kjeldetypane.


<sup>112</sup> Meskell 2002, 17

<sup>113</sup> Ventura 1986, 175-179


<sup>114</sup> McDowell 1994, 41-59

## Kvinner i det gamle Egypt

landsbyane. Lahun var ein langt meir kulturelt samansett landsby samanlikna med Deir el-Medina.



Figur 2-1 Sendar- og mottakaroversikt i korpuset av brev frå Lahun.



Figur 2-2 Sendar- og mottakaroversikt i korpuset av brev frå Deir el-Medina.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Den mest i augefallande forskjellen mellom dei to periodane er det samla kjeldetilfanget. Blant anna er det fem gangar så mange brev frå Deir el-Medina som frå Lahun. Dette skapar eit statistisk problem som ein er nøydd å ta høgde for når ein samanliknar kjeldekorpuset frå dei to landsbyane. Det er viktig å spørje seg kvifor det er slik. Har avstanden i tid ført til at fleire dokument frå Lahun samanlikna med Deir el-Medina er gått i oppløysing og forsvunne? Gjenstår det å finne større samlingar av dokument frå Lahun? Eller var det faktiske forskjellar knytt til skrivedugleikar i tidsperiodane, og meir konkret mellom dei to landsbyane, som er grunn til denne forskjellen?

Forskjellen i kjeldekorpuset kan forklarast ut frå landsbyane si levetid. Deir el-Medina hadde ei levetid som var fire gonger lengre enn Lahun si. For Lahun stammar kjeldene utelukkande frå dynasti 12, medan dei for Deir el-Medina fordeler seg over dynasti 18-20 med eit tyngdepunkt på dynasti 19 og 20.<sup>115</sup>

Ein kan óg spørje seg kor dei ulike kjeldene er funnen. Dette varierer noko, men likevel er det rom for å sjå ein fellesnemnar. Papyrus er som oftast funne i gravkammer eller som restar etter statsarkiv. Funnstad kan tyde på at papyrus har hatt ein viktig funksjon, ikkje berre i samtida, men kanskje viktigare i livet etter døden.

Ostraka er potteskår med tekst. For Deir el-Medina sin del er dei fleste ostraka funne i ein tørrlagd brønn, som ein reknar med har vore dumpestad for ostraka som ikkje lenger hadde noko funksjon.<sup>116</sup> Material og funnstad kan tyde på at forholda som vert skildra på ostraka var mindre viktig. Val av materiale kan dessutan vera ein indikasjon på kor store midlar ein person rådde over. Såleis kan ein sjå ostraka som eit billigare alternativ samanlikna med papyrus.

Samanliknar ein dokument med kvinnelege deltaking, er forskjellen meir eller mindre den same som for det samla korpuset; 3,1 prosent av alle breva frå Lahun mot 14,0 prosent av breva frå Deir el-Medina har kvinner som ein av dei to partane. Når det gjeld tematikken i breva er ikkje forskjellen spesielt stor. Likevel merkar ein seg ein auke i talet på dokument kor kvinner kommuniserer med personar utanfor sjølve familien. Det er dessutan å seie om tematikken i breva, at talet på tilgjengelege brev frå Det nye riket skapar eit meir nyansert innblikk. Dessutan får argumentasjonen meir tyngde når fleire kjelder samsvarar med kvarandre.


---

<sup>115</sup> Wentz and Meltzer 1990, 132-133

<sup>116</sup> Gutgesell 2001, 371

## Kvinner i det gamle Egypt

Rettsdokumenta frå Mellomriket gjev som nemnt eit lite nyansert innblikk i forholda rundt kvinnene i samfunnet, samanlikna med kjeldene frå Det nye riket. Enkelte moment og tema er dessutan fråverande i kjeldeutvalet. Det skal i den samanheng seiast at grunnlaget for å utforme generelle teoriar varierer frå tema til tema, og i fleire av tilfella er eg nøydd å basere vurderingar på enkeltkjelder, snarare enn fleirtalet som hadde vore det mest ynskjelege.



Figur 2-3 Kvinneleg deltaking i det samla korpus av rettsdokument.

Kva kjem så dette låge og til dels skeive talet av kvinneleg representasjon i kjeldene av? Var det slik at kvinner ikkje kunne skrive og såleis ikkje kunne nytte seg av dette mediet? Meskell hevdar at 1 til 4 prosent av den egyptiske befolkninga kunne skrive.<sup>117</sup> McDowell hevdar så mange som 40 prosent av innbyggjarane i Deir el-Medina kunne skrive.<sup>118</sup> Piacentini hevdar derimot at berre 5 til 7 prosent av innbyggjarane i landsbyen kunne lese og skrive.<sup>119</sup> Uansett er det eit poeng at landsbyen var konstruert med eit formål, nemleg å dekorere gravkammer med blant anna tekst. Dette kan moglegvis ha ført til ei ”oppopping” av skriveføre i landsbyen. Dette kan ein derimot argumentere mot, både fordi arbeidarane i dei fleste tilfella kopierte motiv og tekst frå papyrus til vegg, óg fordi språket på veggane ikkje var det same

<sup>117</sup> Meskell 2002, 4

<sup>118</sup> McDowell 2001, 4

<sup>119</sup> Piacentini 2001, 190

## Kvinner i det gamle Egypt

---

som språket på ostraka.<sup>120</sup> Såleis er ikkje yrke nødvendigvis ei forsikring om at arbeidarane var kjent med skriftspråket.

Nokon vil kanskje påstå at Lahun óg ville opplevd ei ”opphoping” av skriveføre. Eg vel her å fokusere på mangfaldet i Lahun, og at den varierte samansetjinga av innbyggjarar seier oss at konsentrasjonen av skriveføre var lågare i Lahun enn i Deir el-Medina. Derimot er det sannsynleg, med utgangspunkt i argumentasjonen over, og det faktum at statsadministrasjonen i ein periode var i Lahun, at denne landsbyen hadde fleire skriveføre enn landgjennomsnittet.

Ein må dessutan hugse at menn og kvinner enkelte stader i Egypt, i alle fall i Deir el-Medina, utførte kjønnssegregert arbeid på vegne av staten. Dette var óg tilfellet i Lahun, men her var avstanden mellom bustad og arbeidsplass så liten at ein framleis kunne bu i heimen heile veka. I Deir el-Medina reknar ein med at mannen budde ved arbeidsplassen i opp mot ti dagar av gongen.<sup>121</sup> Såleis var mann og kone skilt frå kvarandre over lengre tidsrom enn vanlege familiar. Dette i seg sjølv må ha gjort munnleg kommunikasjon vanskeleg, og såleis skapt eit behov for skriftleg kommunikasjon. Med tanke på staten si store byggje- og krigeverksemd, kan dette vera grunnen til at denne faktoren var spesielt aktuell under Det nye riket.

Skulle det være slik at berre eit fåtal kunne lese og skrive, er det slik eg ser det sannsynleg, at dei fleste likevel hadde tilgang til nokon som kjente denne kunsten, enten i familien eller i lokalsamfunnet, slik at dei kunne få nedskrive det dei trengte. Til dette hevdar Sweeney:

...the letters which exist would be useless for their recipient if they could not read them ... letters between women who both lived in the village would be superfluous.<sup>122</sup>

Slik eg ser det er poenga til Sweeney riktige, og vil i like stor grad omfatte rettsdokument som brev. Utsegna til Sweeney opnar dessutan for at kvinner som ikkje hadde utdanning innan skrivekunsten likevel kunne lese såpass at dei kunne gjera seg nytte av dokument og deira innhald.

---

<sup>120</sup> Forskjellen mellom hieroglyffar og hieratisk er fyrst og fremst den kursive skrivemåten. Såleis vil ikkje hieratisk skilje seg mykje frå hieroglyffane. Problemet ligg snarare hjå den som skal lese, då den hieratiske varianten er langt vanskelegare å tyde.

<sup>121</sup> Seidel 2001, 221; Endruweit 2001, 391

<sup>122</sup> Sweeney 1993, 525

### 2.2 MITT KJELDEUTVAL

Størstedelen av informasjon me har knytt til kvardagsliv i det gamle Egypt er skriftlege kjelder, ikonografiske framstillingar, og ulike gjenstandar som er funne ved arkeologiske utgravingar. Av desse er det ikonografi og litterære tekstar, det vil seie forteljingar, visdomstekstar og religiøse tekstar, det er flest av. Problemet med desse kjeldetypane er faren for at dei framstiller det mannlege idealet snarare enn faktiske forhold.

Eit mindre korpus, som kanskje i større grad visar faktiske forhold, er samlinga av ikkje-litterære tekstar. Dette korpuset består i stor grad av brev og rettsdokument. Sjølv om desse kjeldene speglar forhold slik dei faktisk var, må ein ta høgde for det faktum at størstedelen av desse kjeldene stammar frå ein liten del av det totale innbyggjartalet. Det er likevel ikkje slik at desse kjeldane utelukkande er frå eliten. Til dømes gjev kjeldene frå landsbyen Deir el-Medina eit innblikk i eit arbeidarsamfunn snarare enn eit elitesamfunn. Spesielt interessant er det at enkelte av kjeldene gjev eit inntrykk av kva for relasjon arbeidarklassen hadde ovanfor eliten, og korleis dei to samfunnsgruppene samhandla med kvarandre.

Sidan eg kjem til å nytte meg utelukkande av ikkje-litterære tekstar må ein difor ta høgde for at enkelte samfunnsgrupper er betre representert enn andre, og at det store fleirtalet av den egyptiske befolkninga er stilltiande i kjeldematerialet. Med unntak av materielle goder er det likevel ikkje umogleg, at dei ulike samfunnsgruppene spegla kvarandre. Med det meiner eg til dømes at bondekvinner kan ha vore likt stilt ovanfor sitt mannlege motstykke som ei kvinne frå arbeiderklassen.

Eg har, i den grad det er mogleg, prøvd å velje ut kjelder av variert art, slik at ein får eit så nyansert bilete av kvinner og kjønnsroller som råd. Trass i at eg har prøvd å unngå elitekjelder må eg innrømme at dette ikkje har vore enkelt. Dette nettopp fordi skriftkultur i det aktuelle tidsrommet var eit fenomen som tilhørde den øvre del av samfunnet. I den samanheng er det på sin plass å fremje tydinga av landsbyane Lahun og Deir el-Medina i høve til skriftlege kjelder. Desse to, i sær Deir el-Medina, står for størstedelen av kjeldene knytt til kvardagsliv. Dette tyder at ein ikkje berre får ein sosial variabel, men òg ein geografisk variabel å ta med i betraktningane.



## Kvinner i det gamle Egypt

---

I mi samling på sju brev frå Mellomriket (2055-1650 f.v.t.) er tre mellom menn<sup>123</sup>, to frå mann til kvinne<sup>124</sup>, eit frå kvinne til mann<sup>125</sup>, og eit mellom kvinner<sup>126</sup>. Når det gjeld relasjonsband er alle, med unntak av dei tre som høyrer til samlinga frå Lahun<sup>127</sup>, mellom familiemedlemmar. Av dette må ein kunne konkludere med at kvinner sitt kommunikasjonsnettverk i dei fleste tilfella var innad i familien. Dei tre breva frå Lahun opnar derimot for at enkelte kvinner kan ha hatt eit nettverk utover familien sine grenser.

Tematisk er desse breva todelt. Fire brev belyser omsorg, ansvarsfordeling, tenesteyting og konflikhtar i familien<sup>128</sup>, medan tre brev gjev eit inntrykk av korleis kvinner si rolle kunne vera i det offentlege<sup>129</sup>. Når det gjeld kvinner si rolle i det offentlege er det to bilete som vert presentert; Kvinner i administrative leiarroller, og kvinner med ei personleg meining om realitetar i det offentlege rom.

Mitt utval av rettsdokument inneheldt to kjelder frå Lahun, pluss ein annan stad.<sup>130</sup>

Innhaldsmessig er tematikken i dei tre dokumenta den same. Det skal likevel seiast at den siste kjelda i større grad får fram kompleksiteten i arvesystemet.

Mitt utval frå Det nye riket (1550-1069 f.v.t.) er på 15 brev, kor av 12 er frå Deir el-Medina. Desse fordeler seg slik: åtte frå mann til kvinne<sup>131</sup>, fire frå kvinner til menn<sup>132</sup>, to mellom kvinner<sup>133</sup>, og eit frå ukjent til mann<sup>134</sup>. Relasjonsbanda er for det meste klare her. Slik eg ser det fordeler breva seg ganske likt: sju kan med sikkerheit seiast å vera mellom familiemedlemmar<sup>135</sup>, to er usikre<sup>136</sup>, og seks indikerer ingen familieband<sup>137</sup>. At breva ikkje indikerer slektskapsband betyr derimot ikkje at nokon av breva likevel kan vera mellom familiemedlemmar.

---

<sup>123</sup> P.BM 10549, P.Heqanakht 1, P.Heqanakht 2

<sup>124</sup> P.Kahun XII.1, P.Kahun XV.1

<sup>125</sup> P.Kahun III.3

<sup>126</sup> P.Heqanakht 4

<sup>127</sup> Relasjonar mellom sendar og mottakar er usikker. Dei kan vera familie, men det er ingen konkrete teikn på dette. Innhald er retta mot offentlege forhold og opnar såleis for at partane ikkje var i slekt.

<sup>128</sup> P.BM 10549, P.Heqanakht 1, P.Heqanakht 2, P. Heqanakht 4

<sup>129</sup> P.Kahun III.3, P.Kahun XII.1, P.Kahun XV.1

<sup>130</sup> P.Brooklyn 35.1446, P.Kahun I.1, P.Kahun VII.1

<sup>131</sup> O.Berlin 12630, O.Cerny 3, O.Berlin 10616, O.DM 324, O.DM 587, O.Letellier, O.Petrie 61, P.Robert Mond 2

<sup>132</sup> LRL No.37, LRL No.38, O.DM 116, P.Gurob III.1

<sup>133</sup> O.DM 125, O.Prague 1826

<sup>134</sup> O.DM 439


<sup>135</sup> O.Cerny 3, O.Berlin 10616, O.DM 324, O. DM 587, O.Petrie 61, O.Prague 1826, P.Robert Mond 2

<sup>136</sup> LRL No.37, O.DM 116

<sup>137</sup> O.Berlin 12630, O.DM 125, O. DM 270, O.DM 439, O.Letellier, P.Gurob III.1

## Kvinner i det gamle Egypt

Tematisk er det óg her to hovudgrupper; Ei gruppe som omhandlar omsorg, ansvarsfordeling, tenesteytingar og konflikhtar i familien<sup>138</sup>, og ei anna som omhandlar kvinner si rolle i det offentlege<sup>139</sup>. Det er mange nyansar her, alt frå kvinner sine arbeidsoppgåver til det sosiale forholdet mellom dei to kjønna.



Figur 2-4 Geografisk tilhøyre til dei to kjeldetypane i samlinga.

Samlinga av rettsdokument består av testament med både mannlege og kvinnelege eigarar<sup>140</sup>, arbeidsavtalar<sup>141</sup>, referat frå rettshøyringar med kvinner som skulda part, klagar, vitne og dommar<sup>142</sup>. Mitt utval på 14 rettsdokument, kor av 11 er frå Deir el-Medina, meiner eg representerer godt kva problemstillingar som var vanlege, og dessutan kva rolle kvinner kunne ha i dette systemet.

Den store forskjellen i kjeldetilgang er ei av problemstillingane eg har vore nøydd å ta stilling til. Ein komparasjon kan sjølvstøtt berre gjerast der det er grunnlag for det, og her er det grunn til å spørje seg kor vidt det faktisk er grunnlag for ei samanlikning. Slik eg ser det er det rom for ei samanlikning på enkelte områder. Når det kjem til kvinner sin omgang med rettssystemet er kjeldegrunlaget for samanlikning svært mangelfullt.

<sup>138</sup> O.Cerny 3, O.Berlin 10616, O.DM 324, O.DM 587, O.Petrie 61, O.Prague 1826, P.Robert Mond 2

<sup>139</sup> O.Berlin 12630, O.DM 116, O.DM 125, O.DM 439, O.Letellier, P.Gurob III.1

<sup>140</sup> P.AM 1945.96, P.AM 1945.97

<sup>141</sup> O.Gardiner 204, O.UC 19614, P.Gurob II.1, P.Turin 1880

<sup>142</sup> O.Cairo 25556, O.DM 235, O.Gardiner 150, O.Nash 1, O.Nash 5, P.Cairo 65739, P.Salt 124, P.Turin 2021

## 2.3 KVALITATIV ANALYSE – MELLOMRIKET (2055-1650 F.V.T.)

### 2.3.1 BREV

#### **P. BM 10549**

Dette brevet er frå generalen Neshi til mannen Kay. Brevet stammar frå Theben under dynasti 11 (2055-1985 f.v.t.), og handlar om matvareleveransar mellom ulike hushald. Relasjonane mellom dei ulike partane er ikkje heilt klåre. Sannsynlegvis er Neshi og Senet gift, og Kay er far til Senet.

Communication by the general Nehsi [to the ...] Kay: ... What about that writing to me by Senet saying, "No rations have been given to me?" ... to my household and 10 khar of barley to you. It was Kay's daughter [...] -senet and Kay's son Nefer-the-scribe who fetched it in the barge. If they [have not come] then you should fetch it again. See! (it) should be fetched in full. Now what about [that letting] yourself be turned against your daughter? You will have killed her by [...] 's not giving that southern barley [to] my household. Now see! I know the character of my father's wife. Do you follow the wish of your wife in killing my household? Can I be confident that I have given rations to my household when one writes to me saying: "There aren't any rations here." ...<sup>143</sup>

Brevet som er skriven av generalen Neshi til Kay, dreiar seg om ei kornlevering frå Neshi til hans hushald. Neshi har fått brev frå kvinna Senet, der ho hevdar at kornleveransen ikkje har nådd fram, og såleis er Neshi sitt formål å ordne opp i dette. Grunnen til at Neshi skriv til Kay er at to av borna til sistnemnde, ei dotter og ein son, var ansvarlege for lasta om bord på båten. Samanhengen midtvegs i brevet er noko uklår. I følgje Parkinson er det framleis kornleveransar som står i fokus, samstundes som Neshi skuldar Kay for nærast å drepe si eiga dotter. Her er det nok ikkje usannsynleg å tru, sidan Nehsi held Kay ansvarleg for situasjonen, at det har med den nemnte kornleveransen å gjera. I den samanheng trekk Neshi nokre trådar mellom karakteren til eiga stemor og Kay si kone, og indikerer at det er etter ynskje frå sistnemnte at den aktuelle situasjonen er oppstått.<sup>144</sup>

Relasjonane mellom dei aktuelle partane er ikkje heilt klår. Senet, som skal ha skrive brev til Neshi angående manglande kornleveranse, kan ha vore den aktuelle dottera som Neshi skyldar Kay for å ta livet av. I så fall var Kay svigerfar til Neshi. Ei anna mogleg forklaring, som James lanserer, er at Senet var den aktuelle stemora som Neshi hevdar å kjenne karakteren til. På grunn av samanfallande namn mellom Senet og den dottera som var medansvarleg for kornleveransen (-senet), er sannsynet størst for at Senet var Kay si dotter.

---

<sup>143</sup> James 1962, 89-90

<sup>144</sup> Parkinson 1991, 107

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Det er tre viktige poeng i brevet; Fyrst at ulike hushald, mest sannsynleg hushald med familiære relasjonar til kvarandre, kunne vera bundi saman gjennom tenester, omsorg og handel. Er det her snakk om ein familiær relasjon tyder det på at dei ulike hushalda kan vera del av ein utvida familie. For det andre tyder brevet på at relasjonar utover eige hushald kunne vera svært turbulente, og at ingenting stod i vegen for at kvinnene kunne uttale seg og spele ei rolle utover hushaldet sine grenser. For det tredje tyder brevet på at det til sjuande og sist var mennene som måtte rette opp i dei ulike problemstillingane som dukka opp.

### P. Heqanakht 1

Dette brevet er frå presten Heqanakht til hans son Merisu. Brevet stammar frå Theben tidleg i dynasti 12 (1910 f.v.t.), og handlar om familiære relasjonar og drifta av familiejerda.

(Writing) that ka-servant Heqanakht sends to his household of Sidder Grove. To be said by ka-servant Heqanakht to Merisu.

...<sup>145</sup>

Now, get the housemaid Senen put out of my house—mind you—on whatever day Sihathor reaches you. Look, if she spends a single day in my house, take action! You are the one who lets her do bad to my wife. Look, why should I make it distressfull for you? What did she do against (any of) you, you (Merisu) who hate her?

And greeting to my mother Ipi a thousand times, a million times. And greetings to Hetepet, and the whole household, and Nefret. Now, what is this, doing bad things to my wife? Have done with it. Have you (Merisu?) been given equal rights with me? How good it would be for you to stop.<sup>146</sup>

Dette brevet er frå far til son og har fokus på familiære relasjonar og drift av familiejerda.

Bakgrunne for breva er at Heqankht, i følge Parkinson, er på foretningsreise i Deltaet.<sup>147</sup> I to av brevet sine siste avsnitt får ein innblikk i eit konfliktfylt familieforhold. Heqanakht skuldar både tenestefolk og familie for å oppføre seg dårleg ovanfor kona hans. Interessant er det at tenestekvinna Senen, som Allen opnar for er tenestekvinna til kona til Heqanakht<sup>148</sup>, er i posisjon til å gjere situasjonen vanskeleg for kona til Heqanakht.

For meg verkar det mest fornuftig å tru at Heqanakht var nygift, og at den nye kona difor slit med å posisjonere seg i Heqanakht sin familie. Manniche hevdar den nye kvinna er ei konkubine. Ho hevdar vidare at bakgrunnen for Heqankht sine krasse ord, angående familien si handtering av kvinna, er at han ynskjer å oppheve normalen, og snarare sjå til at denne

---

<sup>145</sup> Størstedelen av brevet på to sider, som eg ikkje siterer her, er instruksjonar og kommentarar som har med drift av jord og avlingar å gjera.

<sup>146</sup> Allen 2002, 15-16

<sup>147</sup> Parkinson 1991, 102

<sup>148</sup> Allen 2002, 109

## Kvinner i det gamle Egypt

---

kvinna skulle ha dei same rettane som ei legitim kone hadde.<sup>149</sup> Trass logikken i det Manniche seier ser eg ingenting i teksten som konkret seier at den aktuelle kvinna var ei konkubine. Slik eg ser det er termvalet *hemet* – kone, snarare ein klår indikasjon på at Heqanakht såg på kvinna som kona si. Det kan dessutan vera mange andre grunnar til at kvinna, som Heqanakht si nye kone, var komen i dårleg lys, men desse kjem i så fall ikkje fram i dette brevet.

Slik eg ser det haldt Heqanakht Merisu som ansvarleg for det som har skjedd, og at det har fått halda fram å skje. Heqanakht truar Merisu, og minnar han om kven som er sjefen i hushaldet. Sist i brevet helsar Heqanakht til resten av hushaldet. Han nemnar tre kvinner med namn; mor si Ipi, Hetepet og Nefret, og vektlegg spesielt mor si. Sidan me ikkje kjenner relasjonsforholdet mellom Heqanakht og dei to sistnemnde kvinnene kan ein jo undre seg over kva som var grunnen til at han trekte fram akkurat desse kvinnene. Allen og Parkinson opnar for at Hetepet var ei søster eller tante til Heqanakht.<sup>150</sup> Skulle dette vera tilfellet ser ein her eit typisk døme på ein utvida familie kor greinar av familien bur under ame tak. Ei anna løysing er at Hetepet er den nye kona til Heqanakht.

### P. Heqanakht 2

Dette brevet er det andre i samlinga av brev mellom presten Heqanakht og hans son Merisu. Som det førre stammar óg dette brevet frå Theben tidleg i dynasti 12 (1910 f.v.t.), og handlar om familiære relasjonar og drifta av familiejord.

(Writing) that ka-servant Heqanakht sends to his household of Siddar Grove.

A son who speaks to his mother, ka-servant Heqanakht to his mother Ipi, and to Hetepet: how is your lph<sup>151</sup>? ....

And to the whole household: how are you, how is your lph? .... Look, you are that one who ate to his satisfaction when he was hungry to the white of his eyes. Look, the whole land is dead and [you] have not hungered. Look, before I came upstream here, I made your salaries to perfection. [Now], has the inundation been very [big]? Look, [our] salary has been made for us according to the state of the inundation, which one and all bear. Look, I have managed to keep you alive so far.

Writing of the salary of the household:

Ipi and her maidservant	0,8
Hetepet and her maidservant	0,8
Heti's son Nakht, with dependents	0,8

---

<sup>149</sup> Manniche 1987, 20-21

<sup>150</sup> Parkinson 1991, 102; Allen 2002, 109

<sup>151</sup> Life, prosperity and health.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Merisu and his dependents	0,8
Sihathor	0,8
Sinebniut	0,7
Anubis	0,4
Snefru	0,4
Si(t)inut	0,4
May's daughter Hetepet	0,5
Nefret	0,35
Sitwerut	0,2

...

Lest (any of) you be angry about this, look, the whole household is just like my children, and everything is mine to allocate. ...

To be said by ka-servant Heqanakht to Merisu and to Heti's son Nakht subordinately. You (both) should give this salary to my people only as long as they are working.

...<sup>152</sup>

Now, before I came here, didn't I tell you (all) "Don't keep a friend of Hetepet from her, whether a hairdresser or a domestic"? Mind you about her. If only you would be (as) firm in everything as (you are) in this. Now, if you (Merisu) don't want her, you'll have to have Iutenhab brought to me. As this man lives for me—I speak about Ip—whoever shall make any affair of the wife on the battlefield, he is against me and I am against him. Look, that is my wife, and the way to behave to a man's wife is known. Look, as for anyone who will act for her, the same is done for me. Furthermore, will any of you bear having his woman denounced to him? Then I would bear it. How can I be in one community with you (all)? Not when you won't respect the wife for me!

...<sup>153</sup>

Dette brevet er frå Heqanakht til heile hushaldet. Mor Ipi, og Hetepet vert adressert i brevet si innleiing, medan resten av hushaldet (med unntak av Merisu) vert adressert under eit. Brevet handlar blant anna om kornrasjonane til dei ulike hushaldsmedlemmane. Allen hevdar ulikskapane i lista kan indikere hierarkiet i hushaldet.<sup>154</sup> Om dette er tilfellet kjem kvinnene Ipi og Hetepet svært godt ut av det. Det er vert å merke seg at enkelte av personane i lista er ført opp aleine og andre ikkje. Rasjonane til Nakht og Merisu er inkludert deira *dependents*. Det går ikkje fram av brevet kven dette er, men det ikkje utenkeleg at det her er snakk om eigne familiar.

Dersom det er rett som Allen seier, at denne lista speglar hierarkiet i familien, er det Heqanakht si mor som er øvste mynde. Likevel kan det hende dei fem øvste, som alle har lik

---

<sup>152</sup> Tre avsnitt angående rasjonar, jord og husdyr.

<sup>153</sup> Allen 2002, 16-17

<sup>154</sup> Allen 2002, 109

## Kvinner i det gamle Egypt

---

kornrasjon, har fordelt rollene seg i mellom med kvar sine oppgåver. Konkret korleis rollefordelinga mellom Ipi og Hetepet var ville vore svært interessant å visst meir om.

Eg er einig med Allen når han seier Hetepet og Iutenhab må vera den same kvinna<sup>155</sup>, og såleis er den aktuelle kona til Heqanakht. I rasjonslista er det derimot to Hetepet. For meg er det umulig å seie kven av dei to som kan vera den nye kona til Heqanakht. Kanskje er det mest fornuftig å tru den øvste er kona hans? Både Allen og Parkinson hevdar derimot at den øvste mest sannsynleg er ei tante eller søster av Heqanakht, medan den siste, som vert referert til som ”May’s daughter Hetepet”, er den nye kona.<sup>156</sup> Skal ein følgje Manniche, som hevdar den nye kvinna berre var konkubine, er det mogleg at denne kvinna hadde ein plass lenger nede på den sosiale stigen. På ei anna side er det jo akkurat dette Heqanakht prøver å unngå i følgje Manniche.<sup>157</sup> Allen gjev så to moglege forklaringar på denne middelposisjonen. Enten at fjerninga av tenestekvinna Senen minka rasjonsbehovet til *May’s daughter Hetepet*, eller at rasjonen er ein indikasjon på at kona til Heqanakht var nykommar i familien.<sup>158</sup> Både alternativ er sannsynlege og sannsynlegvis i kombinasjon med kvarandre. Likevel trur eg det er fornuftig å halde ein ekstra knapp på siste alternativ og hevde at posisjonering i familiehierarkiet var ein prosess som tok tid og såleis favoriserte ein kombinasjon av relasjon til familiefar og alder, snarare enn berre relasjon til familiefar.

Brevet klårgjer dessutan at gifte kvinner kunne omgås andre menn, og at det var akseptert at desse kom på heimebesøk til dei aktuelle kvinnene. Dessutan klargjer brevet kva som kan vera botnen i konflikten rundt kona til Heqanakht. Parkinson hevdar familien ser på kvinna som ei hore, som tydelegvis ikkje er akseptert åtfærd. Såleis ser ein at Manniche og Parkinson kan vera inne på same idé knytt til kvinna sin relasjon til Heqanakht. Slik eg ser det er det ein mann ved namn Ip som har gjort tilnærmingar til Hetepet. Det er i alle fall snakk om ei handling som ikkje var allment akseptert mot gifte kvinner. Heqanakht er sint/skuffa over at familien hans, især Merisu, ikkje har hindra handlinga frå å finne stad. Det er uklårt kva for tilnærmingar det er snakk om. Likevel ligg det mellom linene at det var av seksuell karakter, og at det var mannen som hadde handla uaktsomt og ikkje kvinna.

### P. Heqanakht 4

---

<sup>155</sup> Allen 2002, 109

<sup>156</sup> Parkinson 1991, 102; Allen 2002, 109

<sup>157</sup> Manniche 1987, 20-21

<sup>158</sup> Allen 2002, 109

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Dette brevet er det fjerde i Heqanakht samlinga, og er mellom mor og dotter. Som dei førre stammar óg dette frå Theben tidleg i dynasti 12 (1956-1911 f.v.t.), og syner forhold og problemstillingar mellom kvinner.

[Work]shop overseer [Sitnebsekhtu]. Gereg.

[A daughter] who speaks to her mother, Sitnebsekhtu who speaks to Sitneb[sekht]u: ...<sup>159</sup> Look, as for all that is brought to [Nefer]abdu as memorandum, the same is brought to you. And greeting to Gereg in lph. Look, I have had Si[hathor] come to check on you. Don't let Gereg be neglectful about this [...]. And greetings to the whole house in lph.<sup>160</sup>

Dette brevet er frå Sitnebsekhtu til mor hennar Sitnebsekhtu. Tittelen til mor, *imeter per n shenau*, tyder at denne kvinna er sjef for eit føretak. Både James og Allen hevdar det er snakk om linforedling og –produksjon.<sup>161</sup>

Ved sida av helsingar og omsorgsproklamasjonar er det snakk om instruksjonar, og ein Gereg som må passast opp. Kva instruksjonane omhandlar, og kva som er grunnen til at Gereg må passast opp kjem ikkje klårt fram. Med utgangspunkt i James og Allen sin teori over, er det ikkje umogleg at instruksjonane er knytt til føretaket. Dei to har óg antyda ei mogeleg oversetjing i siste lakuna angående mannen Gereg som er *don't allow swallowing of the heart for/of Gereg*.<sup>162</sup> Dette indikerer at problemstillingen knytt til Gereg kan vera av privat karakter, kanskje som ektemann eller elsker til den eldre Sitnebsekhtu.

Med tanke på at kvinner ofte tilhørde same sosiale grupper som mødrene sine, og ofte hadde same yrkeskvalitetar<sup>163</sup>, er det ikkje umogleg at den yngre Sitnebsekhtu óg er knytt til dette føretaket.

Sihathor er den av personane i dette brevet som går igjen i dei føregåande Heqanakht breva. Såleis ser ein ein mogleg tilknytning i mellom desse dokumenta, dessutan óg Sihathor si rolle som budbringerar.

Trass i brevet sine manglar indikerer brevet at kvinner hadde eigne problemstillingar og businessføretak å ta hand om, og tydelegvis var det ikkje eit hinder om desse omfatta menn. Dessutan er det tydeleg at vår forståing av kvinner si rolle i samfunnet er avhengig av kva for kjønn som presenterer.

---

<sup>159</sup> Omsorgsproklamasjonar.

<sup>160</sup> Allen 2002, 18

<sup>161</sup> James 1962, 67; Allen 2002, 51

<sup>162</sup> Allen 2002, 52

<sup>163</sup> Janssen and Janssen 2007, 83-96



### P. Kahun III.3

Dette brevet er frå husets frue Irer til herren hennar. Brevet stammar frå Lahun under dynasti 12 (1985-1773 f.v.t.), og handlar om problem ved eit veveføretak. Griffith kommenterer at dette er det einaste brevet han kjenner til frå Lahun som er frå ei kvinne.<sup>164</sup>

Dispatch of the Lady of the House Irer:

This is a communication to the lord l.p.h. as follows: All the [concerns]of the lord l.p.h. are safe and sound in all [their circumstances] through the favor of the nesw-bity Khakheperre tw and all the gods just as the serv[ant-there wishes].

This is a communication to the lord l.p.h. about this neglectfulness of the lord l.p.h. Are you safe and [well]? [...plans(?)] have been abandoned about your/our providing supplies, since the fact is that no-one has heard anything of your messages. It is good if the [lord l.p.h.] takes note.

This is a [comm]unication to the lord l.p.h. about the servant-women who are here without getting down to weaving [clothes. ...] on the guiding threads(?) The servant-there could hardly have come himself, since the fact is that the servant-there entered into the temple on day 20 to purify for the month.

So, perhaps, the lord l.p.h. could bring them/it himself. It was a mistake(?) assigning responsibility to the minor Haremheb about the arrival [of Q]emaw. The lord l.p.h. really should spend some time here. Look, there aren't any clothes, because my responsibility is directed to the temple – the threads have been set up but can not be woven.

This is a communication to the lord l.p.h. It is good if the lord l.p.h. takes note.

...<sup>165</sup>

Dette brevet handlar om problem knytt til drifta av eit veveføretak. Det dreiar seg om kvinnelege tilsette som ikkje gjer jobben sin og mangel på matrasjonar. Gjennom brevet fortel Irer herren om problema i føretaket, og oppfordrar han til å komme tilbake snarast slik at han kan ta seg av problema. Brevet seier ingenting om kven denne herren er, men på grunn av den formelle tonen i brevet er det ganske sannsynleg at Irer er ansvarleg ovanfor herren på ein eller anna måte; Enten som eigar av føretaket, eller som ein embetsmann med ansvar for veveproduksjon innan tempelkulten.

Eg er einig med Szpakowska og tolkar brevet slik at det er kvinna Irer som er ansvarleg for drifta av føretaket<sup>166</sup>, men fordi ho må avleggje si årvisse tempelteneste er ho ikkje i stand til å ta seg av problema i føretaket. Eit interessant spørsmål er kor vidt det berre er den årvisse tempeltenesta som er grunnen til at kvinna Irer ikkje kan ta seg av problema som er oppstått. Kan det faktum at ho var kvinne ha hindra ho i å gjera jobben skikkeleg? Eller er det snarare slik at herren har dratt frå ei strandande føretak med Irer føre roret? Desse spørsmåla er det vanskeleg å finne svar på. Likevel skal det seiast, med utgangspunkt i eit anna brev i

---

<sup>164</sup> Griffith 1898, 76

<sup>165</sup> Collier and Quirke 2002, 114-117

<sup>166</sup> Szpakowska 2008, 85

## Kvinner i det gamle Egypt

---

samlinga<sup>167</sup>, at kvinner kunne ha ansvar for linproduksjon, og at det same absolutt kan vera tilfellet her. På ei anna side er det óg mogleg at Irer berre vikarierte for ein indisponert ektemann. Skulle dette siste vera tilfellet forutsett det likevel ein viss innsikt i kva føretaket går ut på.

I siste avsnitt, angående kvinna Horemheb, er det variasjon mellom dei tre oversetjarane eg nyttar. Griffith oversett til ”kone”, men opnar like gjerne for at Haremheb kan vera dotter eller mor.<sup>168</sup> Wente og Meltzer oversett til ”den andre kvinna”, men opnar for å nytte ”kone”.<sup>169</sup> Collier og Quirke oversett til ”den mindre Haremheb”.<sup>170</sup> Såleis er det, slik eg ser det, freistande å sjå båe kvinnene som konene til den aktuelle herren, kor Irer har rang føre Haremheb.

*The arrival of the Qemaw* vert oversett til asiater, og såleis har me her eit døme på at utlendingar vart nytta som arbeidskraft i det gamle Egypt, og då gjerne i statlege føretak under kvinner. Det brevet ikkje seier noko om er kor vidt desse asiatane er slavar eller ikkje.

### P. Kahun XII.1

I dette brevet er både sendar og mottakar ukjent. Likevel kan ein ut frå bestemte pronomensendingar<sup>171</sup>, slå fast at brevet er skriva til ei kvinne. Brevet er stamma frå Lahun under dynasti 12 (1985- 1773 f.v.t.), og handlar om handsaminga av ein rømt fange.

Look, [I] had been told [...] flourishing. Look, I am delighted. Look, I have found the king's-servant Sobekemheb. Look, he had indeed fled. Look I have handed him over to the judgement-enclosure. Look, [...] said to [...] about working the [...] for me [in(?)] Ankh-Amenemhet t-v to it [...]

[...] which I sent to the scribe of the fields Sery about everything which I had said. Look, moreover, this means it is in your hands so you seem to be letting him die/languish(?) in the office of the reporter. Have someone go to him right away saying, "He should give to you [...]" then you should have [...] sent every [...] As for [...] say Have him come it has [been sent?] to him by [...]

[...] every report which he says.

...<sup>172</sup>

Brevet er svært fragmentert, og ei fullverdig forståing av innhaldet er ikkje mogleg å få. Likevel kan ein ut frå fragmenta forstå at det dreiar seg om at ein rømt slave er funnen, og overlevert til domstolen. Lenger nede i dokumentet vert det snakka om nokon, sannsynlegvis

---

<sup>167</sup> P.Heqanakht 4

<sup>168</sup> Griffith 1898, 75-76

<sup>169</sup> Wente and Meltzer 1990, 82

<sup>170</sup> Collier and Quirke 2002, 117

<sup>171</sup> The pronominal suffix for the second person *-t*, however, shows that it was written to a lady... Griffith 2002, 78

<sup>172</sup> Collier and Quirke 2002, 128-131

## Kvinner i det gamle Egypt

---

mottakar, som er i posisjon til å avgjere skjebnen til ein person som er i forvaring.

Sannsynlegvis er det her snakk om den rømte slaven som er nemnt innleiingsvis i brevet.

Den som sender brevet, mann eller kvinne, har overlevert slaven til domstolen. Wenté og Meltzer hevdar slaven er overlevert til *corvée*-basen for ei domsavgjersle.<sup>173</sup> Dette indikerer at slaven ikkje er ein vanleg slave, men snarare ein av dei som ved jamnlege mellomrom måtta arbeide for staten. Parkinson hevdar straffa for å undra seg pliktarbeid i verste fall kunne verta pliktarbeid på livstid.<sup>174</sup>

Sendar minnar mottakar om saka, og kor utrivelege forvaringsforholda var. Sendar ber mottakar, altså kvinna, ta hand om saka, og sjå til at noko, ukjent kva, vert gjort. Slik eg ser det har me i dette brevet moglegvis eit døme på ei kvinne som kunne blande seg, og ha innverknad på ei avgjersle på statleg nivå. Om det var slik at denne kvinna kunne innverke på rettsavgjersla ville omstendene rundt dette vore svært interessant å kjenne til. Til dømes vil det vera avgjerande for tolkinga om kvinna kunne virke inn på avgjersla ut frå eigen eller andre, til dømes ektemann eller far, sin posisjon.

### P. Kahun XV.1

Dette brevet er frå Pepu til husets frue Sobekhotep. Brevet stammar frå Lahun under dynasti 12 (1985-1773 f.v.t.), og handlar om misnøye med korleis ein fange vert handsama.

What Pepu gives to the lady of the house Sobekhotep l.p.h. ...

As for the things you wrote about [concerning what] the reporter has done about the thief, Look, that is his responsibility. Look, what is being done at the Residence is more painful then anything. Has it been decreed that a thief be judged by anyone exept an overseer of disputes? But an overseer of disputes, cannot judge a thief unless/until he has been caught. Now, if one complains mentioning it beside/about the king's-servant, he occupies himself with other things – there is no-one who will act against him/about it.

As for the saying that I spend my time crying about it [...] can't come (about?) simply when I come out from [...] If I am to be found, then that's good, but one has not found [...]

...<sup>175</sup>

Dette brevet er skriven av Pepu til husets frue Sobekhotep. I brevet svarar Pepu på nokon spørsmål som Sobekhotep mest sannsynleg har stilt i eit tidlegare brev. Det dreiar seg om handteringa av ein tjuv i forvaring. Kvinna er tydeleg opprørt over dette, og Pepu prøver å roe ho ned. Pepu er einig i at behandlinga er dårleg, men fortel samtidig at når fyrst ein person er

---

<sup>173</sup> Wenté and Meltzer 1990, 83

<sup>174</sup> Parkinson 1991, 99-100

<sup>175</sup> Collier and Quirke 2002, 100-103

## Kvinner i det gamle Egypt

---

overlevert til rettssystemet på grunn av ei ugjerning, kjem det ingenting godt ut av å blande seg i sakens gang. Det er her vanskeleg å seie kor vidt det er snakk om generelle eller meir spesifikke forhold. Dette fordi Griffith peikar på at forvaringa er hjå ein embetsmann med dårleg rykte.<sup>176</sup>

Siste del av brevet får meg til å undre om det er Pepu som er i forvaring? Forutan desse fragmenterte linene avslører brevet lite eller ingen informasjon om Pepu sin posisjon i saka. Skulle det vera slik at det var Pepu som var i forvaring er det ikkje utenkeleg at Sobekhotep er ei bekymra kone.

Griffith opnar derimot for at Pepu kan ha vore ei kvinne<sup>177</sup>, og såleis kan det faktisk vera mannen hennar som er i forvaring. Om dette ikkje er tilfellet veit me lite om kva denne relasjonen byggjer på, heller ikkje kva mål dei to partane kan ha hatt. Til dette skal det seiast at alternativ ordlyd i Wenté og Meltzer si oversetjing indikerer eit mogleg høve for å betale fangen fri, altså eit døme på at korrupsjon eksisterte.<sup>178</sup>

Griffith lanserer ei anna tolking som går ut på at Sobekhotep var av langt høgre rang enn Pepu<sup>179</sup>, er at sistnemnde er i teneste hjå Sobekhotep. Pepu er i dette tilfellet sendt ut for å forhøre seg/klage over at ein tjuv som har rana Sobekhotep er sluppen fri. Klagen går ut på at tjuven er sluppen urettmessig fri frå forvaring, utan å få dette godkjent av ein dommar. Sidan tjuven i skrivande stund var på frifot var inga rettsavgjersle mogleg. I denne tolkinga er det dessutan lite sannsynleg at Pepu var den aktuelle tjuven, då Pepu i så fall omtalar seg sjølv.

Som ein forstår av diskusjonen over er dei faktiske forhold i dette brevet vanskelege å få taket på. Uansett om brevet er uttrykk for frustrasjon eller reell handling må poenget vera at folket i Egypt, inkludert kvinner, ikkje alltid var einige i korleis staten gjekk fram.

---

<sup>176</sup> Griffith 1898, 73

<sup>177</sup> Griffith 1898, 72

<sup>178</sup> Wenté and Meltzer 1990, 84

<sup>179</sup> Griffith 1898, 73

## 2.3.2 RETTSDOKUMENT

### P. Kahun I.1

Dette rettsdokumentet består av to testament. Eg kjem i denne delen til å fokusere på det siste av desse. Dette er testamentet til presten Wah, som stammar frå Lahun seint dynasti i 12 (1831-1773 f.v.t.).

Year 2, month 2 of the flood, day 18

Deed of conveyance made by ... Wah: I am making a deed of conveyance to my wife ..., comprising all the property given to me by my brother ... Ankhren, and all the moveables in the proper places as given by him to me. It is she who may give (them) to whomsoever she wishes of her children which she bears me; and I am giving her the 4 Asiatics given to me by my brother ... Ankhren; it is she who may give (them) to whomsoever she wishes of her children. As for the chapel at which I am buried with my wife, let no-one break ground over it. As for the chambers built for me by my brother ... Ankhren, my wife is to live there without being evicted from them by anyone. It is the deputy Gebu who is to act of child rearer for my son.

Namelist of the people whose presence these have been written:

...<sup>180</sup>

I dette testamentet overfører presten Wah alle sine eigedomar til kona si Teti.

Testamentet inneheld nokon interessante poeng. Angående eigedomane skriv Wah at kona i si tid kan fordele eigedomane som ho vil blant borna dei to har saman. Angående dei fire asiatane kan ho fordele desse blant sine born. Her kan det hende formuleringa i testamentet er tilfeldig, er den ikkje det tyder dette testamentet på at ein tok høgde for moglege dødsfall og korleis fordelingane då skulle verta. Wah ville såleis vera sikker på at verdiar Teti arva frå han skulle følgje hans blodslinje.

Setninga angående bustad og gravstad får meg til å undre om enker og fråskilte kvinner var meir sårbare enn andre kvinner. Frå Visdomsteksten "The Eloquent Peasant", der ein fattig bonden trekk fram kvalitetane til herren sin, kan ein konkludere med at slike kvinner var rekna som dei svake i samfunnet, og det var ein dyd å stelle godt med desse.

...you are father to the orphan, Husband to the widow, Brother to the rejected woman, Apron to the motherless.<sup>181</sup>

Johnson har derimot ei anna tolking, og peikar på at det var eventuelle born sitt ansvar å gravleggje mor i far sitt fråvær. Skulle det vera slik at kvinna ikkje hadde born var det viktig at slike ting var ordna på førehand.<sup>182</sup> Dessutan er testamentet til Wah skriven cirka to år etter

---

<sup>180</sup> Collier and Quirke 2004, 104-105

<sup>181</sup> The Eloquent Peasant i Lichtheim 2006, 172

<sup>182</sup> Johnsen 1999, 172

## Kvinner i det gamle Egypt

---

at han arva sin eigen bror. Både Parkinson<sup>183</sup> og Johnson har sett dette som indikator på Seindynastisk praksis.

Just as the men who made demotic annuity contracts used all their private property ("all I possess and all I shall acquire") as security for the annuity contracts they were providing their wives, so Wah backs his proposal with all his private property.<sup>184</sup>

Sannsynet for at dokumentet er ein ekteskapskontrakt er absolutt til stades då ordlyd tidvis referer framover i tid. I så fall tyder dette at Teti har krav på alle eigedomane ekteparet hadde hatt dersom Wah skulle dø, eller ha ynskje om å skilje seg. Det er dessutan svært interessant at kontrakten er gjort mellom mann og kone, og ikkje mellom mann og kona sin far som var vanleg i andre antikke samfunn.<sup>185</sup> Dette opnar for at praksis og rettigheitar, knytt til kvinner og ekteskap, som gjaldt i Seindynastisk tid, faktisk kan ha vore gjeldande så tidlig som Mellomriket.

Skulle spekulasjonane til Johnson vera korrekte er det framleis ei hake. Kven er denne Gebu som vert nemnt sist i dokumentet? Det er ikkje berre eg som har stussa over kva rolle denne mannen var tiltenkt. Rett oversett tyder det egyptiske ordet som er nytta, *idenu*, stadfortredar. Griffith hevdar Gebu si oppgåve er å utdanne Wah sin son.<sup>186</sup> Om Wah skulle falle frå var det altså Gebu si oppgåve å gå inn som stadfortredar for Wah. Det er ikkje eit ukjent fenomen at ein i ulike antikke samfunn utnemnde ein verje for borna sine under slike omstende som dette.<sup>187</sup> Kvinner var i desse tilfella ikkje i stand til å fremje krav/beskytte borna sine på same måte som ein mann kunne. Såleis ser ein kanskje likevel forskjellar i rolla mellom dei to kjønna i det egyptiske samfunnet.

På ei anna side kan ein sjå kvinna som den dominante parten i forholdet mor – son. Ut frå denne tankegangen vert stadfortredaren ein form for buffer som skal sikre sonen sine krav på arv og såleis at eigedomane føl mannen si blodslinje. Ut frå denne teorien, som er i tråd med Lippert, ser ein at kvinner kunne ha råderett over eigedom på lik line med menn.<sup>188</sup>

### P. Kahun VII.1

Dette rettsdokumentet er testamentet til mannen Mery. Dokumentet stammar frå Lahun seint i dynasti 12 (1831-1786 f.v.t.). I dokumentet er det sonen, Intef, som arvar det meste av faren

---

<sup>183</sup> Parkinson 1991, 109

<sup>184</sup> Johnson 1999, 170

<sup>185</sup> Johnsen 1999, 171

<sup>186</sup> Griffith 2002, 32

<sup>187</sup> Anners 1998, 71-72

<sup>188</sup> Lippert 2008, 35

## Kvinner i det gamle Egypt

---

sine eidegdomar. Interessant for denne oppgåva er det at det vert referert til eit tidlegare testament der Intef si mor var arving, men som i dette vert annullert.

Year 39, month 4 of the flood, day 29

Deed of conveyance made by the controller of the watch Intef's son Mery called Kebi for his son Mery's son Intef called Iuseneb. I am giving my (position of) controller of the watch Mery's son Intef called Iuseneb in exchange of (being) staff of old age, because I am now grown old. Let him be appointed at once.

As for the deed of conveyance which I made for his mother previously – it is cancelled. As for my house which is in the district of Hut[...], it is for my children born to me by the daughter of the guard of the district counselor Sobekemhat's daughter Nebetnennisut, with all its contents.

Namelist of witnesses...<sup>189</sup>

I dette testamentet overdrar Mery sitt yrke til sonen Intef. Interessant for denne oppgåva er kva Mery testamenterer til kvinnene i familien. Mery annullerer arv til Intef si mor. Kvifor denne kvinna vert gjort arvlaus er eit spørsmål som ikkje vert besvart direkte. Likevel tyder dette på at det andre testamentet er skriven ei tid tilbake, og at det ikkje var uvanleg å endre innholdet av eit testament i ettertid.

Det som kjem vidare kan tolkast dit at det er fyrste alternativet som var tilfellet. Det står at born Mery hadde med kvinna Nebetnennisut arvar eidegdomar i distriktet Hut. Altså kan det tenkast at mor til Intef er død, og at Mery har gifta seg på ny. Skulle det likevel vera slik at mor til Intef ikkje er død har ein her eit døme på polygami, noko som naturleg ville føre til behov for å endre arveforhold i forkant av andre ekteskap.

Trass dette ser me altså at den nye kona Nebetnennisut ikkje arvar noko. Her kan det sjølvsgagt diskuterast, i tråd med Robins og Lippert, kor vidt poenget med ordlyden var at arva skulle følgje mannen si blodslina, og såleis ikkje utelukka kona frå arv. På denne måten ser ein at kona var arving, men var underlagt visse føringar i forhold til eiga disponering.<sup>190</sup>

I fall den andre kona ikkje arvar gjer dokumentet det klårt at det ikkje var sjølvsgagt at ei kone arva ektemannen sin. Arva kunne like godt gå direkte til borna. I så fall ville sjebnene til slike enker, eventuelt fråskilte kvinner, vera i hendene til born eller andre familiemedlem.

### **P. Brooklyn 35.1446b**

Dette rettsdokumentet er eit todelt dokument. Fyrste del refererer til ei rettsavgjersle mellom mannen som eig dokumentet, namnet hans er ukjent, og dotter hans Tehenwet, medan den

---

<sup>189</sup> Collier and Quirke 2004, 100-101

<sup>190</sup> Robins 1993, 128; Lippert 2008, 36

## Kvinner i det gamle Egypt

---

andre delen er testamentet til den same mannen. Dokumentet stammar frå øvre Egypt, moglegvis Thebenområdet rundt midten av dynasti 13 (1742 f.v.t.). Mannen si kone, Senebtisy, vert gjennom dokumenta gjort til einearving til mannen sine eigedomar.

[Regnal year ? ... (Deed of) Gift (?)] which I have made for my wife, Senebtisy [here, an]d the children thereof. (Now) my daughter, this Tehenwet, is bringing suit [a]nd saying: 'My father has committed a wrong (?). Belongings of mine are in his possession [which were given to me by] (my) husband; but he (my father) has given the said property to his wife, Senebtisy. Let (it) be restored to me.' So she says. [Let no] one [he]d her, forasmuch as the belongings which her husband gave her are [...].

[thereof ...] Regnal Year 2(?), Month 2(?) of Pröyet(?), Day 1.

Consisting of my property wic[h] is in my possession; [my] catt[le(?)...]; my fields, being what were given me by [my] moth[er(?) ...] (and) being my share in the fields [...]; the house of the children of my father which was given [...] (After) they had frequented(?) it [let it be given to] the children (of) my wife Senebtisy, likewise, and (to) their [childr]en likewise. Let them make a petition [to] my [wife], the sa[id] Senebtis[y], saying, 'The silver and gold [...]; and the balance to our father and our mother in [their] old [age ...] our father therewith.' There are given my 15 persons, (and) my prisoners, who are members of my household, to my wife, Senebtisy, in addition to my 60 whom I gave to her (on) the fir[st] occasion. Lo, I have given to [this, my wife] a deed of gift made as that which is deposited in the Office of the Reporter of [the Southern City, being] a contrac[t] having upon it my seal and the seal of my wife, Senebti[sy, ...] my [wif]e Senebtisy.<sup>191</sup>

Dette dokumentet er svært fragmentert. Det er i den samanheng noko uklårt kor vidt dokumentet består av ein eller to sjølvstendige delar. Robins hevdar dokumentet er todelt, kor første del er far sine private nedskrivningar kring usemja med dottera.<sup>192</sup>

Parkinson hevdar dokumentet er funnen som del av ei større dokumentsamling i gravkammeret til ei kvinne ved namn Senebtisy.<sup>193</sup> Ein kan med rimeleg tryggleik slå fast at det her dreiar seg om den same, eller to nært beslekta kvinner. Kvifor elles skulle testamentet verta oppbevart i denne grava?

Hayes og Quirke spekulerer dessutan i mannen sin identitet. Båe tek utgangspunkt i storleiken og konkrete delar av eigedomane det vert referert til. Hayes hevdar mannen er gjenkjennelig frå tekst a<sup>194</sup> i den nemnte dokumentsamlinga, funne i gravkammeret til kvinna Senebtisy, og at mannen tilhørde samfunnseliten, hadde tittelen "Overseer of the Fields of the Southern City", og heite Ha-ankh-hef, son av Yebiyau.<sup>195</sup> Quirke på si side hevdar mannen var visiren Renseneb frå dynasti 13.<sup>196</sup>

Uavhengig av dokumentet sin tilstand og eigar skjønner me innhaldet. Ein mann, moglegvis Ha-ankh-hef, testamenterer alle eigedomane sine til kona Senebtisy. Interessant i den

---

<sup>191</sup> Hayes 1955, 115-116

<sup>192</sup> Robins 1993, 128-129

<sup>193</sup> Parkinson 1991, 99

<sup>194</sup> Ein anna tekst i samlinga som Parkinson refererer til over. Samlinga er publisert samla i Hayes sin publikasjon.

<sup>195</sup> Hayes 1955, 116

<sup>196</sup> Quirke 1990, 148-149



## Kvinner i det gamle Egypt

---

samanheng er at det ser ut til å ha vore usemje mellom far og dotter, moglegvis frå eit tidlegare ekteskap<sup>197</sup>, angåande arvefordelinga. Det dreiar seg i grove trekk om namngjevne eigedomar Senebtisy arvar som dottera hevdar allereie er hennar. Fyrste del av dokumentet antyder at dottera faktisk har gått rettens veg med denne usemja. Korleis dette gjekk til kjem ikkje fram. Det kjem likevel fram at Tehenwet måtte gje opp sitt krav på arv til fordel for Senebtisy. Uavhengig av utfall gjer dokumentet det, slik eg og Robins ser det, klårt at kvinner kunne gå rettens veg på eige initiativ.<sup>198</sup>

Dette testamentet fortel oss at arv ikkje var sjølvstøtt. Trass at Tehenwet ikkje vann fram, gjer dokumentet det klårt at kvinner kunne arve og disponere eigedom. Fyrst ser ein dette ved at mannen i si tid arva frå eiga mor, og for Senebtisy sin del er det klårt at ho hadde råderett til å avgjere kven av borna, og kor mykje dei ulike skulle arve. I den samanheng vert det fokusert på kor vidt borna har vist omsorg for sine aldrande foreldre.

---

### 2.3.3 KONKLUSJON – MELLOMRIKET

---

#### 2.3.3.1 KJØNNSROLLER OG ANSVARSFORDELING

Dei ulike breva i samlinga gjev eit variert inntrykk av kvinna si rolle. Brev som er mellom menn illustrerer kvinna si rolle i heimen, viser til familiekonfliktar kor kvinner var innblanda, og at det var menn som tilsynelatande var ansvarlege for å ordne opp.<sup>199</sup> Trass dette er det interessant at kvinner tok aktiv del i konfliktar som oppstod. Slik eg ser det hadde ikkje eit samfunn med eit negativt kvinnesyn opna for dette, og i alle fall ikkje gjeve kvinner ei slik rolle i nedteikningane.

P. Heqanakht 4, som er eit brev mellom mor og dotter, er eit motstykke til dei tre breva eg allereie har omtala. Denne kjelda gjer det klårt at kvinner på lik line med menn kommuniserte seg i mellom, hadde eigne problem og føretak å ta stilling til. Kanskje kan ein i denne samanheng argumentere for at dei ulike oppgåvene i samfunnet var prega av kjønnssegregering. Uansett om dette var tilfellet, er poenget her at samanlikninga mellom dei to gruppene av brev skapar eit ulikt inntrykk av kvinner sin posisjon. Når menn kommuniserer kjem kvinner i skuggen som passive familiemedlem, medan eit anna inntrykk kjem fram i brev mellom kvinner.

---

<sup>197</sup> Hayes 1955, 116

<sup>198</sup> Robins 1993, 129

<sup>199</sup> P.BM 10549, P.Heqanakht 1, P.Heqanakht 2

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Kjeldene skisserer dessutan eit mogleg familiehierarki. Det er sjølvsagt ikkje tvil om at familiefar<sup>200</sup> var i ein spesiell posisjon over alle. Eldste son ser dessutan ut til å vera den familiefar vel å kommunisere med angående familiære problemstillingar. Dette indikerer at han óg hadde ei spesiell rolle innad i familien. Rasjonslista i P. Heqanakht 2 nyanserer moglegvis dette noko meir. Det i augefallande at to kvinner står øvst på denne lista. Rekkjefølgjen i lista er familiefar si mor, ei anna kvinna (enten ei tante, søster eller kona til familiefar), søner, og til sist kjem andre kvinner, som mest sannsynleg er familien sine døtre. På grunn av rasjonslista og gjentekne helsingar til familiefar si mor, er det grunn til å tru at denne kvinna hadde ei opphøgd rolle i familien. Det er derimot uvisst kor vidt denne rolla innebar noko reelt mynde over andre familiemedlemmar eller bestemte ansvarsområde. Diskusjonen som kjem opp angående omgifte, i den same kjelda, er svært interessant og konklusjonen av denne må vera at plassering i det sosiale hierarkiet var avhengig av to faktorar; forhold til personen på toppen av hierarkiet, i dette tilfellet familiefar, og lengda på dette forholdet. Dette talar for at mor til familiefar, i dei fleste tilfella var betre stilt enn kona hans.

---

### 2.3.3.2 KJØNN OG DISPONERING AV EIGEDOM

Rettsdokumenta eg har funne fram, er som nemnt alle testament oppretta for menn.<sup>201</sup>

Nyansane mellom dei ulike testamenta er ikkje store. Av alle tre går det fram at kvinner kunne arve eigedomar. Det går samstundes fram at arv ikkje var sjølvsagt, verken for kone eller born. Spesielt godt kjem dette fram i P. Kahun VII.1, der mannen faktisk fråskriv kona arv. Det skal i denne samanheng seiast at me ikkje kjenner omstendene rundt denne avgjersla, og at det kan liggje ei naturleg forklaring, som til dømes dødsfall eller skilsmisse, bak.

Det som derimot synest å vera meir sikkert er at eldste sonen, som blant anna P. Kahun I.1 antyder, skulle følgje i far sine fotspor, og var sannsynlegvis i ein tryggare posisjon enn resten av familien i forhold til arv. Denne konklusjonen vil i så fall vera i tråd med Janssen og Janssen når dei skisserer dei tre karrierevegane i det egyptiske samfunnet; posisjon frå far til son, individuelle dugleikar, og som ein av farao sine yndlingar.<sup>202</sup>

Kor vidt kvinner som arva hadde råderett over eigedomane er vanskeleg å svare på. P. Heqanakht antyder at det var familien sine menn som tok seg av familien sine eigedomar. Derimot kan det sjå ut som at kvinner stod fritt til å avgjere kor mykje, og kven av borna som

---

<sup>200</sup> *Neb per*

<sup>201</sup> P.Kahun I.1, P.Kahun VII.1, P.Brooklyn 35.1446

<sup>202</sup> Janssen and Janssen 2007, 83-96

## Kvinner i det gamle Egypt

---

skulle arve i dei to andre testamenta.<sup>203</sup> Til dømes står det i P. Brooklyn 35.1446 *Let them*<sup>204</sup> *make a petition [to] my [wife]*. Altså ser ein at borna måtte gjera seg fortent til å arv.

I den samanheng kan det vera fornuftig å merke seg at mannen i P. Kahun I.1 utnemner ein verje for sonen sin. Her har det nok fyrst og fremst dreidd seg om yrkesliv, men det er heller ikkje umogleg at det var ei sikring i høve til sonen sitt krav på arv. Av denne tolkinga ser ein at kvinner faktisk hadde råderett over eigedom, og at eldste son sine krav ikkje var sterkare enn kona sine.

Trass i at dette viser at kvinner kunne disponere eigedomar, er det viktig å hugse at alle døma viser til situasjonar, moglegvis i framtid dersom dette er tidlege døme på ekteskapskontraktar, kor mannen er død. Under normale omstende er det sannsynleg, i tråd med Johnsen, at det var menn som disponerte eigedomane.<sup>205</sup> Behovet for kontraktar skapar dessutan høve for at dei aktuelle forholda var mot normalen, og difor måtte nedteiknast føre vitne, slik at ingen i ettertid kunne stilje spørsmål ved forholda. Slik eg ser det, vil likevel det faktum at kvinner under gjevne omstende kunne ha råderett over eigedom, likevel opne for at at ambisiøse og ressurssterke kvinner kunna oppnå råderett sjølv om ektemann levde i beste velgåande.

---

### 2.3.3.3 KVINNER SIN RETTSTRYGGLEIK

Det er lite konkret som kjem fram knytt til kvinner og deira forhold til rettssystemet i kjeldene frå denne perioden. Enkelte indikasjonar er det likevel. Fyrst er det interessant kor vidt kvinner var meir sårbare i samfunnet utan ein mann ved si side. Spesielt godt ser ein kanskje dette i P. Kahun I.1 der ektemannen skriv ned nøyaktig kor kvinna skulle bu og kor ho skulle gravleggjast, og poengterer at ingen under nokon omstende kunne endre på dette. Eit anna mogleg døme på dette, ser ein lenger ned i same dokument, der familiefar utnemner ein verje for sonen sin. Dersom dette skal ha noko med rettslege krav på arv å gjera, må formålet til verjen vera å sikre sonen sine krav. Var dette tilfellet, må poenget vera at verjen i motsetnad til sonen hadde mynde over kvinna i slike situasjonar. Såleis kan ein skimte eit mogleg hierarki i høve til mynde i rettsvesenet.

Eit anna rettsdokument vinklar saka noko annleis.<sup>206</sup> I dette dokumentet klagar ei dotter far sin for retten på grunn av usemje ved fordeling av eigedom. Kva retten legg til grunn for avgjersla kjem ikkje fram, men det er likevel tydeleg at dottera ikkje får medhald. Trass

---

<sup>203</sup> P.Brooklyn 35.1446, P.Kahun I.1

<sup>204</sup> borna

<sup>205</sup> Johnsen 1999, 170-171

<sup>206</sup> P.Brooklyn 35.1446

avslag er poenget at denne kvinna faktisk nyttar seg av rettsvesenet. Om ho i utgangspunktet var den svakaste parten hadde det, slik eg ser det, aldri vore aktuelt å nytte seg av dette apparatet i utgangspunktet.

I to av breva i samlinga<sup>207</sup>, som eg kjem meir inn på i kapitel 2.3.3.4, ser ein dessutan kvinner som engasjerte seg i korleis rettsvesenet fungerte. I P. Kahun XXI.1 er det dessutan grunnlag for å hevda at kvinna hadde til hensikt å innverke på dommarane si avgjerd. Om så var vert det i alle fall feil å seie at kvinner ikkje hadde noko form for rettstryggleik. Likevel kan ein innvende at det like gjerne dreiar seg om folkesnakk snarare enn reell autoritetsutøving. Om ikkje anna, er desse breva tydelege døme på at kvinner kunne vera i viktige posisjonar med eit reelt samfunnsengasjement.

---

### 2.3.3.4 SJØLVSTENDIGE KVINNER

Når det gjeld kva som er sjølvstendige kvinner og ikkje, er dette eit definisjonsspørsmål. Det eg kjem til å fokusere på i dette og liknande delkapitel, er kvinner som var i posisjon til å bestemme, og såleis utøve mynde ut frå eigen familie- eller samfunnsposisjon.

I P. Kahun III.3 vert me kjent med ei kvinne som var ansvarleg for ei verksemd med mange tilsette, sannsynlegvis i forbindelse med den lokale tempelkulten. I dei to andre breva ser me kvinner som engasjerte seg i korleis rettssystemet fungerte.<sup>208</sup> Som nemnt over er det faktisk grunn til å tru at kvinna i P. Kahun XII.1 har mynde til å innverke på dommarane si avgjerse. Avgjerande her er om høve for innverknad var reelt, om det visar til ein generell trend i samfunnet, og enda viktigare om kvinner kunne innverke på eit sjølvstendig grunnlag uavhengig av kontaktar plassert i riktige posisjonar.

To av rettsdokumenta indikerer dessutan at dei aktuelle kvinnene kan koma til å oppnå ei eller anna form for sjølvstende i framtida.<sup>209</sup> Ikkje berre fordi dei arvar, men fordi mannen tillegg dei rett til å disponere eigedomar som dei sjølv vil.

Dei ulike kvinnene i kjeldesamlinga vert titulert på ulikt vis. Nokon vert vist til ved bruk av namn, nokon ved pronomen, og andre med titlar. Lippert peikar på tre titlar; *hemet* – ”kone”, *habsut* – ”konkubine”, og *hemet tjay* – ”gift kvinne”, og hevdar at bruken av desse snarare speglar forholdet til mannen enn kvinner si rolle i familie og det offentlege rom.<sup>210</sup> Slik eg ser det er trenden i kjeldene frå Mellomriket at kvinner med spesielt mynde nyttar tittelen *nebet*

---

<sup>207</sup> P.Kahun XII.1, P.Kahun XV.1

<sup>208</sup> P.Kahun XII.1, P.Kahun XV.1

<sup>209</sup> P.Kahun III.3, P.Brooklyn 35.1446

<sup>210</sup> Lippert 2008, 35

## Kvinner i det gamle Egypt

---

*per* – ”husets frue”. I desse tilfella er det den sjølvstendige rolla i familie og det offentlege rom som er viktig.<sup>211</sup> Såleis ser ein at tiltale var avhengig av kor vidt dokumentet var av offentleg eller privat karakter, og kva for posisjon den aktuelle kvinna hadde i sin familie og det offentlege rom.

---

<sup>211</sup> P.Kahun III.3, P.Kahun XV.1

### 2.4 KVALITATIV ANALYSE – DET NYE RIKET (1550-1069 F.V.T.)

#### 2.4.1 BREV

##### **O. Berlin 10616**

Dette brevet er frå presten Userhat til søster hans Resti. Brevet stammar frå Theben under dynasti 18 (1550-1295 f.v.t.), og handlar om Userhat si misnøye med ei tenestekvinne.

It is the wab-priest Userhat who addresses his sister Resti:

I have noticed the woman Iupy's indifference toward me in the midst of my adherents. Why has this chaff been given to me? Must I fetch for myself from [my own] house even though I have(?) no magazine? But [it is you who should] advise her properly so that she might be able to help you [in] whatever you [may do], for I have taken good care (of her). No accusation [has been] brought (against me?) as conclusive(?). Every time [I] enter to serve as wab-priest, I must go to fetch for myself [...] in order to have them become like my adherents.

Mind you, reprimand her! Don't let her be indifferent in the midst of my adherents.<sup>212</sup>

I dette brevet klagar Userhat over ei tenestekvinne som ikkje gjer nytte for seg, og som får han til å tape ansikt i påsyn sine tilhøyrarar. Userhat ber søster si ta affære. Han meiner tenestekvinna aller helst burde vore i Resti si teneste, slik at ho kunne vorte rettleia og dessutan fått ein reprimande i ny og ne.

Den konkrete grunnen bak brevet er openlys; Userhat er ikkje nøgd med jobben tenestekvinna gjer. Det som er uklårt er kvifor Userhat ikkje gjer noko med dette sjølv. Kan det hende Userhat berre låner tenestekvinna hjå Resti, og at det difor er hennar jobb å følgje opp? Var det slik at berre ei kvinne kunne straffe ei anna kvinne? Det er lite konkret som kan kaste lys over oppgåva kvinna har hatt, ei heller Resti si rolle i det heile.

Likevel skal det seiast at det er enkelte indikasjonar på at kvinna fungerte som Userhat sin personlege tenar. Ikkje berre fordi Userhat snakkar om heimen sin i brevet, men óg fordi han nemner sine tilhøyrarar. Det kjem ikkje fram kva som ligg i dette ordet, men slik eg ser det kan det enten vera snakk om familie, eller personar under han i det religiøse hierarkiet.

Poenga eg kan dra ut av brevet er blant anna at samfunnet kan ha vore oppdelt i grupper, og at mynde over dei ulike kan ha vore knytt til kjønn.

---

<sup>212</sup> Wente and Meltzer 1990, No.120

### P. Robert Mond 2

Dette brevet er frå Ramose til husets frue Sherire. Brevet er skrive i Amarna midtvegs i dynasti 18 (1352-1336 f.v.t.). Moglegvis har mottakar budd i nærleiken av Theben.<sup>213</sup> Brevet handlar om familiære tema og Ramose skuldar blant anna dotter si for å boikotte kommunikasjon med far.

The unguent preparator of the house of Princess Meritaton, Ramose, greets his sister, the lady of the house Sherire:

...<sup>214</sup>

A further matter: What's the meaning of your failing to write me about all your state of health through whoever happens to come here [from you, for] you know that I am exceedingly concerned about you? Am I being too pushy (about this)? If you have committed a million [faults], have I [not] forgotten them just as I forgot my own which are in me? For my heart [...] at sending [...] in (?) the service of Meritaton. It has been a period of four(?) years now that no letter has reached [me] here from you. Now as for the letter, you/I shall [...] say to(?) Pamen, "Is [it] my daughter who told you not to write to him lest he take him away from [...]?" [...] people(?), and he [...] his belittling me, for I had acted against her will. Did not [...] against me secretly? And you shall find me someone and send him to me, since the administrator of [...] them(?).

A further matter: As for [...] the footmen of my brother, you found [...] a way with you when you/I come returning from the country. [I] told you to write to the [...], but he(?) didn't respond to them.

A further matter: When my letter reaches you and you read [it, you shall proceed] to return right away because I am concerned about you. Don't delay because [...] Aton [...] everyone who is friendly(?) [...] the Aton-[servant(?)] of the house of Princess Meritaton [...] against(?) me. Keep watch over the things that are in your possession because you can't comprehend how I live without a woman [here with me]. I can't find a person to have [him] bring her(?) [to me].

A further communication [to] Nebnefer(?): [If it is (name)] who said to you [...], it hasn't been done for me. And [you] shall write me about whatever I am to say. [When my] letter arrives there, you shall denounce him to the magistrates, and I will surely have recourse to whomever I should have recourse to. Now as for [...] Pen]huybin].

A further matter: If it is my daughter who said to you, "Don't proceed [...] to] return", don't listen to her.

A further communication to Towy: ...

A further communication to his brother Sehen: ...

A further [communication to the administrator(?)] Huy: ...

A further communication to Weri: ...

Address: ...<sup>215</sup>

Brevet er noko fragmentert, og Peet kommenterer at fåtalet på liknande dokument, frå dynasti 18, gjer samanlikningsgrunnlaget lite og gjenkonstruksjonar vanskeleg.<sup>216</sup> Likevel er det

---

<sup>213</sup> Peet 1930, 85

<sup>214</sup> Vanlege høflegheitsfrasar.

<sup>215</sup> Wente and Meltzer 1990, No.124

<sup>216</sup> Peet 1930, 86

## Kvinner i det gamle Egypt

---

mogleg å forstå hovupoenga i brevet; Ramose er uroleg over at han ikkje har høyrte frå søster si Sherire på fire år. Han lurar på om det er dotter hans som har sett i verk ein form for protest mot han. Vagt kan ein ane at det har med hans opphald ved hoffet å gjere.

Ved sida av dei reint familiære tema, kan det verke som om Sherire er Ramose sitt talerøyr i familien, og at han prøver å dirigere hendingar på heimstaden. Ikkje berre kva angår søster og dotter, men óg andre namngjevne menn. Sherire blir blant anna beden om å ta kontakt med nokon embetsmenn, på vegne av ein Nebnefer, å få orden på noko ugjort. På grunn av manglar i teksten er det uklårt kva. Sist i brevet vert Sherire beden om å overbringe beskjedar til fleire namngjevne menn. Forutan praktiske hensyn kan dette siste vera ein indikator på at Sherire var den av desse som kunne lese.

Brevet tyder på ein familiefælde, og det er ikkje umogleg at kvinnene i familien har konspirert mot Ramose. Det interessante er at Ramose vender seg mot Sherire. Relasjonen mellom dei to er vanskeleg å slå fast. I følgje Robins vart tittelen *hemet* – kone skifta ut med termen *senet* – søster, som på denne måten fekk eit nytteområde under dynasti 18.<sup>217</sup> Såleis kan kvinna likegodt vera kona hans. Uansett om Sherire er i stoda ho er på grunn av Ramose sitt fråvær eller ikkje, indikerer kontakten med embetsmennene at Sherire var i ein spesiell posisjon. Denne kontakten tyder på at kvinner kunne engasjere seg og vart stolt på saker av offentleg karakter.

### O. Cerny 3

Dette brevet er frå skrivaren Turo til mor hans som var musiker i Amontempelet. Brevet stammar frå Deir el-Medina tidleg i dynasti 19 (1279-1213 f.v.t.), og handlar i all hovudsak om at Turo ber mor ordne med nye klede til han.

The scribe Turo greets his mother, the chantress of Amon [name lost]: ...

How are you? ...

I am being sent as far as the east [side to the(?)] vizier in order to collect dues of(?) his agents who are in the fields. And [...] as last year's balance due. Now there is no loincloth for my rear, for my loincloth has been taken away. [...] apportioned(?) to the granary of the Pharaoh, l.p.h. Please give your personal attention and have me provided that I may cause(?) [...]. Don't make me walk helpless, or you will be [made] helpless, because [...].

---

<sup>217</sup> Robins 1993, 61



## Kvinner i det gamle Egypt

---

Now as soon as I return from my errand, I will deliver his goods in grain [...]. Don't listen to what Wadjmose has said, or you may have to serve as a member [of the crew]! (Accounts follow).<sup>218</sup>

Brevet er ganske fragmentert, og blant anna er namnet til mor ukjent. Turo skriv for å fortelja at han er sendt på oppdrag for visiren. Oppdraget går ut på å samle inn skattepengar aust i landet. Ved sida av å informere om oppdraget ber han mor si ordne med nye klede til han. Av dette ser ein eit typisk døme på den tradisjonelle og omsorgsfulle morsrolla, slik den vert framstilt av blant anna Molseth.<sup>219</sup>

I det siste avsnittet vert me kjent med ein tredjeperson ved namn Wadjmose. Hans forhold til dei to andre kjem ikkje fram. Eg vil anta, ut frå måten det er skrivne på, at mor har skrivne eit bekymra brev til Turo angående noko Wadjmose har sagt. Det er tydeleg at Turo ikkje ønskjer mora si innblanding, ei heller Wadjmose si.

Nedst i dei to siste avsnitta kjem Turo med truslar mot mor si. Fyrste gang dreiar det seg om kva som vil skje dersom ho ikkje ordner med nye klede til han, og sist dreier det seg om noko den nemnte Wadjmose har sagt. Det er tydeleg at Wadjmose og Turo ikkje kom godt overeins. Brevet gjev ingen fleire leietrådar knytt til desse truslane.

Rett nok kjenner me ikkje omstendene til dette brevet, ei heller kor vidt det er alvor i Turo sine trugslar. Kanskje hadde Turo behov for å poengtere mor sitt bidrag var avgjerande for kor vidt han kom til å hjelpe mora når ho vart gamal. Dette vil i så fall vera i tråd med Robins når ho snakkar om det gjensidige omsorgsansvaret familiemedlemmar hadde ovanfor kvarandre.<sup>220</sup>

Konklusjonen er at kvinner kunne ha eit eige ressursgrunnlag, som i dette tilfellet stammar frå eigenproduksjon av klede, eller inntekter frå stillinga som musiker i tempelet. For det andre indikerer brevet at born og foreldre var avhengige av kvarandre, på kvar sine måtar, og til ulike tidspunkt i livet.

### O. DM 116

Dette brevet er frå kvinna Nebeton til mannen Pannebu. Brevet stammar frå Deir el-Medina tidleg i dynasti 19 (1279-1213 f.v.t.), og handlar om ein handel mellom to kvinner.

---

<sup>218</sup> Wentz and Meltzer 1990, No.197

<sup>219</sup> Molseth 2007, 20-26

<sup>220</sup> Robins 1993, 132

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Addressed by the woman Nebeton to Pennebu: ...

A woman took the wool(?) from me, [and she] told me, "Give me a freewoman's [...] in addition to it, and I will give you these five copper deben-pieces", so she said to me. See whether or not you may find a way to supply it. Will you mention it as well to Mehy and also to Paherypedje or not? And will you write me about the instructions you will give or not, so I can [send] your younger brother up with a bowl?<sup>221</sup>

Bakgrunnen for brevet er ein handel Nebeton har inngått med ei anna kvinne. Omstendene rundt handelen er noko uklår. Likevel forstår me at Nebeton ber om hjelp frå Pannebu og to andre menn. Til sist ber Nebeton Pannebu skrive tilbake og informere om korleis han kan hjelpe. Brevet er såleis eit typisk døme på at kvinner hadde kontaktnettverk og nytta seg av dette i situasjonar kor dei sjølv ikkje strakk til.

Som sagt er omstendene rundt handelen mellom dei to kvinnene uklår. Allam tolkar brevet i retning at Nebeton er misnøgd med handelen som har funne stad, og framferda til den andre kvinna. Dei tre mennene skal hjelpe kvinna å få ei ordning på saka.<sup>222</sup>

Kva er det derimot som gjer Nebeton misnøgd i utgangspunktet? Har kvinna betalt for lite for vara, eller er resten av handelen av ein storleik at Nebeton ikkje klarar å frambringe denne på eiga hand? Her skal det seiast at prisen ho vert tilbydd ikkje var spesielt stor, og indikerer såleis at det er prisen som var problemet. Uansett storleik er kjelda eit klart døme på at kvinner dreiv handel, og såleis kan ha vore ein viktig ressurs i familie og samfunnet. Likevel tyder kjelda på at kvinner ved einskilde høve trong ein mann til å ordne opp for seg.

### O. DM 587

Dette brevet er frå Paser til kvinna Tutuia. Brevet stammar frå Deir el-Medina tidleg i dynasti 19 (1279-1213 f.v.t.), og handlar om økonomisk støtte frå Paser til søster.

Addressed by Paser to the woman Tutuia:

What's the meaning of your words, your reproach of me? You sent (me) a message when your mother was still alive, and I came and gave you a skirt. And I gave the [...], saying, "Take disposition of them", and they became yours. You brought three bundles of vegetables, and I [said], "From where (do they come)?" And you answered me, "[I] didn't get them from my mother Sita[mon]."

I returned again after your mother died, and gave you a tekhbes-basket with the request to buy a goat with it, but you said to me, "One tekhbes-basket is insufficient". And I said to you, "Add a bundle of vegetables to it and buy the goat". You said to me, "[I] did add it (to enable the purchase)". But now you write saying, "I have bought for you an idle(?) (available?) goat, whose price is one tekhbes-basket and vegetables plus another tekhbes-basket to enable its purchase(?). I have bought it."

---

<sup>221</sup> Wenté and Meltzer 1990, No.227

<sup>222</sup> Allam and Černý 1973, 94

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Now see, I gave to you [some item], saying, “Buy oil with it. Use it. Don’t use the bundle of vegetables. Buy oil with it. Now I am your good brother who looks after you, my sister(?)”.<sup>223</sup>

Tema i brevet er Paser sine økonomiske bidrag til Tutuia. Fyrste avsnitt handlar om tidlegare hjelp Paser har gjeve kvinna. I neste avsnitt pågår det ein tydeleg diskusjon angående prisen på ei geit. I siste avsnitt får me veta at geita er kjøpt, men til ein høgre pris enn avtalt. Paser er lite nøgd med dette, og lurar på kvifor ho ikkje gjorde som avtalt, og såleis fordelte ressursane på fleire behov.

Dei to er mest sannsynleg søsken<sup>224</sup>, og brevet vitnar såleis om ansvaret ulike familiemedlemar hadde ovanfor kvarandre. Tutuia si stode er noko uklår, då ho tydelegvis har fått tak i matvarer utan Paser si hjelp. Det slår meg likevel at brevet er eit typisk døme på korleis stoda for single kvinner kunne vera, og at desse sin skjebne var i hendene til andre. Det kjem ikkje fram om Tutuia var enke, skilt eller ugift. Eit svar på det hadde vore nyttig informasjon i høve til kva kvinner denne problemstillinga gjeld.

Trass i at Tutuia var avhengig av hjelp frå bror, ser me at ho ikkje brydde seg mykje om formaningane han kom med angående ressursbruk. Ho var i stand til å inngå sjølvstendige handelsavtalar, og til ein viss grad framskaffe eigne midlar til å inngå desse med. Nok ein gong ser me at eige ressursgrunnlag skapar grunnlag for sjølvstendige handlingar.

### O. DM 324

Dette brevet er frå Ankhau til dotter hans Nubemshas. Brevet stammar frå Deir el-Medina tidleg i dynasti 19 (1279-1213 f.v.t.), og handlar i grove trekk om at far ber dotter sørgje for matrasjonar til han og hans menn.

Ankhau to his daughter Nubemshas: ...

No bread is being sent down to the marketplace as daytime requirements to allow me to take any to the boys. Send me five loaves each ten-day periode, [and I shall] give to the boys from them because I can give them daily only what I’ve got on hand.

A further matter: Please have them furnish one inehty-basket of kyllestisbread as well as one of vegetables because a message has been sent to me saying, “Bring the boat to be loaded in order that [they] may be brought downstream to me”. Please have them furnish that which is [...] there(?) so that I may send them [out after the] bad people.<sup>225</sup>

---

<sup>223</sup> Wentz and Meltzer 1990, No.219

<sup>224</sup> Sjø Robins 1993, 61 for utdyping om termen søster.

<sup>225</sup> Wentz and Meltzer 1990, No.230

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Bakgrunnen for brevet er at Ankhau treng brød til arbeidsgruppa si. Ankhau ber dotter si skaffe, lage og sende rasjonar til faste tidspunkt. Ordlyden gjer det klart at provianten var avgjerande for kor vidt Ankhau og gutane skulle få gjort jobben dei var sett til.

Av brevet ser me at familien var viktig. Når dei vanlege (statlege?) matforsyningane utevart var det familieband som avgjorde kor vidt ein likevel hadde tilgang på tilstrekkeleg proviant/ressursar. Kvinna Nubemshas enda altså opp med ei avgjerande rolle for kor vidt gjennomføringa av jobben til far skulle vera mulig å gjennomføre.

Ordlyden, kvar ti dagars periode, tek eg som eit sikkert teikn på at Ankhau var arbeidssjef for ei av arbeidsgruppene i "Konganes dal".<sup>226</sup> Likevel er det underleg at rasjonane skal sendast med båt. Enten betyr dette at kvinna budde i Theben, som var på andre sida av Nilen, eller så var arbeidsstaden ein anna enn "Konganes dal". Uansett kor arbeidsstaden var, ser me at kvinner si rolle, trass i kor vidt normalen var knytt til heimen eller ikkje, kan ha strekt seg utover hushaldet.

Denne kjelda er altså eit mogleg døme på at arbeidsmennene i Deir el-Medina var vekke frå heimane sine over lengre periodar samanhengande. Dette opnar for at kvinner fekk ei utvida rolle i denne landsbyen. Dessutan kan avstaden mellom mann og kvinne vera den viktigaste grunnen til at så mange brev er funnen i landsbyen, og at kvinner så vel som menn kunne lese og skrive. Når det gjeld resten av Egypt veit me sjølvstund ikkje om stoda var den same, og ein skal ikkje sjå vekk i frå at forholda i Deir el-Medina representerer ein anomali samanlikna med generelle forhold.

### O. DM 125

Dette brevet er frå ei ukjent kvinne til kvinna Henutudjebu. Brevet stammar frå Deir el-Medina tidleg i dynasti 19 (1279-1213 f.v.t.), og er ein bestilling på eit stykke klede.

A further communication to the woman Henutudjebu:

Please give your personal attention and procure a tunic for me (a woman) in exchange for the bracelet and have it furnished to me [in] ten days.<sup>227</sup>

---

<sup>226</sup> Seidel 2001, 121; Endruweit 2001, 391

<sup>227</sup> Wentz and Meltzer 1990, No.229

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Dette brevet er svært kort, og har sannsynlegvis vore del av eit større brev.<sup>228</sup> Brevet framgår som ei bestilling til kvinna Henutudjebu frå ei anna kvinne. Bestillinga lyder på ein tunika, og skal verta betalt for med eit armband.

McDowell karakteriserer brevet som eit døme på målretta handel.<sup>229</sup> Tidsavgrensinga på ti dagar fører derimot til at både McDowell og Allam ser handelen som byte av varer, snarare enn at kvinna skal produsere av ein ny tunika.<sup>230</sup>

Brevet er eit typisk døme på at kvinner kunne vera ein ressurs i samfunnet. Dei kunne lage og byte varer for seg sjølv og andre. Frå dette ressursgrunlaget vil ein kunne hevde at i alle fall nokon kvinner kunne krevje eit visst sjølvstende.

### O. Prague 1826

Dette brevet er frå kvinna Takhentyshepse til hennar søster Iye. Brevet stammar frå Deir el-Medina under dynasti 19 (1295-1186 f.v.t.), og handlar om flyten av matvarer mellom ulike fraksjonar av familien.

Addressed by Takhentyshepse to her sister Iye: ...

I shall send you the barley, and you shall have it ground for me and add emmer to it. And you shall make me bread with it, for I have been quarreling with Merymaat (my husband). "I will divorce you", he keeps saying when he quarrels with me on account of my mother in questioning the amount of barley required for bread. "Now your mother does nothing for you", he keeps telling me and says, "Although you have brothers and sisters, they don't take care of you", he keeps telling me in arguing with me daily, "Now look, this is what you have done to me ever since I've lived here, whereas all people furnish bread, beer, and fish daily [to] their (family) members. In short, should you say anything, you will have to go back down to the Black land".

It is good if you take note.<sup>231</sup>

Takhentyshepse byrjar med å informere om at ho kjem til å sende korn, til Iye, slik at sistnemnde kan foredle og produsere brød til Takhentyshepse sin familie. Argumentet for at Iye skal gjere dette, er at Takhentyshepse sin mann har truga med skilsmisse på grunnlag av ei familiær usemje angående nødvendige mengder korn til brødlaging. Dessutan hevdar mannen at verken mor eller søsken til Takhentyshepse stiller opp slik dei burde. Ho siterer mannen sin: *all people furnish bread, beer, and fish daily [to] their (family)members*. Vert det inga ordning på dette trugar han med å sende kona tilbake til "det svarte landet".

---

<sup>228</sup> Sjå til dømes O.DM 560, P.Robert Mond 2

<sup>229</sup> McDowell 2001, 75

<sup>230</sup> Allam and Černý 1973, 96

<sup>231</sup> Wentz and Meltzer 1990, No.200

Tonen i brevet er vanskeleg å fastslå. Innleiingsvis tyder ordlyden på ein skarp og irettesetjande tone, medan dei siste orda er meir bedande. McDowell hevdar derimot endinga er typisk for denne typen korrespondanse<sup>232</sup>, og såleis ikkje seier oss noko.

Brevet er interessant fordi det antyder at familiefleksjonar heng saman gjennom handel og omsorg. Spesielt gjeld dette om ektemannen si utsegn, knytt til daglege matrasjonar, var tilfelle. I den samanheng skal det seiast at både McDowell og Allam seier det er vanskeleg å forholde seg til utsegna. Dei to finn mannen usympatisk, og kommenterer at ein arbeider i Deir el-Medina mest sannsynleg ikkje hadde behov for ekstra mat frå kona sin familie.<sup>233</sup> Uavhengig av truverdet til dette brevet er det klart at det eksisterte band mellom fleksjonar av familiane, og at desse prøvde å hjelpe kvarandre så godt det lot seg gjere.

### **P. Gurob III.1**

Dette brevet er frå ei ukjent kvinne til ein prins eller konge av Egypt, moglegvis Merenptah (1213-1203 f.v.t.). Brevet stammar sannsynlegvis frå ein stad i nedre Egypt i siste del av dynasti 19 (1213-1186 f.v.t.), og handlar om ei kvinne som søker om løyve til å starte eit respektert føretak.

[a lady] said to me, "If thou wilt cause . . . to be done] being like those which are done for Ra, exactly, exactly, I shall cause thee to be marvelled at for them, I shall not cause to be taken to me benefits." O that(?) my good lord, I.p.h.! would cause to be brought to me people to teach them and to instruct them, and to do this great business. It may be(?) that my lord shall find how to cause that to be done, the like of which was not done for Ra. For those that remain are grown children, people who are like those people whom my lord, I.p.h.! causes to be brought, those who know how to do, those who know how to receive instruction, being foreigners, like those who used to be brought to us in the time of Rameses II., I.p.h.! the great god thy good father, and who would say to us "We are wealth in the workshops(?) of the nobles", and who received instruction and were able to do whatever they were told.

This is despatched to give information: Year 2, 3rd month of Verdure (Athyr), day 20.<sup>234</sup>

Griffith hevdar brevet berre er ein del av eit lengre brev, og ser det som sannsynleg at brevet stammar frå dagboka til ein kongeleg skrivar, der kvitteringar for tributtar, og dessutan kongeleg korrespondanse var samla.<sup>235</sup> Såleis er det rimeleg at brevet var adressert til Memphis eller Pi-Ramses.

---

<sup>232</sup> McDowell 2001, 42

<sup>233</sup> McDowell 2001, 42; Allam and Černý 1973, 246

<sup>234</sup> Griffith 1898, 94-95

<sup>235</sup> Griffith 1898, 94

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Kvinna som skriv er vorte oppfordra av ei anna kvinne til å gjere eit særskilt arbeid. Ho refererer til arbeidet som er gjort for guden Ra, og at hennar arbeid skal vera av same kvalitet, om ikkje betre. Ho seier vidare at ho ikkje gjer dette til eigen fordel, men slik at ho kan lære, og dessutan instruere sitt eige folk i dette opphøgde arbeidet. Arbeidet er av ein art egyptarar i liten grad har gjort tidlegare. Det vert så referert til same type arbeid under mottakar sin far, Ramses II, og at det i denne tida var mest utlendingar som utførte denne typen arbeid.

Det store spørsmålet er kven denne kvinna var, sidan ho kommuniserte direkte med kongehuset. Det er svært interessant at ho på sett og viss søkjer om klarsignal til å setje i gong eit føretak. Kan dette tyde på at ein måtte ha kongeleg godkjenning for å drive verksemdar i det offentlege rom? Griffith hevdar i denne samanheng at det aktuelle arbeidet kan ha vore av underhaldande art.<sup>236</sup> Kanskje dans og musikk? Men sidan me ikkje får anna leietråd enn at utlendingar gjorde denne typen arbeid under Ramses II, er dette langt frå sikkert. Slik eg ser det, kan det kan like gjerne dreie seg om handel. Uavhengig av kva arbeid/yrkesgruppe det er snakk om var det av ein spesiell og verdsatt art. Dette sette kvinna, og andre kvinner som hadde same yrke, i ein spesiell posisjon i samfunnet.

### O. Letellier

Dette brevet er frå mannen Kenhikhopshef til kvinna Inerwau. Brevet stammar frå Deir el-Medina ved slutten av dynasti 19 (1279-1186 f.v.t.), og handlar om to spedbarn som har døydd under kvinna Inerwau si omsorg.

Kenhikhopeshef addresses the woman Inerwau:

What means your failing to go to the woman diviner on account of the two infants who died while in your charge? Inquire of the woman diviner about the death of the two infants, whether it was their fate or their destiny. And you shall inquire about them for me and get a view of my own life and their mother's life. As for whatever god shall be [mentioned] to you afterwards(?), you shall write to me concerning his identity. You [will be rendering ser]vice for one who knows her occupation(?).<sup>237</sup>

Brevet er av ein noko spesiell art som har med dei vise kvinnene å gjera. I følgje McDowell kjenner me lite til gruppa av kvinner som hadde lækjande og overnaturlige evner.<sup>238</sup>

Kenhikhopshef anklagar Inerwau for ikkje å ha oppsøkt ei vis kvinne angående dødsårsaken til to spedbarn som kvinna har hatt ansvar for. Kenhikhopeshef fortsett så med å påleggje

---

<sup>236</sup> Griffith 1898, 95

<sup>237</sup> Wente and Meltzer 1990, No.184

<sup>238</sup> McDowell 2001, 114

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Inerwau å ta kontakt med ei slik kvinne snarast, ikkje berre for å finne ut av dei døde borna sin skjebne, men óg hans eigen og barnemora si skjebne.

Slutten er noko kryptisk, men slik eg kan forstå den fortel Kenhikhopeshef kva han vil ha tilbakemelding om; Først og fremst var det viktig kven kvinna var, og at dette var ei kvinne som visste kva ho gjorde. For det andre var det viktig kva for guddom som var innblanda.

McDowell kommenterer at dødsfallet til dei to gutane er mistenkeleg<sup>239</sup>, men kastar likevel lite lys over kvifor kvinna var sett til å ta seg av dei to borna, og kva grunnen til dødsfallet kan ha vore. Slik eg ser det, kan det ha dreidd seg om sjukdom, og at Inerwau har vore borna si amme. I følgje Robins var det ikkje uvanleg for elitekvinner å ha ammer til borna sine.<sup>240</sup>

Det er dessutan interessant kvifor det var Inerwau, og ikkje Kenhikopeshef sjølv måtte oppsøkje den vise kvinna. Var forholda mistenkelege, slik McDowell hevdar, vil det vel vera lite taktisk å sende den mistenkte parten for å etterforske? Slik trur eg me kan utelukka at Inerwau vart skulda for dødsfallet. Eg trur sannsynet er større for at det var kontaktnettet til Inerwau som var orsaken til at det var ho som måtte ta kontakt med den vise kvinna.

Kva seier så dette brevet oss om kvinner? 1. Kvinner kunne ha ulike yrker som strakk seg ut over eigen familie. 2. Brevet gjer det klårt at menneske med ulikt sosialt tilhøyre hadde linkar til kvarandre gjennom tilhøyre til ulike grupperingar i samfunnet.

### O. Berlin 12630

Dette brevet er frå arbeidsmannen Mose til ei ukjent kvinne. Brevet stammar frå Deir el-Medina tidleg i dynasti 20 (1184-1147 f.v.t.), og handlar om ein handelsavtale som ikkje er fullført.

Statement by the workman Mose to the citizeness [...] to the following effect:

The scribe Amennakht, your husband, took a coffin from me saying, "I shall give the calf in exchange for it", but he hasn't given it until this day. I mentioned this to Paakhet, who replied, "Give me a bed in addition to it, and I will bring you the calf when it is mature". And I gave him the bed. Neither the coffin nor the bed is yet here to this day. If you are going to give the ox, send it on; but if there is no ox, return the bed and the coffin.<sup>241</sup>

---

<sup>239</sup> McDowell 2001, 114-115

<sup>240</sup> Robins 1993, 88-91

<sup>241</sup> Wentz and Meltzer 1990, No.256



## Kvinner i det gamle Egypt

---

Motivet for brevet er at kvinna sin avdøde ektemann, skrivaren Amennakht, gjorde ein handel med Mose før sin død. For ei kiste skulle Mose få ein kalv. Problemet var at kalven aldri vart levert. Mose hadde óg vore i kontakt med ein Paakhet for å få ei ordning på avtalen. Ein ny avtale vart inngått; Om Mose laga ei seng til Paakhet skulle Paakhet fore kalven opp til vaksen størrelse for så å overlevere den til Mose. Heller ikkje denne avtalen vart overholdt, og difor vender Mose seg til kvinna. Han ber om at ho gjer opp for dei to mennene, enten ved å betale med den lova oxen eller å gje tilbake kiste og seng.

Cerny slår fast at Amennakht må vera død sidan Mose tek kontakt direkte med kvinna. Trass ordlyd i brevet hevdar Cerny Paakhet berre var ein budbringar, og at den nye senga var nok ei bestilling gjort av Amennakht før han hadde gjort opp for den fyrste.<sup>242</sup> Dette siste punktet er ikkje Allam einig i. Han hevdar Paakhet var ein involvert tredjepart.<sup>243</sup>

Uansett relasjonar, og kven som hadde gjort avtale med kven, ser ein korleis tenestevegen kan ha vore, og at kvinner vart rådført når det var behov for det. Den aktuelle kvinna fekk valet om å levere tilbake kiste og seng, eller betale med den avtalte oxen. Ein ser såleis at kvinner kunne vera del i handelsavtalar på vegne av seg sjølv og ektemann, og det var ikkje automatikk i at andre menn overtok alt ansvar.

### O. DM 439

Dette brevet er todelt, og siste del er svar frå mottakar. Forutan at mottakar av fyrste del er ein mann veit me lite om kven dei to partane var. Brevet stammar frå Deir el-Medina i dynasti 20 (1186-1069 f.v.t.), og er ei skuldning knytt til ei kvinne som bur saman med mannen.

Really, it was not in order that you might become blind to your wife that I took you aside and said, "You should see the things you've done[on behalf of(?)] your wife". You rebuffed me only to become deaf (i.e., indifferent) to this crime, which is Montu's abomination. See, I will make you aware of those adulterous acts that your [wife] has committed at your expense.

Svar:

But she is not my wife! Were she my wife, she would cease uttering her words (charges?) and get out leaving the door open.<sup>244</sup>

---

<sup>242</sup> Cerny 1973, 351

<sup>243</sup> Allam and Černý 1973, 35

<sup>244</sup> Wentz and Meltzer 1990, No.202

## Kvinner i det gamle Egypt

---

I følge McDowell er den skuldande parten ei kvinne.<sup>245</sup> Kvinna konfronterer mannen med åtferda til kona hans, og skuldar ho for utroskap. Mannen svarar krast at kvinna ikkje er hans kone. Hadde ho det vore ville han aldri latt kvinna oppføre seg slik.

Her er det fleire faktorar å kikke nærare på. For det fyrste legg ei utanforståande kvinne seg oppi den aktuelle mannen sitt privatliv, noko som i seg sjølv tyder på eit relativt opent samfunn. Her må det leggst til at me ikkje kan utelukka at kvinna var av nær familie. Likevel vil det vera rart om familien ikkje var klar over om mannen var gift eller ikkje. Slik eg ser det dreier det seg her om vanleg bygdesladder, og kvinna hadde behov for å informere mannen om det ho visste. Kor vidt kvinna har hatt eit motiv for handlinga eller ikkje er uvisst.

Den andre interessante faktoren er vekta mannen legg på at han ikkje var gift med kvinna. Borghouts har her føreslått at mannen sin respons indikerer hans uvisse over situasjonen, og den skulda kvinna sin negative reaksjon til påfølgjande konfrontasjon.<sup>246</sup> Slik eg ser det kan dette vel så gjerne tyde på eit splitta kvinnesyn avhengig av forholdet mellom mann og kvinne. Denne kontrasten finn ein og i visdomslitteraturen:

Beware of woman who is a stranger ... Do not know her carnally. ... Such is a woman away from her husband. ... She is ready to ensnare you. ...<sup>247</sup>

Do not control your wife in her house ... It is joy when your hand is with her.<sup>248</sup>

### LRL No.37

Dette brevet er frå musikerkvinna Henuttowy til skrivaren Nesamenope. Brevet stammar frå, eller er sendt til Deir el-Medina i løpet av dynasti 20 (1186-1069 f.v.t.). Tema i brevet er fleire, hovudtema kan likevel seiast å vera relatert til nøyaktige kornleveransar.

The chantress of Amon-Re, ..., Henuttowy, to the necropolis scribe Nesamenope: ...

I've taken note of all matters you wrote me about. As for the mention you made of the matter of those 162,5 khar-measures of emmer ... they should not draw them out by means of a large oi-pe-measure, ... I went my own self and caused the grain to be received while I was there. It amounted to 146,75 khar-measures by this oi-pe-measure. This native of the necropolis and the fisherman said, "It is 150 khar-measures of grain that we measured out for you with the oi-pe-measure of the granary of the Estate of Amun," so they said. I checked out the oi-pe-measure and told them, "I'm satisfied with the check. I shall find the grain wherever it is," so I said to them.

---

<sup>245</sup> McDowell 2001, 49

<sup>246</sup> Borghouts 1981, 11-22

<sup>247</sup> Lichtheim 2006, 137

<sup>248</sup> Lichtheim 2006, 143

## Kvinner i det gamle Egypt

---

You wrote to me saying, "Receive the 80 khar-measures of grain from this transport boat ..." ... I went [to] receive them and found only 72,5 khar-measures with him. ... I maintained my silence thinking that until you return, Amon, ..., will have done every sort of bad thing to me.

Attend to the grain of his, which you caused to be brought in, since there is no longer even a khar-measure of grain for his divine offerings. It is I who have given 30 khar-measures of emmer for his [divine offer]ings beginning [from Year] 2, second month of the first season, [day] 27, until the third month of the season, day 2, from the grain which is stored under my supervision [...] for the divine offerings.

Now Amon, ..., has caused the grain to be put in a chest and caused a seal to be affixed to it. See, you shall join up with Pseny, and you shall consult with the overseer of the granaries concerning the grain for Amon, ...

Now don't worry about your father. ... The steward of Amon and the wab-priest Nesamedushespes has written me saying, "Don't worry about him. He is all right; ..."

Now Preunemef has contended in court with your father in the presence of Pharaoh, l.p.h., One (the King) has caused your father to be justified against him; One (the king) has charged the officials to make the examination of his men in order to give them back to him. ...

Now the wab-priest of the Temple of Mut Paunesh has written that Pharaoh, l.p.h., has dispatched your father, after Pharaoh, l.p.h., his lord, had done for him every sort of good thing, although the officials did not leave [anything] good for him ...

"Now the general of the place "Beloved of Thot"<sup>249</sup> has been sent," so they say, "in order to take men to the Temple of Millions of Years<sup>250</sup> which is under the authority of the setem-priest and majordomo, to hand over the oil(?)," so they say, "and One (the King) has given the office of prophet of the goddess Nebetuu to ...

As soon as my letter reaches [the place] where [you are], you shall [...] Amon [...] and send someone to me very quickly, since the vizier has written me saying, "Cause [...]" They have [prepared(?)] rations for them, they going [...] dispatched your letter. [...]<sup>251</sup>

Det er tydeleg at mann og kvinne kommuniserer og utfører tenester for kvarandre. Fyrst er det kvinna som, etter oppfordring frå mannen, sjekkar opp i to kornleveransar. Den fyrste visar seg å vera mangelfull, men etter ein personleg sjekk godkjente kvinna likevel oppmålinga. Kvinna tok dessutan i mot ei anna kornleveranse, men denne gangen konstaterer ho berre at leveransen er for liten, og overlet til Nesamenope å ordne opp.

Etter dette skiftar brevet tema og får eit meir personleg preg. Henuttowy fortel om helsetilstand og utfall av ei rettshøyring der Nesamenope sin far var innblanda. Han vert forsikra om at alt går bra og at far hans har farao si støtte. Henuttowy opplyser dessutan Nesamenope om kven som er vorten profet i gudinna Nebetuu si teneste. Sist i brevet fortel ho at visir har teke kontakt, og ber i den samanheng Nesamenope sørgje for assistanse.

Fortsetjinga manglar.

---

<sup>249</sup> Ein militær forlegning

<sup>250</sup> Medinet Habu

<sup>251</sup> Wente and Meltzer 1990, No.290

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Det fyrste som slår meg er at denne kvinna korresponderer og tek del i dei fleste sider av samfunnet. Ikkje berre sjekkar ho ut kornleveransar, ho har óg ansvar for at guden Amon får tilstrekkelege offergåver. Kvinna har dessutan eit vidt kontaktnett med rimeleg oversikt over kva som går føre seg kring henne.

Den spesielle rolla til kvinna får meg til å undre kva posisjon kvinna kan ha hatt i samfunnet. Robins hevdar Nesamenope og Henuttowy er gift, og sidan fyrstnemnde er vekkrest utfører kvinna dei nemnte oppgåvene på vegne av han. Trass brevet hevdar Robins at Henuttowy arbeidar utanfor den offisielle byråkratstrukturen, og at mynde ho utøver ikkje er hennar eige, men snarare eit mynde som tilhøyrrer embete til hennar ektemann.<sup>252</sup> Eg er i tvil angående den midlertidige naturen av oppgåvene kvinna har. Dette fordi arbeidet ho utfører er variert og til tider svært omfattande. Slik eg ser det, krev rolla kvinna utfyller forståing på ein måte som er avhengiog av kontinuitet i embetet. Dessutan er det tydeleg at kvinna har sitt eige embete i tempelet til guden Amon. Kjelda må såleis vera eit godt døme på at kvinner kunne ha sjølvstendige roller med eit stort nettverk på kryss av profesjon og sosiale grupperingar.

### LRL No.38

Dette brevet er frå kvinna Herere til militærkapteinen Peseg. Brevet stammar sannsynlegvis frå Deir el-Medina i dynasti 20 (1186-1069 f.v.t.), og handlar om manglande matrasjonar til arbeidarane i Deir el-Medina.

The principal of the harem of Amon-[Re, King of] the Gods, Herere, to the troop captain Peseg. Quote:

What's this about the personnel of the [great] and noble necropolis [concerning whom] I wrote to you, saying, "Give them rations," that you haven't yet given them any? [As soon as my letter reaches you, you shall look for the grain which [I wrote you] about and give them rations from it. Don't make [...] complain to me again. Have them prepared [for] people [...] commission them. You know [...]. I am writing to inform [you ...].<sup>253</sup>

Brevet handlar om manglande rasjonar til arbeidarane i Deir el-Medina, og kvinna purrar på mannen. Tonen i brevet er krass, og det er tydeleg at kvinna har høgare autoritet enn mannen.

Tittelen til kvinna *weret khener* tyder "fremst i musikkroppen". Wenté og Meltzer si oversetjing ber preg av ei gamal oppfatting av *khener* – "harem", og er såleis lite representativ

---

<sup>252</sup> Robins 1993, 124

<sup>253</sup> Wenté and Meltzer 1990, No.324

## Kvinner i det gamle Egypt

---

for dagens faglege konsensus rundt kva dette var.<sup>254</sup> I følgje Naguib var tittelen svært prestisjefyllt, og berre kvinner frå den absolutte elite hadde tittelen.<sup>255</sup>

Brevet er svært interessant fordi det er eit klårt døme på at kvinner kunne handle direkte i saker som hørte inn under statsadministrasjonen. Dessutan er det interessant at kvinna gjev ordre til ein militærøffiser, då dette var eit område som ikkje angjekk kvinner. Ordlyden til kvinna er autoritær, og slik eg ser det, er det ikkje vanskeleg å sjå kven som er den dominante parten i denne dialogen.

Kva var så grunnen til at denne kvinna var i denne posisjonen? Enten er det den opphøgde stillinga hennar som *weret khener* som gjev ho slik autoritet, eller så er dette nok eit døme på ei kvinne som vikarierer for ein indisponert ektemann. I følgje Robins var det vanleg at kvinner med denne tittelen var kona til ypperstepresten eller ein svært framstående embetsmann.<sup>256</sup> Uavhengig av kven av dei to som var tilfelle forstår me at det sosiale nettverket til denne kvinna består av den absolutte maktelite. Såleis vil kvinna ha meir autoritet enn kvinner flest.

### O. Petrie 61

Dette brevet er frå arbeidsmannen Horemwia til dotter hans Tanetdjesere. Brevet stammar frå Deir el-Medina midtvegs i dynasti 20 (1279-1194 f.v.t.), og handlar om ein bekymra far som lover å ta hand om dotter si dersom ektemannen hennar skulle skilje seg frå ho.

The workman Horemwia, he addresses the citizeness Tanetdjesere, his daughter:

You are my good daughter. If the workman Baki throws you out of the house, I will take action! As for the house, it is what belongs to(?) Pharaoh, l.p.h., but you may dwell in the anteroom to my storehouse because it is I who built it. Nobody in the world shall throw you out of there.<sup>257</sup>

Brevet gjev oss eit unikt innblikk i korleis skjebnen kunne verta for kvinner etter ei skilsmisse. Det er uklårt for oss kor vidt dette gjaldt alle kvinner. Som eg kjem inn på seinare er det grunn til å tru at kvinner i dette tidsrommet, hadde eit lovfesta krav til sin del av felles eigedom. Det som moglegvis skil Deir el-Medina frå dette er at bustadane til arbeidarane var kongen sin eigedom. Såleis var desse eigedomane noko arbeidarane reint fomet berre lånte

---

<sup>254</sup> For meir om den faglege diskusjonen på emnet. Ward 1986, 69; Naguib 1990, 188-207; Onstine 2005, 7-8

<sup>255</sup> Naguib 1990, 201-207

<sup>256</sup> Robins 1993, 148

<sup>257</sup> Wentz and Meltzer 1990, No.199

## Kvinner i det gamle Egypt

---

hjá kongen. Difor kunne det i tilfellet Deir el-Medina vera få eller ingen konkrete eigedomar å arve.

Det brevet derimot ikkje seier noko om er det famtum at farao faktisk eigde alt som var i Egypt. Såleis kan ein kanskje hevde at forholda i Deir el-Medina ikkje var så unike likevel. Poenget må snarare vera at denne familien ikkje hadde spesielle eigedomar å dele på, og i slike situasjonar kan kvinner ha fått eit vanskeleg liv i etterkant av skilsmisser eller dødsfall.

## 2.4.2 RETTSDOKUMENT

### P. Gurob II.1

Dette dokumentet er ein arbeidsavtale mellom mannen Mesu-Amen, kvinna Pi-Kay og sonen til kvinna, Menua. Dokumentet stammar frå Gurob midtvegs i dynasti 18 (1390-1352 f.v.t.).

Year 33, first month of Verdure (Thoth), day 5 under the majesty of King Amenhetep III, ...

On this day a bargain made by the custodian Mesu-Amen with the female citizen Pi-Kay(?) and her son the priest Menua: 17 (or 7) days as *Kharuyt* maid-servant, and 4 days as lady's maid-servant.

There was (?) given to them payment for it: 1 zay (garment) makes 6 khetem, 1 thet (?) garment makes 4 khetem, 1 ox makes 1 (?) khetem, 8 cords (?) make 4 (?) khetem. Total (?) 15 (?) khetem.

Then they said, "Long live the king! If the days are completed (?), adding day to day, then I have taken the payment."

She spake this oath before [...] council [...] of Per-Usar<sup>258</sup>.

Name-list of them:

The priest Zay, the priest Kay, the *wab* P-uah, the *wab* Ra-mes, the people of this town.

Heard it (women) [...] Thiy (?), [...] Ra, Riy (?).

Done by the scribe [...] and the *wab* Un-neferu.<sup>259</sup>

Dette dokumentet er eit av to nærast identiske dokument der kvinna Pi-Kay inngår arbeidsavtalar. Det som skil denne avtalen frå den andre<sup>260</sup> er at sonen til Pi-kay berre er med i dette dokumentet. Dessutan er lengda på tenestetida, og kva tenesta går ut på noko ulik.

Avtale dreiar seg om 17 dagar som "Kharuyt-tenestekvinne" og fire dagar som "tenestekvinne" for ei kvinne. Løna for arbeidet er spesifisert nøye, og utbetaling skulle finne stad siste dag når arbeidet var vel gjennomført. Til sist er dokumentet signert av fleire vitne.

I dette tilfellet, kor sonen Menua er med, kan ein tolke hans rolle som ein form for garantist. Kanskje kan ein til og med hevde at sjølve avtalen var mellom dei to mennene, og at kvinna såleis berre var ein passiv tredjepart som skulle utføre ein jobb.

Ved sida av mi tolking tilfører Griffith eit anna alternativ. Trass i usikkerhet rundt tydinga av ordet *kharuyt*, oversett han dette til ein fellesnemnar – "kvinner frå Syria". Såleis hevdar

---

<sup>258</sup> I tempelet til Osiris.

<sup>259</sup> Griffith 1898, 93

<sup>260</sup> P.Gurob II.2

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Griffith at det ikkje var Pi-Kay og Menua som skulle jobbe som tenestefolk, snarare at dei var mellomleddet, som skaffa tenestefolk til dei som måtte ynskje det, og tente på det.<sup>261</sup>

Uavhengig av kva tolking som er den riktige er dokumentet eit døme på at kvinner kunne tene til livets opphald. Forskjellen på dei to alternativa er inntektsdimensjonane på føretaket. Såleis vil vår forståing av Pi-Kay sin posisjon i samfunnet vera svært avhengig av kva for tolking som er den riktige. Skulle fyrste alternativ vera det riktige kan det tyde at Pi-Kay er i ein økonomisk vanskeleg situasjon og må spe på med litt ekstra inntekter. Er derimot alternativ to det riktige har me her å gjere med ei ressurssterk kvinne.

### P. Cairo 65739

Dette dokumentet er eit referat frå ei rettshøyring der soldaten Nakhi skuldar kvinna Erenofre for å ha nytta seg av midlar frå ei anna kvinne, Bekmut, til kjøp av to namngjevne slavar.

Dokumentet stammar frå Theben tidleg i dynasti 19 (1279-1213 f.v.t.).

[Year ?, the month of ?, day ?. On this day came the soldier Nakhi before the magistrates to bring a charge against the citizenne Erenofre ... Said by the soldier Nakhi ...]

Said by the citizenne Erenofre: “[I am the wife of the superintendent of the district Simut], and I came to dwell in his house, and I worked and [...] and provided my dress. And in year 15, seven years after I had entered into the house of the superintendent of the district Si[mut], the merchant Reia approached me with the Syrian slave Gemnihiamente, she being (still) a girl, and he said to me: Buy the girl, and give me a price for her. So she said to me. And I purchased the girl and gave him a[price] for her. I will now state in front of the authorities the price that I gave for her:... Total, 4 deben, 1 kite of silver from all sources. And I gave it to the merchant Reia, there being (comprised) in it no article belonging to the citizenne Bekmut. And he gave me this girl, and I gave her the name Gemnihiamente.”

Said by the court of judges to the citizenne Erenofre: “Take an oath by the Sovereign, saying: “If witnesses establish against me that there was any property belonging to the citizenne Bekmut (comprised) in the silver which I gave for this servant, and I have concealed it, I will be liable to 100 strokes, after being deprived of her.”

Oath by the Sovereign spoken by the citizenne Erenofre: “As Amun endures, and as the Prince endures, if witnesses establish against me that there was any property belonging to the citizenne Bekmut (comprised) in this silver which I gave for the servant, and I have concealed it, I will be liable to 100 strokes, after being deprived of her.”

Said by the court of judges to the soldier Nakhi: “Let there be produced before us the witnesses of whom you said that they knew this silver belonging to the citizenne Bekmut which was given in order to buy the slave Gemnihiamente, as well as the witnesses to this tomb which you said was made by the citizenne Bekmut, and the citizenne Erenofre gave it to the merchant Nakht, and he gave her the man-slave Tjelptah in exchange for it.”

Number of witnesses named by the soldier Nakhi before the Court: ... Total, three men and three women, six in all. And they stood before the Court and they took an oath by the Sovereign as well as an

---

<sup>261</sup> Griffith 1898, 93



## Kvinner i det gamle Egypt

---

oath by God, saying: "We will speak truthfully, we will not speak falsehood; and if we speak falsehood, the servants shall be taken from us."

Said by the Court of judges to the wab-priest Huy: "Tell us concerning the Syrian slave [Gemnhiamente, concerning whom the soldier Nakhi has said that ...]"<sup>262</sup>

Gjennom rettshøyringa går det fram at det ikkje er nok at Nakhi skuldar Erenofre for å ha gjort noko gale. Skal ho verta dømt for noko må det føreligge klåre bevis. Det vert difor kalla inn seks vitne i saken; tre menn og tre kvinner. Korleis desse uttalar seg, og kva dommen omsider vart er uvisst, då me ikkje har siste del av dokumentet.

Av dokumentet ser me altså at det eksisterte retningslinjer for korleis ei rettshøyring skulle gå føre seg; Ingen kunne verta straffa utan at det førelåg ei grundig rettsavgjersle med fellande bevis. Det kan altså sjå ut som at rettssystemet verken gjorde skilje på mann eller kvinne knytt til skuldar og skulda, eller dei som gav vitneforklaring. Det er interessant, som óg Gardiner påpikar, at halve dommarpanelet består av kvinner.<sup>263</sup> Frå dette dokumentet er det såleis rom for å hevde at kvinner hadde ei tilsvande rolle som menn i rettssystemet.

Som Toivari-Viitala poengterer er det likevel grunn til å stilje spørsmålsteikn ved objektiviteten til dommar og vitne i slike saker som dette<sup>264</sup>, men då var det midlar snarare enn kjønn som var avgjerande.

Gardiner peikar dessutan på kjelda sin verdi i høve til slavehandelen i det gamle Egypt. Han hevdar dette er det tidlegast daterte dokumentet som stadfestar konkret handel med slavar.<sup>265</sup> Spesielt i den samanheng er det at kvinner óg var engasjert i slavehandel. Kanskje kan ein hevde, med utgangspunkt i P.Gurob II.1, at hensikten med kjøp ikkje berre var til eige bruk, men snarare å gjera business ut av det.

Ved sida av dette seier kjelda dessutan noko om kvinner sitt høve til å framskaffe ressursar til å gjera handel med. Gardiner peikar på at prisen for dei to slavane er høg, og at Erenofre såleis var ein ressurssterk person.<sup>266</sup>

### O. Nash 1

---

<sup>262</sup> Gardiner 1935, 141-142

<sup>263</sup> Gardiner 1935, 144-145

<sup>264</sup> Toivari-Viitala 2001

<sup>265</sup> Gardiner 1935

<sup>266</sup> Gardiner 1935, 145-146

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Dette dokumentet er eit referat frå ei rettshøyring der arbeidsmannen Neb-nefer skuldar enka Herya for tjuveri. Dokumentet stammar frå Deir el-Medina i siste halvdel av dynasti 19 (1200-1194 f.v.t.).

Year 6, third month of summer, day 10. This day, the workman Neb-nefer son of Nakhy approached the law court and reported the lady Herya. The workman Neb-nefer said: "As for me, I buried a chisel of mine in my house after the war, and it was stolen. I made everyone in the village swear to his innocence regarding my chisel. Now, after many days, the lady Nub-em-nehem came to say to me, "A manifestation of god has come about! I saw Herya taking your chisel." So she said."

Then the court said to Herya, "Are you indeed the one who stole this chisel of Neb-nefer, or not?" Herya said: "No! I am not the one who stole it." The court said to her: "Are you able to take a great oath of the lord, l.p.h., regarding this chisel, saying "I am not the one who stole it"? Then Herya said, "As Amun endures, as the ruler, l.p.h., endures, the one whose manifestation is worse than death, (namely) Pharaoh, l.p.h., if I am found to be the one who stole this chisel ..."

Now, an hour later, the court examined her. The servant Pa-shed was sent out with her and she brought the chisel; it was buried in her possession together with a copper-weshbu (image?) of Amen of the Good Encounter—she buried them in her house after she had stolen the copper-an (unidentified) of the weshbu of Amen, although she had taken a great oath of the lord, l.p.h., saying, "I am not the one who stole this chisel."

Then the court said: "The lady Herya is a great false one worthy of death; workman Neb-nefer is right." Her case was set aside until the vizier should come.

Court of this day: ...

Now, the theft of copper from here is the abomination of this village. And in the matter of the widow—to inform my lord of the custom of the place: the lady Ta-nedjem-hemsi took one small cup of ½ deben here in the village before, in the time of the vizier Nefer-hotep, although she was the wife of Pa-shed, the son of Heh. The vizier sent the scribe Hat-iy, and he had her taken to the riverbank. May my lord let this woman who stole the chisel and also the weshbu be punished, so that no other woman in her position will do the like again! See, I have informed my lord. Now, the vizier is the one who knows: let him carry out any plan he wishes,

May they take notice.<sup>267</sup>

Bakgrunnen for at Herya vart skulda for ugjerninga er at ei anna kvinne, Neb-em-nehem, påstår å ha sett Herya ta kopargjenstanden. Etter at skuldinga var lagt fram, vart Herya spurt ut av dommarpanelet. Under denne seansen hevda Herya si uskuld. Dommarpanelet valte etter dette å gjennomføre ei ransaking av kvinna sitt hus. Ein mann ved namn Pashed vart med Herya heim, og fann under ransakinga den aktuelle gjenstanden saman med andre gjenstandar som heller ikkje tilhørde kvinna. Kvinna vart etter dette funnen skuldig, og vart dømd til døden.

Etter dette står det at saken vart sett til sides inntil visiren kom, og tok den endelege avgjerla. Sist i dokumentet viser retten til ei liknande sak, og det vert poengtert frå dommarpanelet at det var viktig å slå hardt ned på slike ugjerningar som eit skrekk og varsel til andre kvinner som Herya.

---

<sup>267</sup> McDowell 2001, No.144

Det går ikkje klårt fram kva som hendte med kvinna. Vart ho avretta ved elvebreidda, eller vart ho berre fjerna frå landsbyen? McDowell peikar på liknande saker der straffa var sjølv høyringa med påfølgjande eid, og til slutt forvising frå den aktuelle staden.<sup>268</sup> Det er dessutan eit viktig poeng at det er visiren som må avgjere endeleg dom. Dette meiner eg, i tråd med Johnson, kan tyde på at den lokale domstolen ikkje hadde mynde til å straffe.<sup>269</sup> Kjeldene er derimot ikkje einstyndande her.<sup>270</sup> Kanskje var det alvorsgrad som avgjorde kven som skulle utmåle straffa. Såleis vil det vera sannsynleg at til dømes dødstraff berre vart gjeven av den statlege domstolen.

I denne konkrete saka er det sannsynlegvis det faktum at Herya sverja eid om si uskyld, og likevel funne skuldig som var avgjerande. Dette fordi Johnson hevdar vanleg praksis ved tjuveri var at den skuldige måtte betale tilbake tredobbelt samanlikna med verdien av det som var ståle.<sup>271</sup>

McDowell hevdar dette dokumentet er eit av dei mest informative knytt til korleis rettssystemet fungerte. Ikkje berre fordi det viser at retten føretok ei faktisk etterforsking, men óg at enkelte saker måtte dømast på eit høgre nivå. Ein ser såleis i siste del av dokumentet, som McDowell hevdar er adressert til visiren<sup>272</sup>, at det ved sida av ugjeringa til Herya, vert referert til ei liknande sakt. Såleis ser ein at rettssystemet kan ha ført protokollar og dømt etter presedens.

Dessutan peikar Toivari-Viitala på utsegna *so that no other women in her position will do the like again* og at denne sett kvinnelege tjuvar i ein eigen kategori. Frå dette hevdar ho at kjønn fungerte som ein klassifiseringsmekanisme i forhold til kriminalitet. Likevel påpeikar ho at det ikkje er nokon konkrete skilje i straffeutmåling mellom dei to kjønna, snarare var den sosiale posisjonen til dei ulike partane avgjerande.<sup>273</sup> Slik eg tolkar utsegna viser den til grupperingar av kvinner, og legg meir vekt på dei sosiale faktorane enn personen sitt kjønn.

### O. Cairo 25556

---

<sup>268</sup> McDowell 1990, 221

<sup>269</sup> Johnson 1996, 179

<sup>270</sup> Sjå til dømes O. Cairo 25556 for utmåling av straff hjå den lokale domstolen.

<sup>271</sup> Johnson 1996, 179

<sup>272</sup> McDowell 2001, 186-187

<sup>273</sup> Toivari-Viitala 2001, 133

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Dette dokumentet er ei høyring med utgangspunkt i skuldinger om blasfemi. Arbeidsmannen Hay anklagar tre menn og ei kvinne for å spreie usanne rykte om han. Dokumentet stammar frå Deir el-Medina seint i dynasti 19 (1200-1194 f.v.t.).

Year 5, third month of the summe, day 2. [The] court of this [day]. The chief workman Hay approached the court together with Pen-Amen, Ptah-shed, Wen-nefer, Ta-weseret, in the presence of the magistrates of the court: ...<sup>274</sup> The complete gang.

The chief workman Hay said, "As for me, I was lying in my hut when Pen-Amen came out together with his people. They mentioned an accusation concerning the greatness of Pharaoh involving Hay, (namely, that) he uttered a curse against Seti."

The court said to them, "Tell us what you heard!" But they went back on their testimony to argue (among themselves). The chief workman Pa-neb said to them, "Tell us what you heard!" And they said, "We did not hear anything."

The court said to them—to Pen-Amen, Ptah-shed, When-nefer, and Ta-weseret—"Say as Amen endures, as the ruler endures, there is no accusation concerning (him) involving Pharaoh, l.p.h. If we conceal it today to come out with it in the future, may our noses and ears be cut of [...] evil." And they were given 100 severe blows of the stick.<sup>275</sup>

I høyringa er det Hay som klagar dei fire inn for den lokale domstolen, skulda for å drive med løgn og sladder. Under høyringa er dei fire ueinige på kva dei skal svare på dommarane sine spørsmål, og endar med å seie at dei aldri har høyrte Hay ytre negative ord mot kongen. Dei nektar derimot ikkje for å ha hatt samtalen, noko Allam ser som grunnen til at dei fire overhovudet vart straffa.<sup>276</sup>

McDowell peikar på tre viktige poeng i dokumentet. Fyrst at sjefsarbeidsmenn vanlegvis ikkje nytta seg av det lokale rettsapparatet, men snarare måtte føre saker direkte under visiren. For det andre er det ingen eksterne embetsmenn i dommarpanelet. For det tredje antyder McDowell at dokumentet er funne i Kongenes dal, snarare enn i Deir el-Medina. Desse tre poenga hevdar McDowell opnar for at høyringa fann stad i det stille utanfor dei vanlege rammene. Ho peikar vidare på at påstanden mot Hay var svært alvorleg, og at saka vart ført i det stille for å unngå ei statleg etterforsking.<sup>277</sup> Med dette utgangspunktet ser ein det korruperte aspektet ved det lokale rettsvesenet.

Som Toivari-Viitala poengterer, er det interessant at ei av dei fire skulda var kvinne, og vart tilkjent same straff som sine mannlege medskyldige.<sup>278</sup> Det er tydeleg at kvinner sosialiserte og vart rekna som ein like stor trussel som menn. Dette tyder med sikkerheit at kvinner, i

---

<sup>274</sup> 12 menn

<sup>275</sup> McDowell 2001, No.142

<sup>276</sup> Allam and Černý 1973, 63

<sup>277</sup> McDowell 2001, 184

<sup>278</sup> Toivari-Viitala 2001, 133

likskap med menn, kunne ytre sine skuldingar i det offentlege og rekna med å verta tatt på alvor.

### O. Gardiner 204

Dette dokumentet er ein handelsavtale mellom arbeidsmannen Paneniut og kvinna Shedytemduat. Dokumentet er datert til Deir el-Medina ein stad mellom dynasti 19 og 20 (1295-1069 f.v.t.).

Verzeichnis der Gegenstände des Mannes (von) der Arbeitstruppe P-n-njwt, die die Sängerin des Götterkönigs Amun, Shdyt-m-dwat (erhalten hat): ...<sup>279</sup>

Der Betrag (von) Silber des Mannes (von) der Arbeitstruppe P-n-njwt, das bei Shdw-m-dwa (ist): 75 Kupfer-dbn.

Gekommen in seine Hand: 54 dbn

Sein Rückstand, der ihm gegeben werden (soll): 22 dbn, um vollzumachen den Betrag (von) Silber der Shdw-m-dwa, das sie dem P-n-njwt als allerlei Silber brachte, (nämlich) 54 Kupfer-(dbn). Ihr Rückstand, um ihn/es vollzumachen: 22.<sup>280</sup>

Dokumentet stadfestar ein handelsavtale mellom dei to partane. Kvinna kjøper ei rekkje varer, alt frå møblar til øl av mannen til spesifiserte prisar. Samla sum for varene kjem på 76 deben koppar. Kvinna betaler tilbake med varer som klede, grønnsaker og korn. Desse varene tilsvare derimot berre 54 deben, og i følgje dokumentet er kvinna skuldig mannen 22 deben.

Av dokumentet ser ein at dei to kjønna handla med kvarandre, og tok utgangspunkt i eige ressursgrunnlag som valuta. Det er i augefallande kva varer dei to kjønna har å tilby, og støtter såleis opp om teorien om eit segregert samfunn. Toivari-Viitala hevdar kvinner i tilfeller som dette inngjekk i handel som ein likeverdig part, og i den samanheng risikerte same sanksjonar som menn om dei ikkje kunne følgje opp som avtalt.<sup>281</sup>

### P. Salt 124

Dette dokumentet er eit langt klagebrev til visiren. Klagemålet er omfattande og omhandlar mange ugjerningar. Sitatet under er berre ei av desse ugjerningane som handlar om den skulda Paneb sin omgang med tre kvinner, saman med konkluderande avsnitt frå arbeidsmannen

---

<sup>279</sup> Lang liste over ting kvinna kjøper hos Peneiut.

<sup>280</sup> Allam and Černý 1973, No.189

<sup>281</sup> Toivari-Viitala 2001, 125

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Amennakht til visiren. Dokumentet stammar frå Deir el-Medina mellom dynasti 19 og 20 (1200-1143f.v.t.).

[The workman] Amennakht [says]:

...

Charge concerning this: His son fled before him to the place of the door-keepers and took an oath by the Lord, saying: I cannot bear with him, and he said: Paneb debauched the citizeness Tuy, when she was the wife to the workman Kenna, he debauched the citizeness Hunro, when she was with Pendua, he debauched the citizeness Hunro, when she was with Hesysenebef; so said his son. And after he had debauched Hunro, he debauched Wabkhet, her daughter, and Apahte, his son, also debauched Webkhet.

...

Nay, but (such conduct) is indeed unworthy of his office. Ah! He is keeping well (though) he is like a mad (?) man. And (yet) it was he who killed those men that they might not bring message to Pharaoh. Lo, I have caused the vizier to know about his manner (of life).<sup>282</sup>

Dokumentet er skriven av arbeidsmannen Amennakht på vegne av mange av arbeidarane i arbeidarlandsbyen Deir el-Medina. Klagen er ei oppsamling av ulike forbrytingar gjort av arbeidssjefen deira Paneb. I dokumentet vert det dessutan referert til klager levert til visiren tidlegare, men som ikkje har vore gjort noko med.

I skuldinga eg tek nærare i augesyn er det Paneb sin son Amennakht siterer. Det dreier seg her om Paneb si umoralske åtferd saman med tre kvinner. To av desse kvinnene var i forhold til andre menn i gjerningsaugneblinken, og med ei av kvinnene vart ugjerninga gjort gjentekne ganger. Paneb sin son Apahte tok dessutan del i ei av ugjerningane.

Gjennom utdraget over får me eit inntrykk av korleis desse menneska såg på overgrep og utroskap. Dette vert ytterlegare styrka av to av ”dei negative konfesjonane” i Dødeboka:

...I have not had intercourse with a married woman. ...I have not (wrongly) copulated.<sup>283</sup>

Det er derimot vanskeleg å seie kven av dei to kategoriane denne skuldinga er ut i frå. Dreier det seg om overgrep kunne dette sagt oss noko om kvinner sin rettstryggleik. Er det derimot snakk om at Paneb har hatt frivillig samkvem med andre menn sine kvinner, dreier det seg i større grad om menn som forsvarar sin private eigedom.

Denne kjelda saman med O. Nash 5 tyder, i følge Toivari-Viitala, at det ikkje var eit ukjent fenomen at kvinner vart misbrukt. Ho hevdar det sannsynlegvis var langt meir vanleg enn kjeldene gjev uttrykk for. Likevel var det ikkje allment akseptert i samfunnet. Toivari-Viitala

---

<sup>282</sup> Cerny 1929, 245

<sup>283</sup> Faulkner 1998, pl.31

## Kvinner i det gamle Egypt

---

hevdar slike saker snarare var *open to public scrutiny and sentencing*.<sup>284</sup> Dette tyder at rettferd like gjerne kunne skje gjennom kollektiv avstraffing av gjerningsmannen, uavhengig av rettsvesenet. På sett og vis er det vel det som har skjedd i denne saka óg gjennom oppsamling av mange ugjerningar. Kva visiren i sin tur gjorde med klagen veit me ikkje.

### O. DM 235

Dette dokumentet er eit referat frå ei rettshøyring, der ei kvinne hevdar sin rett til eit stykke eigedom etter ei skilsmisse. Dokumentet stammar frå Deir el-Medina tideg i dynasti 20 (1153-1147 f.v.t.).

Jahr 1, Monat 2 der Sommerzeit, letzter Tag: Dieser Tag des Klagens durch die Städterin Aset gegen: ...<sup>285</sup>, (indem sie) sprach: "Veranlasse, dass man mir die Plätze des Panekh, meines Gatten, gib!"

Man erfragte die Meinung des (Richter)kollegiums. Sie sprachen: "Die Frau ist im Recht." Man gab ihr die Plätze ihres Gatten. Kurzum, sie wurde an seiner (Stelle) (an)genommen.<sup>286</sup>

Kvinna Aset hevdar i dette dokumentet sin rett til eit stykke eigedom etter ei skilsmisse. Dokumentet vitnar derimot ikkje om noko vidare høyring. Sidan retten endar med å gje kvinna medhald, er det svært uheldig at me ikkje veit kva retten byggjer sin slutning på. Seidl konkluderer likevel med at bakgrunnen for avgjersla var at kvinner frå Det nye riket hadde krav på eigedom, og såleis skulle dette stykke eigedom tilfalle kvinna Aset.<sup>287</sup>

Trass i at kjelda manglar kontekst, gjev den oss eit inntrykk av at kvinner kunne klage ting dei var ueinige med inn for retten, og der ha høve til å vinne fram om det var grunnlag for det. Det kan i den samanheng stillast spørsmål til kva ein kan rekne som godt grunnlag og ikkje, og at konteksten i denne samanhengen faktisk kan vise seg å vera alt anna enn fornuftig.

### P. Turin 1880b

Dette dokumentet er ei kvittering for utførte tenester i forbindelse med ein fødsel. Dokumentet stammar frå Deir el-Medina tidleg i dynasti 20 (1184-1153 f.v.t.).

Year 29, month 4 of the inundation, last day (Ramses III).

---

<sup>284</sup> Toivari-Viitala 2001, 217-218

<sup>285</sup> 3 mannlege dommarar

<sup>286</sup> Allam and Černý 1973, 82

<sup>287</sup> Scharff and Seidl 1939, 56

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Total given to the doctor by Weser-hat: ... Total [...] 22 deben.

(things) that are for the wetnurse, which are in the possession of Weser-hat (but) which will be apportioned. ... Total 30 ½ copper deben.

What is for him: 20 copper deben. What is for her, [10] copper deben. Total 30 copper deben.

Statement of Weset-hat before the lawcourt (of) the chief workman Kha, the scribe of the Necropolis Amen-nakhte, and the entire gang:

”As Amen endures, as the Ruler, l.p.h., endures, my three daughters will not be taken from me, and I will not be taken from them.”<sup>288</sup>

Dokumentet er laga for Weser-hat i påsyn av den lokale domstolen. Trass i ein del manglande kontekst, er det mogleg å tolke dokumentet. Fyrste del kan sjå ut som ei kvittering for utførte tenester, der han betaler ut varer til ein verdi av 22 deben til ein lege og 30 ½ deben til ei amme. Det er dessutan summert opp 20 deben til ein mann, og 10 deben til ei kvinne. Siste del av dokumentet er ein ed, der Weser-hat lover at han og hans tre døtre aldri skulle skiljast frå kvarandre.

McDowell sin teori går ut på at Weser-hat si kone døde under fødsel. Legen må betalast for hans tenester under fødselen, og amma for sine tenester etter at mor til borna var død. Eden passar så inn som ein presisering på at han og borna likevel skal klare seg, trass i kone og mor sin bortgang.<sup>289</sup>

Ut frå denne teorien er det vert å merke seg at amma får høgare betaling enn legen. Rett nok har sannsynlegvis amma sine tenester vart over eit lengre tidsrom enn legen sine. Likevel er kjelda eit godt døme på at kvinner kunne tene like godt som menn for sine tenester.

Toivari-Viitala har ei anna tolking. Denne går ut på at mannen har skilt seg frå kona si, og at eden er ei konstatering på kven av dei to partane borna skal bu hjå. Toivari-Viitala hevdar vidare det ikkje var uvanleg at born av ulike mødre budde saman med felles far, då enten fordi mor var død eller skilt frå far.<sup>290</sup> Dette er ein mogleg indikator på at skilsmisser kunne vera vanskelegare for kvinner enn for menn, og såleis var det mest fornuftig ut frå den økonomiske fordelten til menn at borna budde hjå desse.

### O. UC 19614

---

<sup>288</sup> McDowell 2001, no.12

<sup>289</sup> McDowell 2001, 36

<sup>290</sup> Toivari-Viitala 2001, 94



## Kvinner i det gamle Egypt

---

Dette dokumentet stadfestar ei skilsmisse, og påfølgjande bistand til kvinna. Dokumentet stammar frå Deir el-Medina tidlig i dynasti 20 (1186-1184 f.v.t.).

Year 2, third month of summer, day 24, of King ... (Sethnakhte), l.p.h.: (day) Hesy-su-neb-ef divorced the lady Hel.

I spent three years giving her an oiipe of emmer every single month, making 9 sacks.

And she gave me a sash, saying, "Offer it at the riverbank (the marketplace); it will be bought from me for an oiipe of emmer." I offered it, but people rejected it, saying, "It is bad!" And I told her exactly that, saying, "It has been rejected." Then she gave it to me, and I had one sack of emmer delivered to her via Khay son of Sa-Wadjyt.

What was given to her via Nebu-em-weskhet (fem.): 1 oiipe.

What was given to her via Ta-aot-merut, her daughter: 1 oiipe.

Total, 1 ½ sacks for the sash.<sup>291</sup>

Dette rettsdokumentet dokumenterer at mannen Hesy-su-neb-ef skil seg frå kvinna Hel. Resten av dokumentet viser at mannen Hesy-su-neb-ef og to andre kvinner har sørgja for kvinna Hel over ein periode på tre år. Midtvegs i dokumentet fortel dessutan Hesy-sy-neb-ef at Hel ved ei annleiing gav han korn, men at dette var dårleg, og difor ikkje var mogleg å selje.

McDowell sett denne kjelda i samanheng med P. Salt 124, der kvinna Hel var ei av kvinnene som hadde hatt eit seksuelt forhold til den skulda arbeidssjefen Paneb.<sup>292</sup> Det er såleis ikkje umogleg at dette dokumentet er eit resultat av hendiga i P. Salt 124.

I følgje Meskell var ekteskap, skilsmisse og omgifte vanlege og dessutan nødvendige i det egyptiske samfunnet. Fyrst og fremst på grunn av den høge dødsraten, men óg fordi det var allment akseptert at ein kunne miste interessa for partneren sin.<sup>293</sup> I følgje Toivari-Viitala er forskjellen i kjeldene, med tanke på kven som tok initiativ til skilsmisse, markant. Forholdet er 12:3 i menn sin favør.<sup>294</sup> Utroskap var dessutan ein legitim grunn til å ville ta ut skilsmisse. På dette punktet er det tydeleg at menn kom betre ut av slike situasjonar enn kvinner. Robins og Meskell hevdar dessutan at det ikkje var uvanleg at ein skilsmesse vart fullført i påsyn av ein domstol<sup>295</sup>, som i dette tilfellet.

I høve til dette dokumentet er det interessant at mannen over ein periode på tre år regelmessig gav kvinna korn. Var menn plikta til å forsørgje sine ekskoner over ein bestemt periode?

---

<sup>291</sup> McDowell 2001, No.18

<sup>292</sup> McDowell 2001, 43

<sup>293</sup> Meskell 2002, 99-103

<sup>294</sup> Toivari-Viitala 1995, 1162

<sup>295</sup> Robins 1993, 62-64; Meskell 2002, 100

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Jansen og Pestman hevdar at kvinner som ikkje var skuldige i utroskap hadde krav på 1/3 av felles eigedom.<sup>296</sup> Dette var derimot ikkje tilfelle for kvinner i Hel sin situasjon. Om desse ikkje gifta seg på ny var, i følgje Meskell, deira skjebne opp til andre sin gode vilje. Om ingen av desse innfridde kunne framtida verta svært mørk.<sup>297</sup>

Eit anna høve er, slik McDowell hevdar, at dette dokumentet stadfestar ein handelsavtale mellom Hesy-su-neb-ef og Hel, og at Hel på sett og vis lurar Hesy-su-neb-ef til å betale ein langt høgare pris for det ho tilbyr enn det den eigentleg var verdt.<sup>298</sup> Dersom det skulle vera noko i det McDowell hevdar, ser ein at skilsmisse ikkje nødvendigvis skapte dårligare kår for kvinner. Toivari-Viitala konkluderer

Yet despite the fact that there may not have been any social stigma attached to a separation, and despite the fact that (at least some) could cope quite well in a post-marriage situation, a divorce, like marriage, inevitably brought with it tangible changes in the life of the individual, which required a restructuring on many levels of the social network.<sup>299</sup>

### P. AM 1945.97

Dette dokumentet er todelt. Fyrste del er testamentet til kvinna Naunakhte, og andre del er ei rettshøyring som prøver rettskrafta til kvinna sitt testament. Dokumentet stammer frå Deir el-Medina tidleg i dynasti 20 (1147-1143 f.v.t.).

Year 3, fourth month of the Inundation season, day 5 under ... (Ramses V) ...

On this day a declaration concerning her property was made by the citizeness Naunakhte before the following court: ...<sup>300</sup>

She said: As for me, I am a free woman of the land of the Pharaoh. I brought up these eight servants of yours and gave them an outfit of everything (such) as is usually made for those in their station. But see, I am grown old, and see, they are not looking after me in my turn. Whoever of them has aided me, to him I will give <of> my property, (but) he who has not given to me, to him I will not give of my property.

List of the workmen and women to whom she gave:

The workman Maaynakhtef, the woman Kenhikhopshef. She said: I have given to him as a special reward a washing-bowl of bronze over and above his fellows—10 savks of emmer, the workman Amennakht, the citizeness Wosnakhte, the citizeness Manaenakhte. As for the citizeness Manenakhte, she said concerning her: She shall have her share in the division of all my property except for the oipe of emmer which my three male children and also the citizeness Wosnakhte have given me and (except for) my hin of fat which they have given me in the same manner.

---

<sup>296</sup> Jansen and Pestman 1968, 165

<sup>297</sup> Meskell 2002, 101

<sup>298</sup> McDowell 2001, 43

<sup>299</sup> Toivari-Viitala 2001, 95

<sup>300</sup> 14 menn.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

List of her children of whom she said: They shall not participate in the division of my one-third, but in the to-thirds of their father they shall participate: the workman Neferhotp, the citizen Manaenakhte, the citizen Henshene, the citizen Kha-anub. As for these four children of mine, they shall <not> participate in the division of any of my property. And as for any of the property of the scribe Kenhikhopshef, my husband, and also his landed property and the store-room of my father and also this ope of emmer which I collected in company with my husband, they shall not share them. And as for these eight children of mine they shall participate in the division of the property of their father in one single division.

And as for my cauldron which I gave him to purchase bread for himself and the *ha*-tool of seven deben, and the *irr*-vase of seven deben and the pick of six debens, that is forty debens (in all), they shall serve him as a portion. He shall not participate in any further copper, it shall belong to his brothers (and sisters).

Written by Amennakht, the scribe ...

Year 4, third month of the Inundation season, day 17. On this day the workman Khaemnun and his children again presented themselves at the court saying: "As for the writing which the citizen Naunakhte has made concerning her property, they shall be (carried out) exactly as prescribed. The workman Neferhotp shall not share in it. He made an oath by the Lord saying: "If I reverse my undertaking so as to contest it again", --(that then) he would be liable to one hundred blows and be deprived of his property.

Before ...<sup>301</sup>

Testamentet tilhører kvinna Naunakhte, og er skriven i det kvinna var gift for andre gong. Kvinna har åtte born, kor av alle er frå andre ekteskap.

I dokumentet har Naunakhte råderett over egne eigedomar. Ho "lønnar" borna sine etter kor hjelpsame dei har vore ovanfor ho. På denne måten ser me at det kan ha eksistert eit slags sikringsnett knytt til alderdom. Dette motivet går igjen blant anna i visdomsteksten til Any, der born vert minna om at dei skyldar mor si livet.

...Do not give her cause to blame you, Lest she raise her hands to god, And he hears her cries.<sup>302</sup>

Altså var det forventet av born at dei skulle ta seg av foreldra sine på same måte som i sær mor hadde gjort ovanfor dei når dei var små. Difor hang arv tett saman med denne gjensidige omsorgen mellom generasjonane.

Dokumentet nemner ein delingsmodell, som er i tråd med konsensus av egyptologar<sup>303</sup>, mellom mann og kone; Fordelinga er 2/3 til mann og 1/3 til kvinna. Ved sida av kvinna sin 1/3 har Naunakhte eigedomar frå fyrste ekteskap og eigedomar frå eigen far som ikkje inngår i felles eigedom.

I testamentet får berre fire av borna del i hennar 1/3, medan alle åtte skal ta del i far sin 2/3. Slik eg tolkar dokumentet er det Naunakhte som var den ressurssterke i dette ekteskapet.

---

<sup>301</sup> Cerny 1945, 31-32

<sup>302</sup> Lichtheim 2006, 141

<sup>303</sup> Pestman 1961, 128; Toivari-Viitala 2001, 90-95; Molseth 2007, 20

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Dette fordi ho har separate eigedomar ved sida av felles eigedom, og at enkelte delar av dokumentet kan tolkast som føringar ovanfor ektemann sine eigedomar. Dette kan ein sjå både der det er snakk om kva borna skulle arve, og der det er snakk om kva ektemannen arva av Naunakhte. Likevel er det mogleg, som McDowell hevdar, at Naunakhte berre poengtere dei faktiske forhold, og såleis ikkje hadde noko ho skulle sagt angående fordelinga av desse eigedomane.<sup>304</sup>

Skulle det likevel vera slik at Naunakhte faktisk unnen leggja føringar ovanfor ektemann vil det vera interessant å finne ut av kva Naunakhte sin spesielle situasjon kom av. Svaret kan ein kanskje finne i titlane hjå dei to ektemannene. Den fyrste har høgst status, og det kan såleis tenkast at Naunakhte var betre stilt enn ektemann nummer to ved inngåinga av dette ekteskapet.

Eit anna interessant spørsmål er kven andre som eventuelt skulle arve Naunakhte? Born og ektemann får nemleg berre del i eigedomane ho har saman med andre ektemann, og det står såleis igjen både hus og jordeigedommar som ikkje er gjort reie for. Tyder dette at andre ektemann, og borna i si tid etter han, likevel vil arve desse eigedomane?

Siste del av dokumentet, som er eit referat frå ei rettshøyring, prøver som nemnt ut rettskrafta til testamentet. Ein av sønene er ikkje nøgd med fordelinga, men må etter møte med rettsvesenet bite i det sure eplet og akseptere at mora sin vilje er lov. Det er altså innlysande at Naunakhte hadde rettar knytt til eigedom og disponeringa av desse. Ingen kunne anke avgjerslene hennar så lenge desse stod nedskrivne svart på kvitt.

### O. Nash 5

Dette dokumentet er eit referat frå ei rettshøyring knytt til mishandling. Dokumentet stammar frå Deir el-Medina tidlig i dynasti 20 (1184-1153 f.v.t.).

Year 20, third month of summer, day 1. Day that the workman Amen-em-ope approached the lawcourt (of) ...<sup>305</sup>

Saying, "As for me, my husband [...] Then he beat, he beat [...] And I caused his mother to be brought, the [...]"

He was found to be in the wrong, and one made [...] and I said to him, "if you were [...] before the magistrates".

---

<sup>304</sup> McDowell 2001, 38

<sup>305</sup> Sju menn

## Kvinner i det gamle Egypt

---

And he took [an oath of the Lord], saying, “As Amun lives, as [...] lives, [...] in [...]”.<sup>306</sup>

Dokumentet er svært fragmentert, og manglar vesentlege delar. Av det ein kan lese står det at arbeidsmannen Amen-em-ope møter føre eit domarpanel på sju menn frå ulike yrkesgrupper. Med unntak av ei kvinne som seier fylgjande; *'As for me, my husband [...] Then he beat, he beat [...] And I caused his mother to be brought, the [...]* veit me ingenting om kva som vart sagt og gjort under høyringa. Dokumentet avsluttar med at ein mann vart funnen skuldig, og måtte avlegge ei eid i guden Amon sitt namn. Sjølve eiden manglar. Det gjer og namnet på den skuldige parten.

Dokumentet vert av Allam og McDowell tolka som ein klage frå ei kvinne mot ektemannen hennar, og motivet for klagen var mishandling.<sup>307</sup> Toivari-Viitala hevdar Amen-em-ope, som ein utanforståande tredjeperson, klagar mannen inn for domsstolen på vegne av kvinna.<sup>308</sup>

Slik eg ser det er det fullt ut mogleg med andre tolkingar på dokumentet. Som McDowell seier kan det likegodt vera Amen-em-ope som klagar ein tredje part for ugjerninga.<sup>309</sup> Kanskje var det faktisk Amen-em-ope som var den mishandla parten, og kona hans var berre vitne i saken? Eit anna mogleg alternativ er barnemishandling. Kanskje beskyldar kona ektemannen for å mishandle borna sine? Det vil i så fall forklare kvifor mannen si mor vart innblanda.

Skulle det likevel vera slik fagmiljøet hevdar at det her dreiar seg om kvinnemishandling tyder dokumentet på at problemstillinga var aktuell i tida/landsbyen, og at samfunnet offisielt var negativ til vold mot kvinner. Kor vidt det dreide seg om meir enn samfunnsnormer, og kor vidt det eksisterte presedens i slike saker er uvisst.

Uavhengig av kva som er konteksten veit me heller ikkje kor vidt mannen fekk ei konkret straff, eller om eiden fungerte som ei åtvaring for kva som ville skje dersom ugjerninga vart gjentatt. Dessutan er det verdt å stille spørsmål ved om kvinner sine vitnemål vart verdsett på like line med vitnemål frå menn. Uansett tolking er mitt poeng at kvinner tok aktiv del i rettssystemet, og at mishandling ikkje var sosialt akseptert i det egyptiske samfunnet. Av ”dei negative konfesjonane” i Dødeboka får eg ytterlegare bekrefting på denne konklusjonen:

...I have not slain people. ...I have not caused (anyone) to weep. ...I have not been hot(-tempered). ...I have not been violent. ...I have not done evil.<sup>310</sup>

---

<sup>306</sup> McDowell 2001, No.8

<sup>307</sup> Allam and Černý 1973, 222; McDowell 2001, 34

<sup>308</sup> Toivari-Viitala 2001, 216

<sup>309</sup> McDowell 2001, 34

<sup>310</sup> Faulkner 1998, pl.31

## O. Gardiner 150

Dette dokumentet er ikkje fullstendig. Poenget er samansetjinga av dommarkollegiet som blant anna består av to kvinner. Dokumentet stammar frå Deir el-Medina tidleg i dynasti 20 (1184-1153 f.v.t.).

Year 28, third month of winter, day 22. Court of this day:

the workman Nakhte-Min

the workman [Pen-ta]-weret

the workman Nefer-hotep

the lady [...]

the lady Merut-Mut

The [work]man weser-hat said, "As Amen endures, as the [ruler] endures, [...]"<sup>311</sup>

Dette er eit rettsdokument. Sjølv innhaldet av rettshøyringa manglar. Til gjengeld er dommarsamansetjinga svært interessant; Av fem dommarar var to kvinner.

Verdien av dokumentet er likevel noko uklår. Lippert og Toivari-Viitala tek dette som ein indikasjon på at kvinner kunne vera del av dommarkollegium, enten gjennom eigen eller ektemann sin posisjon.<sup>312</sup>

McDowell er derimot meir negativ og peikar på to poeng; at ingen av dei fem var embetsmenn, og at det einaste av sjølv høyringa me kjenner til er byrjinga på ein eid. Ho hevdar dette kan tyde på at det faktisk ikkje dreidde seg om ei ordinær rettshøyring, men snarare berre ei opplesing av ein eid føre fem vitne.<sup>313</sup> Eg vil hevde dokumentet opnar for at kvinner kunne sitte i dette kollegiet, men var sannsynlegvis avhengig av kva for posisjon desse kvinnene hadde i samfunnet.

## P. Turin 2021

---

<sup>311</sup> McDowell 2001, No.123

<sup>312</sup> Toivari-Viitala 2001, 232-233; Lippert 2008, 57

<sup>313</sup> McDowell 1990, 160

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Dette dokumentet er eit referat frå ei høyring under oppsyn av visiren, og dreier seg om fordelinga av presten Amenkhau sine eigedomar. Dokumentet stammar frå Deir el-Medina (eventuelt Medinet Habu) under siste del av dynasti 20 (1136-1069 f.v.t.).

...<sup>314</sup>

The god rejected [...] concerning her [...] all that I acquired with her [...] for the citizeness [...] in front of the vizier. I brought in four slaves [...] I am satisfied (?) [...] what has been done [...] went [...] I gave her the female slave Nu[...] together with [...] I will give her up (?) [...] [Sed]jemamen[pa]ash (?) [...] two slaves who were in my possession as [my] share along with her, for she was a child [...] the children of Ta[thari] who were in my house, though [...] did not [...] in front of the Vizier and the officials of the Court [...] children [in] this manner [...] this day, for [Pharaoh (?) has] said [...] “all that he acquires along with her” [...] consisting of the two male slaves and the two female slaves, total four, with children; the two thirds in addition to her one eight, and I gave these nine slaves which had fallen to my lot in my two thirds along with the citizeness Tathari to my children along with the house of their mother’s father also. They are not [ignorant?] of anything that <I> brought in with their mother. And I would have given them some of what I am bringing in with the citizeness Anoksunozem, but Pharaoh has said, Let every woman’s dowry (?) be given to her. Said the vizier to the priest and chief workman Howtenufer and the priest Nebnufer, the children of the prophet Amenkhau who stood before him, (being) the eldest brothers of his children. “What say ye of the statement which the prophet Amenkhau your father has made? Is it true about the nine slaves which he says he have gave to you as his two thirds which he divided with your mother, together with the house of <your> mother’s father?” They said with one accord, “Our father is correct; they are in our possession in truth (?)” The vizier said [What think ye of] this arrangement which your father is making for the citizeness Anoksunozem, this wife of his?” They said. “[We have heard?] what our father is doing, and as for what he is doing, who shall question it? His property is his own, let him give it [to whom] he [will]. Said the vizier “Even if it had not been his wife but a Syrian or a Nubian whom he loved and to whom he gave property o, his [who] should make void what he did? Let the four slaves which [fall to his lot] with the citizeness Anoksunozem be given [to her(?)] together with [all that he may aquire] with her, which he has said he would give her, “my two thirds [in addition to] her one eight, and no son or daughter of mine shall question this arrangement which [I] have made for her this day.” Said the vizier, “Let it be done in accordance with what the prophet Amenkhau, this prophet who stands before me, has said.” The vizier gave instructions to the priest and scribe of accounts Ptahemhab of the Court of the temple of Usimare Miamun saying, Let this arrangement which I have made stand recorded on a roll in the temple of Usimare Miamun. The like was done for the Great Court of No. In the presence of many witnesses. List thereof: ... (21 menn)<sup>315</sup>

Trass i at dokumentet er fragmentert klarar me å forstå innhaldet. Dokumentet startar med at presten Amenkhau legg fram saka føre visir og rett. Saka dreiar seg om fordeling av mannen sine eigedomar. Det vert referert til ei tidlegare høyring der mannen si fyrste kone, Tathari, fekk sine 1/3 av felles eigedom. Under høyringa bur mannen saman med ei ny kvinne, Anoksunozem, som både vert omtala som kone og dotter.

Fordelinga av Amenkhau sine eigedomar vert som følgjer. Anoksunomzem skal arve alt dei har tent saman, det vil seie fire slavar og deira born. Borna til Amenkhau og den fyrste kona, her representert gjennom dei to eldste sonene Howtenufer og Nebnefer, skal arve 2/3 av eigedomane frå Amenkhau sitt fyrste ekteskap. Det vil seie ni slavar og barndomsheim. Visiren godkjenner fordelinga etter samtykke frå Amenkhau sine born.

I dokumentet er det fleire viktige poeng å sjå nærare på. Fyrst dreier det seg om fordeling av eigedomar i eit ekteskap. Cerny hevdar denne høyringa var ein formalitet som måtte til før

---

<sup>314</sup> Start manglar

<sup>315</sup> Cerny & Peet 1927, 32-33

## Kvinner i det gamle Egypt

---

mannen kunne inngå ein ny ekteskapsavtale.<sup>316</sup> Toivari-Viitala seier vidare at denne formaliteten måtte til for å sikre den nye kona, som var barnlaus, i høve til framtidige krav frå born av fyrste ekteskap.<sup>317</sup> Såleis ser ein at det å gje mannen born var svært viktig, og kanskje var det born som legitimerte kvinna sine krav på felles eigedom.

Nok ein gong ser ein referansar til det McDowell og Lippert kallar ei standardfordeling av felles eigedom<sup>318</sup>; 2/3 er mannen sin eigedom, medan 1/3 tilhøyrer kvinna.<sup>319</sup> Kvinna har i tillegg til dette rett på medgifta si. I dette tilfellet vert den referert til som hennar 1/8. Dette siste er eit svært interessant punkt. Som Cerny seier kan det avsløre ein mogleg delingsmodell i høve til born.<sup>320</sup> Her er det sjølvstøtt vanskeleg å seie noko sikkert, dette fordi delingsmodellen ikkje seier noko om kva 1/8 skal reknast ut i frå, og tek såleis ikkje høgde for kor mange søsken som skal dele.

Vidare går det fram at mannen ville gje av det den nye kona Anoksunozem hadde med inn i ekteskapet til borna frå fyrste ekteskap. På dette punktet stoppar visiren han. Han refererer til ei lov laga av farao, som sa at medgift og eigedomar frå eit ekteskap tilhøyrde partane i dette ekteskapet, såleis kunne ein ikkje gje av denne til born frå tidlegare ekteskap. Cerny kommenterer dette og opnar for at ein far kan gje av sin 2/3 til kven han vil<sup>321</sup>, såleis at mannen ikkje var avgrensa til det aktuelle ekteskapet.

Det er dessutan svært interessant at born av fyrste ekteskap vert spurt om deira godkjenning før visiren vel å godkjenne mannen sin vilje. McDowell hevdar behovet for ei offentleg godkjenning stod i samanheng med at mannen hadde forlatt kona si til fordel for ei ny kvinne.<sup>322</sup> Alt i alt tyder dokumentet på at det eksisterte ei lov knytt til eigedomsfordeling, og at kvinner og born hadde rett på ein viss del av eigedomane deira familie åtte.

### **P. AM 1945.96**

Dette dokumentet består av to testament. Spesielt det siste er av interessane for denne oppgåva. I dette er det ei kvinne som fordelar sine eigedomar. Sidan kvinna ikkje sjølv har

---

<sup>316</sup> Cerny and Peet 1927, 37

<sup>317</sup> Toivari-Viitala 2001, 107

<sup>318</sup> McDowell 1990, 35; Lippert 2008, 59

<sup>319</sup> For referansar til sekundærlitteratur sjå analyse av P.AM 1945.97, og vidare diskusjon av tema under kapitel "Arv og disponering av eigedom i delkonklusjon og komparasjon.

<sup>320</sup> Cerny and Peet 1927, 36

<sup>321</sup> Cerny and Peet 1927, 34

<sup>322</sup> McDowell 1990, 36



## Kvinner i det gamle Egypt

---

barn nyttar ho seg av høve til adopsjon slik at ho likevel har arvingar. Dokumentet stammar frå Theben seint i dynasti 20 (1108-1069 f.v.t.).

Year 1, third month of summer, day 20 under ... (Ramses X) ... On this day, proclamation to Amun ... Thereupon Nebnufer, my husband, made a writing for me, the musician of Setekh Nenufer, and made me a child of his, and wrote down unto me all he possessed, having no son or daughter apart from myself. All profit that I have made with her, I will bequeath it to Nenufer, my wife, ... Behold, I have made the bequest to Rennufer, my wife, this day before Huirimu my sister.

Year 18, first month of Inundation, day 10, under ... (Ramses XI) ... On this day, declaration made by the stable-master Nebnufer and his wife ... Rennufer, to wit:--“We purchased the female slave Dinihetiri and she gave birth to these three children, one male and to female, in all three. And I took them and nourished them and they dealt well with me, I have no son or daughter exept them. And the stable-master Padiu entered my house and took Taammenne their elder sister to wife, he being related to me and being my younger brother. And I accepted him for her and he is with her at this day. Now behold, I have made her a freewoman of the land of Pharaoh, and if she bear either son or daughter, they shall be freemen of the land of Pharaoh in exactly the same way, they being with the stable-master Padiu, this younger brother of mine. And the children shall be with their elder sister in the house of Padiu this son of mine exactly like them.” And she said: “As Amun endures, and the Ruler endures, I (hereby) make the people whom I have put on record freemen of the land of Pharaoh, and if any son, daughter, or sister of their mother and their father should contest their rights, exept Padiu this son of mine—for they are indeed no longer with him as servants, but are with him as brother and children, being freemen of the land <of Pharaoh>--may a donkey copulate with him and a donkey with his wife, whoever it be that shall call any of them a servant. And if I have fields in the country, or if I have any property in the world, or if I have merchandise(?), these shall be divided among my four children, Padiu being one of them. And as for these matters of which I have spoken, they are entrusted in their entirety to Padiu, this son of mine who dealt so well with me when I was a widow and when my husband had died.” Before many and numerous witnesses ....<sup>323</sup>

Som nemnt består dette dokumentet av to testament; I det fyrste gjengjev kvinna Nenufer sin ektemann Nubnefer sitt testament, og det andre er testamentet til kvinna Rennufer 17 år etter det fyrste. For at dette skal gi noko meining må me her anta at kvinna Nenufer og kvinna Rennufer er den same kvinna.<sup>324</sup>

Det som er viktig i det fyrste testamentet er at stallmeister Nubnefer adopterer kona si Nenufer. Dei to hadde ingen born saman, så på denne måten vart ho gjort til einearving, og overtok alle eigedomar dei to hadde. Gardiner hevdar adopsjon var einaste måte å unngå at søsken eller andre familiemedlemmar av Nubnefer kunne gjera krav på hans eigedom.<sup>325</sup>

I det andre testamentet får me veta at Nubnefer og kvinna Rennufer i si tid kjøpte ei slavekvinne, Dinihetiri. Denne slavekvinna har født tre born, to jenter og ein gut. Gardiner hevdar det ikkje er utenkeleg at Nubnefer var far til desse borna.<sup>326</sup> Såleis ser ein at blodsliner ikkje nødvendigvis var det viktige, men snarare det å ha born. Dette stemmer godt overeins

---

<sup>323</sup> Gardiner 1941, 23-24

<sup>324</sup> I følgje Gardiner 1941, 25 har det vore noko usikkerheit knytt til stavinga av namnet til kvinna.

<sup>325</sup> Gardiner 1941, 25

<sup>326</sup> Gardiner 1941, 26

## Kvinner i det gamle Egypt

---

med Toivari-Viitala som hevdar dokument frå Deir el-Medina gjer det klart at alle par burde ha born.<sup>327</sup>

Det er fem viktige poeng i dette testamentet; Fyrst at kvinna Rennufer adopterer dei tre slaveborna, at ho gjer dei til frie menneske, at ho adopterer bror sin Padiu (på grunn av god hjelp etter ektemannen sin død), at ho giftar bort den eldste av jentene, Taamenne, til Padiu, og sist men ikkje minst at dei fire, med Padiu som familieoverhovud, vart arvingar til hennar eigedomar. Det er i denne samanheng usikkert kor vidt det var adopsjonen eller ekteskapet med Padiu som oppheva slavestatusen. Sannsynlegvis hadde baa same effekt.

Det som er unikt med dette testamentet er bruken av adopsjon i høve til arv. Gardiner hevdar slavestatusen i utgangspunktet gjorde det umogleg for desse å motta arv, men ved å oppheva denne statusen, noko kvinna Rennufer tydelegvis kunne gjere, kunne desse motta arv på lik line med alle andre.<sup>328</sup> Såleis ser ein at kjønn og sosialt tilhøyre ikkje spela ei rolle for å verta adoptert. Dessutan tyder dokumentet, i tråd med Lippert, på at kvinner på lik line med menn kunne adoptere.<sup>329</sup>

Det er dessutan eit poeng at kvinna Rennufer går god for ekteskapet mellom Padiu og Taamenne. Såleis ser ein at den vanlege oppfattinga av at det berre var familien sitt mannlege overhovud som tok del i slike prosessar ikkje stemmer.<sup>330</sup> Det viktigaste me kan dra ut av dette dokumentet er at kjønn tydelegvis ikkje har vore avgjerande når det gjeld å ta viktige avgjersler. Dessutan ser me at omsorg og nestekjærleik vart verdsett høgt, og var grunnen til at Rennufer i fyrste omgang valte å overføre sin velstand til desse fire personane.

---

<sup>327</sup> Toivari-Viitala 2001, 170

<sup>328</sup> Gardiner 1941, 26

<sup>329</sup> Lippert 2008, 60

<sup>330</sup> Schulman 1979; Robins 1993, 58-59; Toivari-Viitala 2001, 60-61

## 2.4.3 KONKLUSJON – DET NYE RIKET

---

### 2.4.3.1 KJØNNSROLLER OG ANSVARFORDELING

---

Kjeldene frå Det nye riket er mange og skapar såleis rom for nyansar. Gjennom fleire av kjeldene ser me at kommunikasjon der kvinner var innblanda ofte omhandla mor sin omsorg for manlege familiemedlemar.<sup>331</sup> Dette er altså døme på den tradisjonelle morsrolla slik Molseth hevdar den var.<sup>332</sup> Det mest fornuftige her er å sjå kvinna som mor, at ho er oppdatert på problemstillingar mellom fraksjonar i familien, og tek på seg rolla som meklar for å holde familien samla. Såleis ser ein at morsrolla var viktig i det sosiale nettverket, nettopp fordi ho var den alle familiefraksjonane var i kontakt med. Dette kan ha gjeve mor ei avgjerande og opphøgde rolle i det familiære hierarkiet.

Andre kjelder gjer det derimot klårt at dette ikkje gjaldt alle kvinner.<sup>333</sup> I desse kjeldene er dei aktuelle kvinnene enker, og deira skjebne er heilt og halde opp til andre familiemedlemmar å avgjere (i desse tilfella menn). Ser ein så på O. UC 19614 er det ved fyrste augnekast óg slik. Denne kjelda kan føye seg inn i rekkja av kjelder som plasserer enker som svake og trengjande. Snur ein derimot på kjelda og heller fokuserer på det faktum at kvinna faktisk ber mannen om å utføre ein handel for ho, opnar dette for at kvinna si stode faktisk ikkje var så dårleg som ein kanskje fyrst skulle tru.

Tek ein utgangspunkt i ei av kjeldene som best illustrerer ansvarsområde, O. Berlin 10616, er det svært interessant at mannen i brevet vender seg mot søster si, slik at ho kan overta og gje ei tenestekvinne reprimande og vidare oppfølging. Spørsmålet eg stiller i denne samanheng er kvifor ikkje mannen sjølv kunne ta seg av dette. Fleire av kjeldene opnar på denne måten for at samfunnet under Det nye riket var oppdelt i ansvarsområde avhengig av kjønn. Ei slik oppdeling plasserer ofte kvinna i heimen med ansvar for familie og hushald, medan mannen hadde ansvar for disponering av familien sine eigedomar og aktivitetar i det offentlege.

Eg er derimot ikkje heilt einig i ei slik rigid oppdeling. Det er nemleg slik at fleire av breva i samlinga mi går imot ein slik teori.<sup>334</sup> Ein ser i dei aktuelle kjeldene at kvinner kunne gå inn i roller som, etter teorien over, høyrer til menn sine domene. Det skal seiast at det i somme av kjeldene kan vera ei mogleg forklaring på dette. Tek ein utgangspunkt i P. Robert Mond 2 kan

---

<sup>331</sup> O.Cerny 3, O.Prague 1826

<sup>332</sup> Molseth 2007, 20-26

<sup>333</sup> O.DM 587 og O.Petrie 61

<sup>334</sup> LRL No.37, O.DM 270, O.Gardiner 150, O.Letellier, P.AM 1945.96, P.AM 1945.97, P.Gurob III.1, P.Robert Mond 2

## Kvinner i det gamle Egypt

---

ein hevde at kvinna, i tråd med Allam<sup>335</sup>, har denne rolla fordi mannen av ei eller anna orsak ikkje sjølv kunne utfylle si rolle. Dette gjeld derimot ikkje for kjelder som P. Gurob III.1 der ei kvinne, på initiativ frå ei anna kvinne, søker nokon i kongefamilien om lov til å starte ei offentleg verksemd. Her er det tydeleg at kvinna ikkje gjer dette via eller gjennom ein mann. Altså ser ein at grensene mellom ansvarsområde ikkje var fullstendig rigide. Slik eg ser det, opnar dette for at kvinner med ambisjonar og ynskje om større sjølvstende, kunne trå inn på ein arena der menn i utgangspunktet var i fleirtal.

---

### 2.4.3.2 KJØNN OG DISPONERING AV ARV OG EIGEDOM

Som allereie nemnt var det menn som fyrst og fremst hadde råderett over familien sine eigedomar. Når det gjeld kvinner sin rett til arv og eigedom er det tydeleg, ut frå fleire av kjeldene at kvinner hadde eit legitimt krav.<sup>336</sup> To av kjeldene tydar dessutan på ei standardfordeling mellom dei to partane i eit ekteskap. Mannen disponerte 2/3, og kvinna disponerte 1/3 av eigedomane.

Toivari-Viitala hevdar arvesystemet ikkje skilte på kjønn, og at alle familiemedlemmar i utgangspunktet hadde like rettar.<sup>337</sup> Denne utsegna er nok ikkje heilt gjennomtenkt, for det er tydeleg av den nemnte delingsmodellen at arvesystemet skilte på kjønn. Det vert kanskje meir rett å seie at dei to kjønna hadde like sterke krav på sine respektive partar.

På ei anna side hevdar Pestman at ektemann stod fritt til å gjere som han ville med familien sine eigedomar. Desse grensene var at minst ein av borna, som regel den eldste sonen, måtte vera arving. Angåande kona seier Pestman at ho hadde krav på sin 1/3 anten ut frå samla eigedom, eller det ekteparet hadde spart opp i løpet av tida som ektepar.<sup>338</sup> Dette tyder at ektemann i enkelte tilfeller kunne ha separat eigedom som kona ikkje hadde nokon legitime krav på.

P. AM 1945.97 opnar dessutan for at kvinner óg kunne ha separat eigedom. Det store spørsmålet er kor vidt desse kvinnene var meir sjølvstendig enn kvinner utan separate eigedomar. Hadde kvinner i det heile råderett over eigedomane? Forskarar som Johnson og Pestman stiller seg negative til dette, og hevdar det under normale omstende var mannen som

---

<sup>335</sup> Allam 1985, 21

<sup>336</sup> O.DM 235, P. AM 1945.97, P. Turin 2021

<sup>337</sup> Toivari-Viitala 1997, 167-168

<sup>338</sup> Pestman 1961, 128

## Kvinner i det gamle Egypt

---

hadde råderett over eigedom. Skulle noko dukke opp som førte til at normalen vart brote, var det derimot ingenting i vegen for at kvinner kunne trå inn i desse oppgåvene.<sup>339</sup>

Når det er sagt indikerer fordelinga av eigedomane i P. AM 1945.97 at kvinna faktisk hadde råderett over sin del av eigedomane trass i at ektemannen var i live. Ser ein derimot på to andre kjelder i samlinga er forholda slik Pestman og Johnson hevdar.<sup>340</sup> Av denne grunn er det på sin plass å konkludere med at det må ha vore individuelle forskjellar mellom familiar, og at det var forskjell på å disponere og ha råderett over. Såleis stod ingenting i vegen for at kvinner kunne disponere, og i einstilte tilfeller ha råderett over eigedom.

---

### 2.4.3.3 KVINNER SIN RETTSTRYGGLEIK

Skulle mannen velje å overkøyre kvinna og ignorere hennar retter, er det ganske klåre indisium på at rettssystemet verna om blant anna kvinner sine rettigheitar. Dette kjem godt fram i fleire av kjeldene i samlinga.<sup>341</sup> I to av kjeldene ser ein at fellesskapet tok avstand frå mishandling<sup>342</sup>, medan to andre fokuserer på kvinner sine rettar knytt til eigedom.<sup>343</sup> Spesielt interessant er det når visir siterer farao i P. Turin 2021; Kvinna hadde rett på 1/3 av felles eigedomar, dessutan medgift som kan sjåast som arv frå eigen familie.

Tilsynelatande ser det ut som at kvinner vart handsama på same måte som menn i rettssystemet. Ikkje berre tyder kjeldene på at kvinner kunne ha dei same rollene som menn, det var dessutan ingen forskjell i utmåling av straff mellom dei to kjønna. Samanliknar ein til dømes straffeutmålinga i O. Cairo 25556 ser ein at straffa er den same uavhengig av kjønn. Det same ser ein i forhold til den konkrete arveretten<sup>344</sup>.

Eit interessant spørsmål er likevel kor vidt kjønn var avgjerande for vektinga av ei utsegn, og såleis om mannen sitt ord vog tyngre enn kvinna sitt. Dette er eit spørsmål som vanskeleg lar seg svare på. Likevel kan ein ut frå O. Cairo 25556, i ei skulding knytt til sladder, få inntrykk av at det var like viktig å stille munnen på ei kvinne som på ein mann. Toivari-Viitala hevdar i denne samanheng at sosial status var viktigare enn kjønn, og tilføyer enda til at orakelet vart

---

<sup>339</sup> Pestman 1961, 128; Johnsen 1999, 170-171

<sup>340</sup> O.DM 235, P.AM 1945.96

<sup>341</sup> O.Nash 5, P.AM 1945.97, P.Turin 2021, P.Salt 124

<sup>342</sup> O.Nash 5, P.Salt 124

<sup>343</sup> P.AM 1945.97, P.Turin 2021

<sup>344</sup> O.DM 235, P.Turin 2021

## Kvinner i det gamle Egypt

---

nytta som eit alternativ for dei svake i samfunnet, som ikkje hadde noko sjanse før det Toivari-Viitala kallar ein korrupt domstol.<sup>345</sup>

---

### 2.4.3.4 SJØLVSTENDIGE KVINNER

Ser ein så på dei kjeldene som skapar grunnlag for å snakka om sjølvstendige kvinner, både brev<sup>346</sup> og rettsdokument<sup>347</sup>, tek desse utgangspunkt i kvinner med eit eige ressursgrunnlag, eller som vikarierer i ektemann sin stad.<sup>348</sup> Som ein ser av dette er det ganske mange kjelder som indikerer sjølvstende hjå kvinner. Dei sikraste kjeldene må seiast å vera rettsdokumenta, som i mange tilfeller er offisielle dokument, der kvinner ved gjentekne høve inngår som ein av to partar i ein handel. Ser ein til dømes på P. Gurob II.1 er det tydeleg at kvinner kunne selje egne tenester, og på denne måten framstå som ein ressurs i samfunnet. Ser ein dessutan på brevet LRL No.37 ser ein ei kvinne som opererer ved mange sider av det offentlige liv. Kvinna skjekker opp i handelsavtalar, har oversikt over kva som går før seg i tempelet, kjenner til militære trekk, og er i direkte kontakt med visir. Slik eg ser det, var kvinna sitt ressursgrunnlag avgjerande for kor vidt ho hadde høve til å operere sjølvstendig.

Titlane som går mest igjen i utvalet er *ankh ent nuit* – fri innbyggjar/kvinne, og *shemayet* - musiker. Tydinga av *ankh ent nuit* kan tyde på at kvinner ville framheve sin posisjon som sjølvstendige individ.

... it is not their economic, but their official, perhaps legal nature that determines whether the women are formally indicated.<sup>349</sup>

Når det gjeld *shemayet* viser den ein klår religiøs tilknytning. Onstine peikar på ei popularisering i bruken av tittelen, men poengterer likevel at berre høgtstående kvinner hadde reell makt.<sup>350</sup> Likevel vil eg påstå at den auka bruken av desse titlane, på kvar sin måte tyder at kvinner må ha fått meir sjølvstendige roller i samfunnet. Som nemnt tidlegare hang grad av sjølvstende nøye saman med posisjon i hierarkiet.

---

<sup>345</sup> Toivari-Viitala 1997, 167-168

<sup>346</sup> O.Berlin 10616?, O.DM 116?, O.DM 125, O.DM 270, O.DM 439, O.DM 587, O.Letellier, P.Gurob III.1

<sup>347</sup> O.DM 235, O.Gardiner 204, O. UC 19614?, P.AM 1945.96, P.AM 1945.96, P.Turin 1880

<sup>348</sup> LRL No.37, O.Berlin 12630, P.AM 1945.96, P.Robert Mond 2

<sup>349</sup> Janssen 1999, 187

<sup>350</sup> Onstine 2005, 19, 29

## 2.5 KOMPARASJON

Denne delen av oppgåva vil vera ein komparasjon mellom kjeldene frå Mellomriket og Det nye riket. Underkapitla er basert på tema i dei aktuelle kjeldene.

### 2.5.1 KJØNNSROLLER OG ANSVARSFORDELING

Fleire kjelder frå Mellomriket indikerer kjønnsroller og mogleg ansvarsfordeling. Problemet med kjeldene frå denne perioden er at inntrykket ein får ikkje er eintydig. Dei breva som er mellom menn framstillar kvinner som statistar, og skapar inntrykk av at det var menn som styrte og stelte i det egyptiske samfunnet.

P. Heqanakht 4 står på mange måtar som ein einsam kontrast i kjeldeutvalet frå Mellomriket. I dette brevet, mellom mor og dotter, ser ein at kvinner kommuniserte seg i mellom, og dessutan hadde eigne problemstillingar å ta stilling til. Kanskje kan ein i denne samanheng hevde at samfunnet var prega av kjønnssegregering. Uansett om mann og kvinne hadde separate roller og ansvarsområde gjer denne kjelda det klårt at skrivar sitt kjønn kan vera avgjerande for vår forståing av nettopp kjønnsroller og ansvarsfordeling i det gamle Egypt.

I tre av kjeldene ser ein dessutan korleis det kunne vera å koma ny inn i ein etablert familie.<sup>351</sup> Det kunne danne seg alliansar, og konspirasjonar fann stad. Kvinnene i familiane, spesielt om det var snakk om omgifte, kan ha vore ekstra utsett for denne typen aktivitet. Trass denne innfallsvinkelen, gjer desse kjeldene det klårt at kvinner både hadde ei rolle og ei stemme i familien.

Gjennom ein separat dialog mellom familiefar og hans mor i P. Heqanakht 1 og 2 ser ein dessutan at familiefar si mor kan ha hatt ei opphøgde rolle i familien. Denne rolla kjem óg til syne i rasjonslista i P. Heqanakht 2 der mor til Heqanakht og ei anna kvinne, moglegvis kone eller tante, vert tildelt størst rasjon av heile hushaldet. Familien sine døtre befinn seg derimot nederst på lista. Ein ser altså ei klår hierarkisk inndeling, der ei generell kvinnegruppering ikkje heldt mål. Snarare ser ein forskjellar på individnivå der alder og tilknytning til familiefar har vore avgjerande.

I kjeldene frå Mellomriket ser ein dessutan at eldste son kan ha hatt ein meir definert posisjon enn resten av familien. Det er ikkje berre brev som P. Heqanakht 1 og 2 som tyder på dette,

---

<sup>351</sup> P.BM 10549, P.Heqanakht 1, P.Heqanakht 2

## Kvinner i det gamle Egypt

---

men óg testament som P. Kahun I.1, der mannen i huset utnemner ein verje for sonen sin. Moglegvis indikerer dette at kvinner ikkje stod like sterkt som menn ved alle samfunnet sine sider. Dette kjem eg meir inn på under kapitel 2.5.3.

Visdomsteksten "Den veltalande bonden" frå Mellomriket illustrerar korleis menn såg på sitt ansvar ovanfor dei svake i samfunnet. Her kjem det blant anna fram at ein ikkje skulle vera grådig og egoistisk, men snarare ta seg av dei svake i samfunnet, som enker, fråskilte kvinner og foreldreause born.<sup>352</sup> Her kan ein jo sjølv sagt stille spørsmål ved kva som var praksis og kva som var velmeinande normer.

Fleire av kjeldene frå Det nye riket viser til dette særskilte ansvaret ovanfor dei svake i familie og samfunn.<sup>353</sup> I O. Petrie 61 kjem dette fram ved at ein far lovar å hjelpe dotter si om ektemannen hennar skulle skilje seg frå ho. Ei anna kjelde, O. UC 19614, som blant anna McDowell plasserer i kategorien *Charity after a divorce*<sup>354</sup> viser óg at skilsmisse ikkje var ein situasjon å trakte etter. Eg ser derimot kjelda i eit litt anna lys og meiner an den snarare viser at skilte kvinner sitt tilvære ikkje nødvendigvis var så gale som McDowell hevdar. Dette fordi kvinna faktisk hadde eit eige ressursgrunnlag. Ein ser av dette at det var avgjerande for desse kvinnene at dei faktisk hadde eit ressursgrunnlag å ta av, for å unngå at deira skjebne var opp til andre å avgjera.

I O. Prague 1826 vert det referert til kva ein ektemann har sagt til kona si ...*all people furnish bread, beer, and fish daily [to] their (family)members...*<sup>355</sup> Sidan det berre er denne kjelda som gjev ei så spesifikk beskriving av familien sitt ansvar, og at uttala moglegvis er gjort i affekt, er det vanskeleg å ta stilling til kor vidt familien hadde eit dagleg ansvar ovanfor kvarandre. At dei hadde eit ansvar er derimot heilt sikkert. Dette vil eg koma meir inn på under kapittel 2.5.2.

På lik line med kjeldene frå Mellomriket, opnar kjeldene frå Det nye riket for at mor hadde ei opphøgde rolle i familien.<sup>356</sup> Forskjellen mellom dei to periodane er at ein under Mellomriket snakka om familiefar si mor, medan ein under Det nye riket i større grad snakkar om borna si mor. Uansett kven mor var i relasjon til, opnar kjeldene for at mor var bindeleddet i familien under båe periodar. Det var ho som hadde oversikt over kva som gjekk føre seg og sørgde for

---

<sup>352</sup> Lichtheim 2006, 169-184

<sup>353</sup> O.DM 587, O.Petrie 61, O.UC 19164, P.AM 1945.96, P.AM 1945.97

<sup>354</sup> McDowell 2001, 43

<sup>355</sup> Wentz and Meltzer 1990, No.200

<sup>356</sup> P.Robert Mond 2, O.Cerny 3, O.DM116?



## Kvinner i det gamle Egypt

---

at beskjedar kom dit dei skulle. Skulle det vera slik som O. Prague 1826 seier angående familien sitt daglege ansvar, og at det var mor som var familien sitt bindeledd, opnar dette for at morsrolla var svært viktig og til tider avgjerande.

Rollefordelinga mellom familiefar si mor og familiefar si kone er det vanskeleg å setje fingeren på. Eg vel å tolke det dit hen at familiefar si mor, i større grad enn tidlegare, måtte vike for familiefar si kone under Det nye riket. Med utgangspunkt i verdien av alder og livsvisdom i gamle samfunn<sup>357</sup> er denne tolkinga moglegvis noko kontroversiell. Likevel skal det seiast at denne endringa kan ha samanheng med den store mengda kjelder frå Deir el-Medina. Slik eg ser det, er det ikkje umogleg at familiane som budde der var tatt ut av sine utvida familiar, og såleis utgjorde mindre kjernefamiliar. Ut frå dette kan ein hevde at familiefar si mor var den dominante parten i dei store utvida familiane som utgjorde normalen i det egyptiske samfunnet, medan familiefar si kone var den dominante part i mindre familiehushald der berre foreldre og born budde.<sup>358</sup>

I denne samanheng er det av interesse kva for kvinner som er representert i kjeldene. I dei kjeldene eg har nytta meg av, vert kvinner referert til gjennom pronomen, namn, rolle i familien (kvinne, kone, konkubine, søster, dotter, mor og enke)<sup>359</sup>, eller ved bruk av titlar som *nebet per* – husets frue<sup>360</sup>, *ankh ent nuit* – fri kvinne<sup>361</sup>, eller gruppetilhøyre og yrkeshenvisningar.<sup>362</sup> Ved å systematisere bruken av desse, i den grad det let seg gjere, ser eg gjentakande trekk og endringar mellom Mellomriket og Det nye riket.

---

<sup>357</sup> Janssen and Janssen 2007, 142-151, 204-211

<sup>358</sup> Sjø s.18 angående dei to familieformene.

<sup>359</sup> MR: P.BM 10549, P.Brooklyn 35.1446, P.Heqanakht 1, P.Heqanakht 2, P.Heqanakht 4, P.Kahun I.1, P.Kahun VII.1, P.Kahun XII.1

NR: O.Cairo 25556, O.Cairo 10616, O.DM 116?, O.DM 125, O.DM 270, O.DM 324, O.DM 439, O.DM 587, O.Letellier, O.Nash 5, O.Prague 1826, P.Gurob III.1?


<sup>360</sup> MR: P.Kahun III.3, P.Kahun XV.1

NR: P.Robert Mond 2,

<sup>361</sup> NR: O.Berlin 12630, O.DM 116?, O.DM 235, O.Gardiner 150, O.Nash 1, O.Petrie 61, O.UC 19614, P.AM 1945.97, P.Cairo 65739, P.Gurob II.1, P.Salt 124, P.Turin 2021

<sup>362</sup> NR: LRL No.37, O.Cerny 3, O.Gardiner 204, P.AM 1945.96, P.Turin 1880

## Kvinner i det gamle Egypt



Figur 2-5 Fordeling av term/tittelbruk i mitt kjeldekorpus.

I diagrammet over<sup>363</sup> ser ein fellesnemnarar og endringar. Fellesnemnarane er bruk av namn og pronomen, medan den største forskjellen er fråfall av tittelen *nebet per* – ”husets frue”, til fordel for framveksten av to nye titlar *ankh ent nuit* – ”fri innbyggjar/kvinne” og *shemayet* – ”musikar”. Spesielt tydeleg er framveksten av tittelen *ankh ent nuit*. Heile 10 av 15 rettsdokument i mi samling nyttar denne tittelen. Tydinga av denne endringa kan vera fleire. Blant anna kan ein hevde at *nebet per* kom i skuggen av den sjølvstendige og yrkesaktive kvinna. Dette med utgangspunkt i ei endra haldning der kvinneleg sjølvstende vart proklamert gjennom bruk av tittelen *ankh ent nuit*. Janssen og Toivari-Viitala nyanserer og seier:

It seems that it is not their economic, but their official, perhaps legal nature that determines whether the women are formally indicated.<sup>364</sup>

By using the title for individual women one might thus, in a quite general and fluid way, have conveyed some connotation of respect, honour, and status, and/or just a notion whereby women's membership of some community in general was recognised.<sup>365</sup>

### 2.5.2 ARV OG DISPOSISJON AV EIGEDOM

Alle rettsdokumenta eg har kommentert, frå Mellomriket, gjer det klårt at kvinner kunne arve. Det vert samstundes klårt at det var mannen som disponerte og avgjorde kven som skulle arve. Til dømes ser me i P. Kahun VII.1 ein mann som ombestemmer seg i høve til kona sin arv. Det skal seiast at dokumentet ikkje seier noko om kvifor mannen ombestemmer seg, noko som kunne skapt nyansar og større innsikt på dette området.

<sup>363</sup> For nøyaktig kjeldefordeling sjå referansane i førre avsnitt.

<sup>364</sup> Janssen 1999, 187

<sup>365</sup> Toivari-Viitala 2001, 48

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Heller ikkje born var sikre når det gjaldt arv. P. Brooklyn 35.1446 viser dette tydelig. Bakgrunnen for dette vanskelige arvesystemet var nok hyppige dødsfall og omgifte. Var ein uheldig og kom i unåde kunne ein fort verta skvisa utanfor. Dessutan var det sannsynlegvis avgjerande om ein hadde gjort seg fortent til arv. Slik eg ser det, var ingenting under denne perioden sjølvsagt knytt til arv ovanfor kone og born. Det einaste må i så fall vera at eldste son, i tråd med P. Kahun I.1, var i ein spesiell posisjon og såleis tryggare enn resten av familien.

Under Det nye riket skjer det ei endring i høve til kona sine krav. Fleire av dokumenta peikar på ein delingsmodell som stadfestar kona sin rett på eigedom.<sup>366</sup> Desse kjeldene presenterer følgjande delingsmodell; 2/3 av felles eigedom eigde mannen, medan kona eigde 1/3. Dessutan fordelte det dei tente inn i løpet forholdet seg etter same delingsmodell som ved inngåing av ekteskap. Dette punktet er svært interessant, og har fått egyptologar til å undre over om dei nemnte testamenta faktisk var meint som ekteskapskontraktar kor kvinna gjekk inn i ekteskapet på vilkår av sikkerheit i eigedom. Dessutan kan ein tolke dette dit hen at denne standarden vart innført nettopp på grunn av dei usikre forholda kvinner hadde levd under tidlegare. Dette vil i så fall vera av stor tyding for stoda til kvinner i det egyptiske samfunnet.

Ved sida av desse tre delane kjem eigedom som ikkje inngjekk i felles eigedom. I dei to kjeldene eg nemnte over omfattar kvinna sin separate eigedom medgift og andre eigedomar ho har hatt med seg inn i ekteskapet.

In the case of divorce, the women kept her own property, as well as 1/3 of the joint property acquired by the married couple.<sup>367</sup>

Konkret kva som inngjekk i felles eigedom og kva som ikkje gjorde det, seier sekundærlitteraturen lite om. Berre Pestman nyanserer og delar paret sine eigedomar i fire; kvinna sin private eigedom, medgifta til kvinna, gåve frå kvinna til mannen, og gåve frå mannen til kvinna. Han hevdar dessutan at medgifta skulle følgje kvinna uansett kva som hende.<sup>368</sup> Slik eg ser det må ein anta at dei to partane gjekk inn i forholdet med ein bestemt sats avhengig av ressursgrunnlaget til dei to partane. Korleis desse satsane vart estimerte var moglegvis eit resultat av ei forhandling.

---

<sup>366</sup> P.AM 1945.97, P.Turin 2021

<sup>367</sup> Molseth 2007, 20

<sup>368</sup> Pestman 1961, 91-114

## Kvinner i det gamle Egypt

---

I den samanheng hevdar Bryan<sup>369</sup> og Schulman<sup>370</sup> at kvinner vart nytta som forseglarar av alliansepakter mellom familiar. Det var i familien si interesse at eigedomar ikkje vart mindre, og såleis finn ein, i fylgje Casson, bakgrunnen for å arrangere ekteskap mellom to familiar.<sup>371</sup> Av dette kan ein anta at dei to partane i eit ekteskap var frå same sosiale nivå, og såleis hadde noko lunde likt ressursgrunnlag.

P. AM 1945.96 opnar dessutan for ein måte å omgå den nemnte delingsmodellen. Gjennom adopsjon av ektefelle fekk kvinna krav på heile arva snarare enn berre 1/3. Det kjem dessutan fram i same dokument at kvinner óg kunne adoptere. I den nemnte kjelda dreiar det seg om ei barnlaus kvinne som adopterer tenestefolk og ein bror. Gjennom gjerninga vart tenestefolket opphøgde til frie menneske, samstundes som kvinna sikrar sin eigen alderdom. Denne bruken av adopsjon gjer det klårt at born óg hadde rettigheter knytt til arv under Det nye riket, men som eg allereie har vore inne på var det visse krav som avgjorde kor stor del av arven ein skulle få. Det er dessutan tydeleg at dei ulike generasjonane i familien var avhengig av kvarandre alt etter kva fase av livet dei var i.

Spørsmålet er, slik Baines og Málek poengterer, i kor stor grad kvinnene hadde råderett over eigedomane dei eigde.<sup>372</sup> Johnson hevdar at kvinner som eigar av eigedom var ein rein formalitet, og at det var menn som reint faktisk disponerte eigedomane.<sup>373</sup> Slik eg ser det, motseier nokon av mine kjelder Johnson sin teori. For Mellomriket sin del gjeld dette når mannen døde før kona, eller ved skilsmisse. For Det nye riket sin del ser det ikkje ut til å ha vore noko regel for dette. I dette tidsrommet er det i alle fall enkeltkjelder som tyder på at kvinner disponerte eigedom, trass i at ektemann framleis var i livet.<sup>374</sup> Dessutan er det svært interessant at kvinner, i fylgje Wilbourpapyrusen<sup>375</sup>, er den tredje største leigegruppa, noko som tilsvarte 14,5 prosent av den aktuelle tempeljorda under dynasti 20.<sup>376</sup> Slik eg ser det, opnar desse kjeldene for at det ikkje var noko som stod i vegen for at kvinner kunne disponere eigedom. Kjeldene opnar dessutan for at det var meir vanleg at kvinner disponerte eigedom under Det nye riket, enn under Mellomriket.

---

### 2.5.3 KVINNER SIN RETTSTRYGGLEIK

---

<sup>369</sup> Bryan 1996, 36-39

<sup>370</sup> Schulman 1979

<sup>371</sup> Casson 2001, 17-18

<sup>372</sup> Baines and Málek 1984, 205

<sup>373</sup> Johnson 1996, 179-185

<sup>374</sup> P.AM 1945.97

<sup>375</sup> Eit langt dokument frå Det nye riket, som blant anna oppsummerar skattebetalarane i eit bestemt område av Egypt.

<sup>376</sup> Kemp 2006, 254-255

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Kjeldene frå Mellomriket gjev oss lite innblikk i korleis kvinners rettstryggleik var. Dei tre testamenta kan berre antyde at kvinner ikkje var like godt stilt som menn. Me ser til dømes at ei dotter, i P. Brooklyn 35.1446, sannsynlegvis ikkje vart tilkjent sitt krav på arv. Det er likevel eit poeng at dottera faktisk nyttar rettssystemet. Hadde ho vore utan ein sjanse er det lite truleg at ho hadde klaga sin eigen far for retten.

To brev<sup>377</sup> visar dessutan at kvinner engasjerte seg i korleis rettssystemet fungerte. P. Kahun XII.1 opnar dessutan for at den aktuelle kvinna hadde høve til å verke inn på ei dommaravgjersle. Slik sett er det rom for å tru at kvinner ikkje var heilt utan innverknad på dette området. Ser ein derimot på P. Kahun I.1 er behovet for verje, og presiseringane rundt bustad sikre teikn på at kvinner ikkje hadde same rettslege tryggleik som menn.

Kjeldene frå Det nye riket gjev betre innsikt i kvinner sin rettstryggleik, nettopp fordi det eksisterer fleire døme på at kvinner nytta seg av rettsvesenet.<sup>378</sup> O. Nash 5 og P. Salt 124 opnar for at kvinner sin rettstryggleik var god. Me ser i desse to dokumenta at overgrep av ulik art mot kvinner vart slått ned på, både av samfunn og rettssystem. Kapittel 125 i Dødeboka, dei såkalla ”negative konfesjonane”, styrkar denne konklusjonen.<sup>379</sup> Det er likevel verdt å merke seg at samfunnsnorma ikkje nødvendigvis spegla dei faktiske forholda. Dessutan gjer mangel på kontekst det umogleg å seie kor mykje som skulle til før rettssystemet greip inn, heller ikkje om rettssystemet greip inn på likt grunnlag uavhengig av kjønn og sosialt tilhøyre. Her er det verdt å merke seg Toivari-Viitala sin påstand om at den lokale domstolen var korrupt, og at eit alternativ til dei svake i samfunnet eksisterte i orakelkulten som vaks fram under Det nye riket.<sup>380</sup>

Trass faren for eit korrupt rettsvesen, gjer kjeldene det klart at kvinner kunne ha dei fleste rollar i rettssystemet. I kjeldene finn me kvinner på begge sider av klagebenken<sup>381</sup>, dessutan var det ikkje uvanleg at kvinner vart kalla inn som vitne i ei sak. O. Gardiner 150 tyder dessutan på at kvinner kunne ta del i dommarkollegiet. Trass i at desse tilfella er i mindretal, samanlikna med liknande kjelder som omhandlar menn, gjer kjeldene i denne samlinga det klart at sosialt tilhøyre, snarare enn kjønn var av tyding for ein person sin rettslege tryggleik.

---

### 2.5.4 SJØLVSTENDIGE KVINNER

---

<sup>377</sup> P. Kahun XII.1, P. Kahun XV.1

<sup>378</sup> O. Nash 5, P. Gurob II.1

<sup>379</sup> Faulkner 1998, pl.31

<sup>380</sup> Toivari-Viitala 1997, 167-168

<sup>381</sup> O. Nash 1, O. Nash 5, P. Cairo 65739, P. Gurob.II.1, P. Turin 2021?

## Kvinner i det gamle Egypt

---

One element of self-identity came with occupation, which provided or reflected one's status. It can be noted that many titles in ancient Egypt served not so much as job distinction but as status marker, showing where one fit in society...<sup>382</sup>

Tidlegare i oppgåva la eg fram teorien om at kvinner ikkje hadde administrative posisjonar.<sup>383</sup>

Ein av dei viktigaste grunnane til dette, var at dei ikkje fekk utdanning på same måte som menn gjorde. Den lange vegen frå ung gut til toppen av det sosiale hierarkiet kan illustrerast gjennom livsskildringane til Beknekhonsu. Han viser til 4 år som spedbarn, 12 år som stallgut, 4 år som prest, 12 år som "Gudens far", 15 år som 3.profet, 12 år som 2.profet, og 27 år som yppersteprest.<sup>384</sup> Med utgangspunkt i gjennomsnittleg levealder gjer tida det tok Beknekhonsu å nå embete som yppersteprest det klårt at ein slik hierarkisk karriereveg ikkje var for alle.

Trass i at Beknekhonsu si historie styrkjer den nemnte teorien er det grunn til å modifisere. Fleire av kjeldene i samlinga mi tyder nemleg på at det ikkje berre var menn som kunne vera i administrative posisjonar.<sup>385</sup>

Frå Mellomriket kan dei tre breva frå Lahun<sup>386</sup> antyde at somme kvinner hadde sjølvstendige roller utover familien sine grenser. I P. Kahun III.3 er det ei kvinne som leiar eit veveføretak som skriv til sin overordna. Vevføretaket har sannsynlegvis stått i samheng med kongekulten, og dannar såleis grunnlag for å hevde at kvinner kunne vera i viktige leiarrollar. Som eg allereie har vore inne på, er det usikkerheitsmoment ved kjelda som gjer det naturleg å undre seg kor vidt kvinna si rolle var permanent eller berre midlertidig.

P. Kahun XII.1 og P. Kahun XV.1 viser kvinner som debaterer rettssystemet, og har innvendingar i høve til gjeldande praksis. Kor vidt kvinner sine innvendingar vart tatt på alvor, og enda viktigare om innflytelsen var avhengig av kvinna sine kontaktar snarare enn ho sjølv er viktige poeng her. Skulle det vera slik at kvinner ikkje kunne øve innflytelse gjennom eigen posisjon, gjer kjeldene det likevel klårt at nokre kvinner var kritiske, og kunne uttale seg om rettssystemet.

Når ein kjem til Det nye riket, kjem kvinnene si rolle utanfor heimen fram på ein litt anna måte. Tre kjelder<sup>387</sup> minner mykje om P.Kahun III.3, der kvinner er i roller knytt opp mot statsadministrasjon og kommuniserer med menn om arbeidet dei utfører. Det er i desse tilfella

---

<sup>382</sup> Johnsen 2009, 83-84

<sup>383</sup> Baines and Málek 1984, 204-205; Watterson 1991, 35, 125

<sup>384</sup> Breasted 1906, §561

<sup>385</sup> MR: P.Kahun III.3, P.Kahun XII.1? NK: LRL No.37, LRL No.38, P.Gurob III.1, P.Robert Mond 2

<sup>386</sup> P.Kahun III.3, P.Kahun XII.1, P.Kahun XV.1

<sup>387</sup> LRL No.37, LRL No.38, P.Robert Mond 2

## Kvinner i det gamle Egypt

---

ikkje umogleg at kvinnene for eit avgrensa tidsrom vikarierer for ein mann. Her kan ein innvende at det vil krevje ei viss kjennskap til dei ulike ansvarsområda for å utføre dei aktuelle oppgåvene. Såleis er det rom for å hevde at kvinner ofte tok del i, og hadde god kjennskap til ektemenn og familie sine føretak. Slik eg ser det tyder desse kjeldene på at ingenting stod i vegen for at ambisiøse kvinner kunne nå posisjonar som vanlegvis vert rekna som typiske mannsposisjonar. Her er det sjølvsagt viktig å opne for individuelle forskjellar frå kvinne til kvinne, frå familie til familie og frå sosialt nivå til sosialt nivå.

Fleire kjelder frå Det nye riket tyder dessutan på at kvinner hadde høve til sjølvstendige handlingar ut frå eige ressursgrunnlag.<sup>388</sup> Ser me på P. Gurob II.1 er dette eit flott eksempel som viser at kvinner kunne selje egne tenester slik at dei kunne finansiere ulike behov. Såleis ser ein at single kvinner kunne tene til livets opphald.

Eg trur ikkje det er grunnlag for å hevde at kvinner gjorde dette etter befaling frå ektemann, ei heller at kvinner måtte overgje alle sine ressursar til ektemann. Det går i den samanheng fram av P. AM 1945.97 og P. Turin 2021 at inntente eigedomar under ekteskapet hørde til fellesskapet etter den tredelte modellen. Spørsmålet er kor vidt dette gjaldt på alle nivå, eller berre der det var snakk om større eigedomar.

Nokre kjelder tyder enda til på at mannen var avhengig av kona si på grunn av hennar ressursgrunnlag.<sup>389</sup> Kjeldene som er aktuelle her dreiar seg om mannen sin tilgang på mat og klede. Slik ser ein at forholdet mellom dei to kjønna ikkje nødvendigvis var så skeivt som ein fyrst skulle tru.<sup>390</sup>

Forutan dei kjeldene kor kvinner titulterer seg som *shemayet* – ”musikar”, er det to kjelder som tyder på at kvinner kunne utgjera egne yrkesgrupper.<sup>391</sup> I P. Turin 1880 ser ein ammer som eiga yrkesgruppe. Det var ikkje uvanleg at elitekvinner betalte andre kvinner for å amme borna sine<sup>392</sup>, og på denne måten vart det danna eit arbeidgrunnlag for kvinner. I O. Letellier er det snakk om sjukdom og vise kvinner, og det er eit velkjent fenomen at kvinner hadde ein viktig posisjon på desse områda.

In the medical school women had studied women anatomy, as has been said, along with the art of mummifying bodies, and it was they who circumcised the boys and taught mothers how to wean their

---

<sup>388</sup> O.DM 116, O.DM 125, O.DM 587?, O.Gardiner 204, O.Letellier, P.AM 1945.96, P.AM 1945.97, P.Gurob II.1, P.Gurob III.1, P.Cairo 65739

<sup>389</sup> O.Cerny 3, O.DM 324, O.UC 19614?, P.Turin 1880

<sup>390</sup> Rank creates its rules: A women is asked about her husband, A man is asked about his rank. Lichtheim 2006, 140

<sup>391</sup> O.Letellier, P.Turin 1880

<sup>392</sup> Robins 1993, 88-91

## Kvinner i det gamle Egypt

---

babies, sent pregnant women to the birth-houses at the temples at the proper times, .... Priests on the roof of the temple were meanwhile consulting the sun, moon, or stars for the horoscope of the infant.<sup>393</sup>

Ein ser altså at menn og kvinner hadde ulike ansvarsområde avhengig av kva for gjeremål/hending det var snakk om. Dette er i tråd med Naguib som hevdar dei ulike yrka/gjeremåla i det egyptiske samfunnet var inndelt i ”laug” avhengig av kjønn og sosialt tilhøyre, der kvart laug hadde sine spesialitetar, og utdanna sine born til sitt virke.<sup>394</sup>

Slik eg ser det, må konklusjonen på dette må vera at ambisiøse kvinner, i alle fall frå Det nye riket, kunne oppnå sjølvstende på lik line med menn. Når det er sagt må det tilføyast at grad av sjølvstende var avhengig av konkret aktivitet, og kanskje viktigast av alt sosialt tilhøyre og eige ressursgrunnlag.

---

### 2.5.5 DELKONKLUSJON

Av denne komparasjonen er det klart at kvinner si stode i det gamle Egypt er kompleks, og skapar rom for ulike syn, avhengig av kva for kjelder ein nyttar og korleis ein tolkar dei. Nokon kjelder skapar inntrykk av kvinner som statistar i samfunnet, samanlikna med handlingssterke menn. Andre kjelder opnar for eit kjønnssegregert samfunn der blant anna mor og kone ser ut til å ha hatt ein viktig posisjon i heimen. Slik eg ser det, har familiefar si mor vore ekstra viktig i Mellomriket, medan familiefar si kone i større grad overtok denne posisjonen under Det nye riket. Her må ein ta høgde for at det er Deir el-Medina som skaper dette inntrykket, og det er ikkje umogleg at Deir el-Medina representerer ein anomali snarare enn slik folk flest hadde det.

Ei liknande endring fann óg stad i høve til termval på kvinner. Tittelen *nebet per* – ”husets frue” var mest vanleg under Mellomriket, medan *ankh ent nuit* – ”fri kvinne” vart svært vanleg under Det nye riket. Ein kan av desse to titlane moglegvis skimte ei fokusendring frå det å vera husets frue til å vera ei fri (sjølvstendig) kvinne. Altså kan det ha skjedd ei fokusendring vekk frå heimen mot det offentlege rom under Det nye riket. I den samanheng er det svært interessant å undre seg over om det i dette tidsrommet vart viktigare for kvinner å proklamere eige sjølvstende.

Den same trenden ser ein i høve til arv og disponering av eigedom. Kvinner kunne både arve og disponere under Mellomriket, men det var ingen skriven regel som tvang mannen til å la

---

<sup>393</sup> Hurd-Mead 1973, 19

<sup>394</sup> Naguib 1990



## Kvinner i det gamle Egypt

---

felles eidegom koma kona til gode. Av mine kjelder kan det virke som at kvinner sin rett til eidegom fyrst vart erkjent under Det nye riket. Det er enda til mogleg at det vart vanleg å skrive ekteskapskontraktar som fastsette kor mykje kvinna skulle ha av felles eidegom. Det vanlege ser ut til å ha vore  $1/3$  av felles eidegom.

Samanlikningsgrunnlaget i høve til kvinner sin rettstryggleik er ikkje spesielt godt. Kjeldene frå Mellomriket seier lite om dette, og det er umogleg for meg å ta stilling til om dette skuldast at kvinner ikkje nytta seg av rettssystemet, eller om det berre er kjeldene som er mangelfulle.

For Det nye riket sin del er kjeldene fleire og meir nyanserte. Av desse går det fram at kvinner kunne nytte seg av rettssystemet på lik line med menn, og at det var sosialt tilhøyre snarare enn kjønn som var avgjerande for utfallet av ei høyring. Forandringa i høve til arv og eidegom kan ha vore del av ei større fokusering på kvinner sine rettar, og såleis er det rom for å tru at generell rettstryggleik for kvinner kan ha vore i endring. Dette ser ein óg av opprettinga av orakelkulten som ein alternativ rettsinstans for dei svake i samfunnet.

Det same var, slik eg ser det, tilfellet når ein snakkar om sjølvstendige kvinner. Både periodar har kjelder med kvinner i leiarroller, men som for dei andre momenta, er kjeldene fleire og nyansane klårare for Det nye riket. Ein viktig kjeldetype som berre eksisterer frå Det nye riket er handelsavtalar der kvinner inngår som sjølvstendig part i handel.

Av dette meiner eg det er rom for å hevde at kvinner i større grad hadde høve til å ha sjølvstendige roller under Det nye riket enn i perioden før. Trass dette kan ein ikkje gløyme at grad av sjølvstende var avhengig av fleire faktorar, deriblant personen sitt sosiale tilhøyre, ressursgrunnlag og den konkrete aktiviteten. Til sjuande og sist munnar det ut i at individuelle forhold var viktigast for kor stor grad av sjølvstende ei kvinne kunne oppnå. Såleis må ein innsjå at ein ikkje kan snakke om kvinner som ei gruppe, men snarare må dele kvinner opp i mange undergrupper, kor sosialt tilhøyre og ressursgrunnlag var avgjerande for kvar enkelt kvinne og hennar sjølvstende.

## 3 MOGLEGE FORKLARINGAR

Denne delen av oppgåva vil samanlikne samfunnsmessige forhold under Mellomriket (2055-1650 f.v.t.) og Det nye riket (1550-1069 f.v.t.). Vesentlig er om det har funne stad endringar som kan ha fått tyding for kvinner si rolle i heim og samfunn.

### 3.1 EIT IMPERIUM VEKS FRAM

...Utstyrt med innkallingsedikt reiste offiserene hans (Kamose) rundt til dusinvis av landsbyer, førte bøndene bort frå markene og befalte kvinnene å ta seg av såinga... På ny begynte menn å strømme over Nilen og fylle kassernene og soldatbyen på vestbredden...<sup>395</sup>

Formålet med denne delen av oppgåva er å sjå kor vidt byggjinga av imperiet førte menn vekk frå heimane slik at kvinner overtok menn sine roller, og derav vart meir sjølvstendige.<sup>396</sup>

Bakgrunnen for at dette var mogleg kan ein kanskje finne i folket sitt avhengeforhold til kongen, som gjennom overoppsynsmenn kunne innrullere bøndene til statleg arbeid.<sup>397</sup>

The likely picture of what was normal in ancient Egypt is that, by royal commands, the state from time to time cast its net over a larger labour force than was regularly available from the pool of those in part-time or full-time state employment. It was probably done through the tier of regional governors who could have drawn upon the host of obligations that inevitably pervade local societies.<sup>398</sup>

Den konkrete organiseringa av statleg innrulling under Mellomriket og Det nye riket kjenner me ikkje. Likevel kan ein med visse atterhald ta utgangspunkt i *Corvée*-systemet frå Det gamle riket (2686-2160 f.v.t.), der kvar arbeidsgruppe hadde ein rulleringssyklus på ti månadar i slengen. Kjelder frå Mellomriket og Det nye riket viser dessutan at unndraging av teneste vart straffa svært hardt.<sup>399</sup>

#### 3.1.1 KRIGSTOKT OG GRENSEBESKYTTELSE

Frå ein defensiv ståstad var Egypt svært heldig med sin grensegeografi. Landet trengte i liten grad å fokusere på grensebeskyttelse, då Nildal og Delta beskytta seg sjølv gjennom ugjestmilde grenseområde.<sup>400</sup>

Forutan ved enkelte situasjonar, når militære forsterkingar var tilstades, var nok ikkje karakteren ved grenseovergangane spesielt aggressiv under Mellomriket (2055-1650 f.v.t.).

<sup>395</sup> Gedge 2000, 284

<sup>396</sup> Tankemåten er på mange områder lik den som har vore nytta som forklaring på kvinneleg lausriving etter 1. og 2.

Verdskrig.

<sup>397</sup> Sjå s.13

<sup>398</sup> Kemp 2006, 180-181

<sup>399</sup> Gnirs 2001, 404

<sup>400</sup> Grajetzki 2006, 133-137

## Kvinner i det gamle Egypt

---

Forta hadde nok snarare ei forsvarande, og kanskje viktigare, ei administrativ rolle knytt til farao sine interesser.<sup>401</sup> Når det er sagt seier Kemp:

...the strength of the frontier at Semna, constructed late in the 12th dynasty, suggests that the Egyptians took seriously the military threat from the tribal societies lying yet further to the south.<sup>402</sup>

Av dette forstår ein at det periodevis var ein reell trussel frå sør, og den samla styrken kan ha vore ein stad mellom 2.000 og 3.500 soldatar.<sup>403</sup> Dette talet seier derimot lite om det samla talet på mogleg innrullert personell.

Grenseaktiviteten vart under Det nye riket betydeleg større enn tidlegare. Ikkje berre var ein aktive i sør, der Spalinger hevdar det kan ha vore stasjonert rundt 3000 permanente soldatar ved siste halvdel av dynasti 18 (1550- 1295 f.v.t.).<sup>404</sup> Ein starta dessutan ein offensiv innover i Vesle-Asia.

Under dei fyrste "raida" i Vesle-Asia møtte ikkje dei egyptiske styrkane stor motstand. Det er difor sannsynleg at storleiken på styrkane under til dømes Thotmose I (1504-1492 f.v.t.) ikkje var spesielt store. Dette endra seg derimot når Thotmose III (1479-1425 f.v.t.) for alvor såg dei økonomiske fordelane ved større kontroll over Vesle-Asia, samstundes som lokale makter<sup>405</sup> byrja samle seg mot Egypt.<sup>406</sup> Den store avstanden mellom Nilen og Syria gjorde det difor nødvendig å stasjonere troppar i Vesle-Asia.

...the whole coastline of the southern Lebanon became a major base for supply and reinforcement. By the end of the XVIIIth Dynasty, however, after the loss of Byblos, The Pharaohs had to establish a different strategic location.<sup>407</sup>

Spalinger nemnar i den samanheng åtte befesta byar<sup>408</sup> i Vesle-Asia. Trass dette seier han at dei hyppige felttoga i området<sup>409</sup> gjorde at ein ikkje trengte å ha store permanente styrkjar. Spalinger hevdar dessutan at dei fleste lågaregrads soldatar fekk vende heim i periodane for innhausting, og at ein periodevis nytta seg av soldatar frå lokale makter.<sup>410</sup>

Frå midten av dynasti 19 vert óg nordvest eit område med stor grenseaktivitet. Aktiviteten starta under Merenptah (1213.1203 f.v.t.) då ein koalisjon mellom Libya og det såkalla

---

<sup>401</sup> Fields 2007, 41-46

<sup>402</sup> Kemp 2006, 235

<sup>403</sup> Kemp 2006, 241

<sup>404</sup> Spalinger 2005, 149

<sup>405</sup> Forutan Egypt var dei aktuelle stormaktene i området Hettitriket, Babylon, og Assyria (og Mitanni?).

<sup>406</sup> Spalinger 2005, 115

<sup>407</sup> Spalinger 2005, 58

<sup>408</sup> I sør: Gaza og Joppa ; Libanon: Ullaza Byblos, Sumur og Ugarit ; I grenseområda i nord og aust: Beth Shan, Yeno'am og Kumadi.

<sup>409</sup> Mellom Thotmose III sitt 29 og 42 år som farao gjennomførte Egypt ni krigstokt i Vesle-Asia.

<sup>410</sup> Spalinger 2005, 72

## Kvinner i det gamle Egypt

---

sjøfolket danna eit svært aggressivt klima på denne fronten. Med utgangspunkt i den overhengande faren for nye angrep, sett i forhold til tid og stad, er det fornuftig å tru at det militære tidvis var i alarmberedskap i dette området.

The warfare of the Egyptians did not change despite the threat of this new enemy. All that was needed were troops and plenty of them. But the demand for more soldiers and the need to have permanent army stationed somewhere on the northwest were not easy to fulfill. ... the size of the army had to be expanded, and this must have placed a great expense upon the state. Perhaps for this reason we hear more and more at this time of sherdan "mercenaries" working for the Egyptian war machine...<sup>411</sup>

Me kjenner ingen konkret størrelsesorden i forhold til hæren, ei heller nøyaktig korleis innrulleringssystemet fungerte. Likevel er det naturleg å sjå for seg at innrulleringa skjedde på lokalt plan med store variablar avhengig av lokalt tilhøyre. David hevdar derimot denne forma for innrullering vart skifta ut til fordel for nasjonal innrullering under Ahmose (1550-1525 f.v.t.).<sup>412</sup>

Spalinger har gjort utrekningar basert på matlister, tid og areal ved bestemte slag. Han er komen fram til at storleiken ved Megiddo under Thotmose III (1479-1425 f.v.t.) var maks 18.240 mann<sup>413</sup>, ved Kadesh under Ramses II (1279-1213 f.v.t.) 20.000-25.000 mann, og i slaget mot Libya og sjøfolket under Merenptah (1213-1203 f.v.t.) 25.000 mann.<sup>414</sup> Desse tala er derimot berre representative for dei ulike felttoga og seier lite om det samla talet på mogleg innrullert personell.

David hevdar så mange som 1/10 av alle menn kunne innrullerast til militær teneste under Ramses II (1279-1213 f.v.t.).<sup>415</sup> Om David har rett, ser me at Egypt, som i dette tidsrommet hadde ei befolkning på kring 3 millionar<sup>416</sup>, kunne mønstre kring 150.000 soldatar.

Med utgangspunkt i eit folketal på 1,5 millionar<sup>417</sup> og ein militær aktivitet på opp mot 3.500 mann per år under Mellomriket, eit folketal på 3 millionar og ein militær aktivitet på opp mot 25.000 mann per år under Det nye riket, ser ein ei klår endring. Frå desse tala ser ein ei firedobling, befolkningsauken medrekna, i talet på mogleg innrullerte menn frå Mellomriket (2055-1650 f.v.t.) til Det nye riket (1550-1069 f.v.t.). Som nenmt tidlegare må ein her ta høgde for variasjonar knytt til tid og stad.

---

<sup>411</sup> Spalinger 2005, 197-198

<sup>412</sup> David 1998, 171

<sup>413</sup> Spalinger 2005, 89

<sup>414</sup> Spalinger 2005

<sup>415</sup> David 1998, 272

<sup>416</sup> Meskell 2002, 26

<sup>417</sup> Trigger et al. 1983, 103

## 3.1.2 STATLEGE BYGGJEPROSJEKT

For the Middle Kingdom we can speak of urbanization as a policy of the state, achieved by laying out planned settlements which in their rigid grid-plans reflected an intense bureaucratic control of society. Urban renewal in the New Kingdom displays far less of this, and may have arisen as a consequence of the redevelopment of key sites within towns as temple precincts. Provincial temple building on a grand scale became a priority of the state expenditure in the New Kingdom for the first time;...<sup>418</sup>

Ein ser altså at det statlege fokuset var svært ulikt i dei to periodane. Det var fyrst under Det nye riket (1550-1069 f.v.t.) at staten vart ein byggherre av dimensjonar.

Som ein naturleg konsekvens av dette er byggjeprosjekta frå Mellomriket færre og av mindre storleiksorden. Aktuelle storleikar knytt til ein av ekspedisjonane til steinbrota i Wadi Hammamat, under Senusret I (1956-1911 f.v.t.), talte nærare 20.000 mann.<sup>419</sup>

Dessutan var det ikkje uvanleg at kongane av dynasti 12 bygde pyramidar til daudekulen sin. Under Senusret II (1877-1870 f.v.t.) toppa dette seg, og deler av statsadministrasjonen vart flytta til dette området - Lahun. Byen si levetid er på godt og vel 100 år, og han husa på det meste kring 10.000 innbyggjarar.<sup>420</sup> I denne samanheng er det viktig å merke seg at det var pyramiden og den tilhøyrande kulen som var hovudprosjektet her, og ikkje sjølve byen.

Under Det nye riket er det Amenhotep I (1525-1504 f.v.t.) som startar perioden sin enorme byggjeaktivitet.<sup>421</sup> Ikkje berre gjekk det prestisje i å lage store og flotte tempelkompleks<sup>422</sup>, med Karnak som det fremste døme på 1,2 km<sup>2</sup>.<sup>423</sup> Både Akhenaten<sup>424</sup> (1352-1336 f.v.t.) og Ramses II<sup>425</sup> (1279-1213 f.v.t.) byggjer på kort tid<sup>426</sup> nye hovudstadar. Ein forstår såleis at mange arbeidarar må ha vore involverte. Til dømes viser Eyre til oppføringa av eit enkelt tempel under Ramses II (1279-1213 f.v.t.) der 600 soldatar tok del i arbeidet. Eyre viser óg til ein ekspedisjon til eit steinbrot i Wadi Hammamat under Ramses IV (1153-1147 f.v.t.), der kring 9.000 menn kan ha vore engasjert.<sup>427</sup>

Sidan størstedelen av arbeidarane ved store byggjeprosjekt var soldatar hevdar eg innrulling til dei to aktivitetane skjedde frå same gruppe av menn. I den samanheng vil talet til David på 150.000 menn vera eit absolutt. Under oppføringa av dei to nemnte byane var landet óg

---

<sup>418</sup> Kemp 2006, 266-267

<sup>419</sup> Kemp 2006, 181

<sup>420</sup> Szpakowska 2008, 6-7

<sup>421</sup> Spalinger 2005, 48

<sup>422</sup> Eyre 1987, 180

<sup>423</sup> Baines and Málek 1984, 90

<sup>424</sup> Akhetaten

<sup>425</sup> Pi-Ramses

<sup>426</sup> I Akhetaten sitt tilfelle vart byen bygd og fråflytta i løpet av ein periode på 25 år (1352-1327 f.v.t.). Ein reknar byen si levetid til cirka 20 år.

<sup>427</sup> Eyre 1987, 181

## Kvinner i det gamle Egypt

---

innblanda i militære aktivitetar, og såleis vil talet på innrullert mannskap i desse tidspunkta ha vore nærare maksimumstalet til David enn elles. Skulle så mange som 150.000 ha vore engasjert på vegne av staten, vil forskjellen mellom Mellomriket og Det nye riket ha vore enorm.

I samanheng med lengre arbeidsopphald er det derimot sannsynleg at heile familiar flytta til arbeidsstaden. Dei to landsbyane Lahun og Deir el-Medina er typiske døme på akkurat dette. Likevel veit me frå til dømes Deir el-Medina at det var utelukkande menn som arbeida ved gravkammera i ”Kongenes dal” og Dronningenes dal”, og at desse budde vekke frå heimane 2/3 av tida.<sup>428</sup> Altså var kone og barn heime aleine mesteparten av tida.

Ei av kjeldene i samlinga mi viser dessutan at dette kan ha vore tilfelle i Amarna óg. I denne kjelda har ektemannen vore i teneste hjå ei prinsesse i fire år, medan kona er heime og tek seg av familien sine føretak der.<sup>429</sup> Trass i fåtalet av slike kjelder kan ein ikkje sjå vekk frå at slike forhold var ein realitet for fleire enn dei som budde i Deir el-Medina. Slik eg ser det er det ikkje umogeleg at mannen ved jamne mellomrom var vekke frå heimen i statlege ærend, og at det såleis var kvinna som måtte ta seg av det meste i heim og lokalsamfunn.

No var det ikkje slik at kvinner var fritatt pliktarbeid. Samanliknar ein egyptologar som Callender og Eyre på dette området er kontrasten i oppfatting stor.

...there was a system of enforced labour, whereby men and women of the middle and lower classes were enlisted to undertake specific physical tasks, including military service...<sup>430</sup>

Women freely took part in market trade: ... They do not seem to have been used, however, as workers outside the normal range of “woman’s” essentially domestic activities. The commonest and most profitable form of domestic production open for them was, naturally, spinning and weaving. ... There is also some evidence for purely women’s settlements, doubtless as organizations for the exploitation of labour.<sup>431</sup>

Etter nøye konsultasjon med kollegaer i fagmiljøet<sup>432</sup> har eg kome fram til at det ikkje eksisterer eit kjeldegrunnlag som tilseier at kvinner tok del i militære aktivitetar, ei heller dei tunge byggjeaktivitetane. Det kjeldene derimot seier noko om, er at kvinner til dømes vart sett til hardt jordbruksarbeid på lik line med menn.<sup>433</sup> Rett nok opnar dette for at kvinner tok del i hardt fysisk pliktarbeid, men ikkje til dei oppgåvene som er sentrale for min teori. Altså kan

---

<sup>428</sup> Eyre 1987, 174-178

<sup>429</sup> P. Robert Mond 2

<sup>430</sup> G. Callender i Shaw 2002, 172-173

<sup>431</sup> Eyre 1987, 200-201

<sup>432</sup> Prof. Saphinaz-Amal Naguib og Prof. Anthony J. Spalinger

<sup>433</sup> P. Brooklyn 35.1446

## Kvinner i det gamle Egypt

---

eg konkludere med at ein vekst i talet på innrullerte menn kan ha fått konsekvensar for kvinner si rolle i heim og samfunn.

## 3.2 RELIGIØSE ENDRINGAR

Som naturleg del av den nye folkelege religionen ser ein under Det nye riket (1550-1069 f.v.t.) ein markant vekst i tal og lengde på festivalar. Til dømes vart Opet festivalen, ifølgje Naguib, som originalt varte i 11 dagar under Hatshepsut utvida til 27 i løpet av dynasti 19 og 20.<sup>434</sup> Festivalkalenderen i Medinet Habu tyder på at festivalar kan ha utgjort så mykje som halve året under dynasti 19 og 20.<sup>435</sup> Her skal det likevel seiast at nokon av desse festivalane var svært lokale, og såleis ville ikkje festivalfeiringar ha utgjort så mykje for folk flest.

Tydinga av Amon som patrongud for det thebanske kongehuset, under lausrivinga frå hyksos og den vidare imperiebygginga, førte til at store delar av krigsutbyttet vart tileigna denne guden.<sup>436</sup> Dette førte til vekst i tal og storleik på tempel. Den naturlege konsekvens av dette var at langt fleire var engasjert i tempelaktiviteten enn tidlegare. Dessutan vart virke i tempelet eit heiltidsvirke<sup>437</sup>, og dette gjekk ofte i arv frå far til son. Wilkinson hevdar at dei tre største kultsentra under Ramses III (1184-1153 f.v.t.) hadde heile 100.000 menn i si teneste; Karnak (Amon) 81.322, Heliopolis (Re) 12.963, og Memphis (Ptah) 3.079.<sup>438</sup> Forutan desse var mange kvinner óg tilsett i ulike roller i tempelet.

### 3.2.1 KVINNER I TEMPELET

Under Det gamle riket (2686-2160 f.v.t.) heldt mange elitekvinner prestinnetittelen *hemet netjer* – ”gudens tener”. Dei fleste prestinner hadde sitt virke hjå gudinner, men det er óg døme på prestinner i teneste hjå gudar.<sup>439</sup> Det eksisterer dessutan døme på at prestinner hadde dei same oppgåvene og den same løna som sine mannlege kollegaer.<sup>440</sup>

Trass i at ein ny prestinnetittel, *wabet* – ”rein kvinne”, dukkar opp under Mellomriket (2055-1650 f.v.t.), hevdar fagmiljøet at talet på prestinner går nedover i denne perioden.<sup>441</sup>

Wilkinson viser til ny forskning, og hevdar kvinnelege prestar forsvann totalt midtvegs i dynasti 12 (rundt 1900 f.v.t.). Dette forklarar han med; 1. Auka fokus på å vera rein, og at menstruasjon og fødsel gjorde det umogleg for kvinner å oppnå same nivå av reinskapsom som

<sup>434</sup> Naguib 1990, 70

<sup>435</sup> Naguib 1991, 21

<sup>436</sup> Spalinger 2005, 78

<sup>437</sup> Dette vil i så fall stå i motsetnad til tidlegare praksis som var organisert rundt vaktlag som rullerte på oppgåvene.

<sup>438</sup> Wilkinson 2000, 92-93

<sup>439</sup> Dette gjeld spesielt Thoth og Ptah. Det var derimot ikkje så vanleg at kvinner var prestinner i kulten til gudinna Neith.

Robins 1993, 142

<sup>440</sup> Wilkinson 2000, 93

<sup>441</sup> Robins 1993, 142-145



## Kvinner i det gamle Egypt

---

menn. 2. Uttrykk for at sosiale holdningar var i endring.<sup>442</sup> Om dette var tilfellet, kan dei sosiale holdningane til kvinner ha vore spesielt dårlege under Mellomriket, og kanksje er det dette som kan forklare variablane i kjeldene mine?

Berre unntaksvis kjem ein over prestinner i kjelder frå Det nye riket.<sup>443</sup> Onstine hevdar profesjonaliseringa av presteskapatet var den viktigaste grunnen til dette. Ho opnar for at det kan ha oppstått ei eller anna form for ekskludering av kvinner, til fordel for menn sin karriereveg. Kvinner si rolle i tempelet fekk i større grad ein underhaldande karakter, i form av dans og musikk. Onstine forklarar at rollene som underhaldarar i hovudsak vart overlete til kvinnene fordi desse rollene ikkje høyrde til menn sin ordinære prestisje- og karriereveg.<sup>444</sup>

Slik eg ser det, eksisterte det eit religiøst hierarki for kvinner parallelt med det mannlege prestehierarkiet. Det religiøse hierarkiet spegla på mange måtar det sosiale hierarkiet. Tittelen *hemet neter n jmen* – ”Guden Amon sin kone” var den absolutte autoritet, og ved byrjinga av dynasti 18 var det dronninga som hadde denne tittelen. Det er tydeleg at tittelhaldaren, mellom Ahmose Nefertari og Neferura, hadde stor makt og innverknad i samfunnet.

Robins peikar på at fleire av dei leiande kvinnene i danse-/musikkтроppen ofte hadde ein ektemann med tilsvarande presteposisjon. Det vil seie at kona til ypperstepresten i eit bestemt tempel, ofte var leiar for danse-/musikkтроppen i det same tempelet.<sup>445</sup> Såleis ser ein at dei to kjønna kan ha hatt utfyllande roller ovanfor kvarandre. Dette kjem eg meir inn på i kapitel 3.3.

Kor mange kvinner som var engasjert i tempelkulten er uvisst. Wilkinson hevdar i denne samanheng at så godt som alle høgtstående kvinner i Theben var *sheyamet* – ”musikar” under Det nye riket.<sup>446</sup> Dette stemmer godt overeins med Onstine som hevdar *shemayet* kan ha overtatt etter, og kanskje hadde same rituelle tyding som den tidlegare prestinnetittelen, *hemet netjer* – ”gudens tenar”.<sup>447</sup>

---

<sup>442</sup> Wilkinson 2000, 93

<sup>443</sup> Wilkinson 2000, 94

<sup>444</sup> Onstine 2005, 29

<sup>445</sup> Robins 1993, 148

<sup>446</sup> Wilkinson 2000, 94

<sup>447</sup> Onstine 2005, 26

## Kvinner i det gamle Egypt

---

På ei anna side utvidar Robins det sosiale tilhøyre til *shemayet* og hevdar at fleire kvinner frå til dømes Deir el-Medina hadde denne tittelen.<sup>448</sup> Onstine modererer óg sannsynet for at tittelen utelukkande var ein elitetittel:

This secularization of ritual may have allowed for many more people to participate in ritual, and the new, elaborate festivals requiring musical specialists probably played an important role in the popularization of the title.<sup>449</sup>

Såleis ser ein at det ikkje er umogleg at dei lågare *shemayet* kom frå andre sosiale lag enn eliten. Av dette ser ein at det er grunn til å hevde at kvinner fekk ei utvida rolle i tempel og festivalaktivitetar. Poenget er ikkje nødvendigvis kva rolla til desse kvinnene gjekk ut på, men snarare at mange kvinner var aktivt med i dei offentlege kultaktivitetane. Som Sweeney seier kan denne aktiviteten ha gjeve kvinner høve til å utvide sitt sosiale nettverk, samstundes som dei kunne tene si eiga inntekt.<sup>450</sup> Det er dessutan eit poeng at ei slik form for sosialisering kan ha skapt betre spreingshøve for nye trendar i samfunnet, og dersom ei feminisering av samfunnet var på gang, ville langt fleire enn tidlegare hatt høve til å henge seg på.

---

<sup>448</sup> Robins 1993, 145

<sup>449</sup> Onstine 2005, 29

<sup>450</sup> Sweeney 2008, 4

### 3.3 DEI STORE KVINNENE AV DYNASTI 18 (1550-1295 F.V.T.)

”Let’s pray to the queen; The mistress of the two lands; Whose name is honoured everywhere; the great ruler, .... Beloved Royal Mother. She is the one who has accomplished the rites. And has care for Egypt. She has maintained the power. She has brought back her fugitives, and collected her deserters; She has pacified Upper Egypt, she has quashed the rebellion. The King’s Wife Ahhotep given life.”<sup>451</sup>

Sitatet over er frå ein stela i Karnaktempelet, og er Ahmose (1550-1525 f.v.t) sin karakteristikk av mor si Ahhotep. Olivier hevdar dette er det fyrste skriftlege beviset på at kvinner hadde, og utøvde reell makt.<sup>452</sup> Dette stemmer derimot ikkje heilt<sup>453</sup>, og kanskje meiner Olivier snarare at dette er det fyrste skriftlege beviset på ein mannleg herskar som gjev honør til ein av sine kvinnelege forgjengarar.

Kvinner fekk i dette tidsrommet ei heilt ny rolle både på monument og i ikonografiske framstillingar. Olivier hevdar til dømes dei store krigarkongane Ahmose (1550-1525 f.v.t.), Thotmose III (1479-1425 f.v.t.) og Ramses II (1279-1213 f.v.t.), i dei fleste tilfella vart framstilt saman med dronning, mor og /eller døtre, og at desse hadde ei aktiv hjelperolle.<sup>454</sup>

I følge Larsen var dei kongelege kvinnene representantar for alle kvinner i Egypt gjennom sin status som manifestasjon av det feminine element i kosmos. Deira hovudrolle var å virke som eit medium for den evige syklusen av kongedømet, gjennom fødsel av den nye kongen.<sup>455</sup> I følge Troy byrjar ein frå dynasti 18 (1550-1295 f.v.t.) å vektleggje det feminine element synkront, og som likeverdig med det maskuline element.<sup>456</sup> I følge Larsen vart dei to elementa framstilt som tvillingar, på same måte som det fyrste gudepar, Shu og Tefnut, som berre var skilt av kjønn. Larsen konkluderer med at likeverdet mellom det feminine og det maskuline element var identisk med skaparkrafta sin androgyne natur.<sup>457</sup>

Dette kjem spesielt godt fram i dei ulike framstillingane av den kvinnelege faraoen Hatshepsut (1473-1458 f.v.t.). Som dronning og ”Guden Amons kone” vart ho framstilt som kvinne, medan som konge vart ho framstilt som mann. Egyptologar flest er samde om at dette må ha med den kongelege kotyme å gjere, og at denne var utelukkande maskulin.<sup>458</sup> Dette tyder at kongemakta ikkje var fullendt med ein farao aleine. Kongemakta skulle vera todelt,

---

<sup>451</sup> Sitat frå ein av Ahmose sine stela i Karnak tempelet gjengjeve i Olivier 2008, 140

<sup>452</sup> Olivier 2008, 135

<sup>453</sup> Blant anna har me fleire attestasjonar frå den kvinnelege faraoen Sobekneferu (1777-1773 f.v.t.).

<sup>454</sup> Olivier 2008, 134

<sup>455</sup> Larsen 1999, 46-49

<sup>456</sup> Troy 1986, 143

<sup>457</sup> Larsen 1999, 55

<sup>458</sup> Robins 1993, 50-51

## Kvinner i det gamle Egypt

---

der kongerolla var maskulin og dronningrolla feminin. Som konge vart difor Hatshepsut framstilt som mann med dotter si, Neferura, som det feminine element ved kongemakta.<sup>459</sup>

Robins hevdar dessutan at Neferura var den av kongedøtrene som har flest attestasjonar, ikkje berre på monument, men óg i talet på skarabear<sup>460</sup> med hennar insignia, funne blant levningane etter vanlege menneske. Slik eg ser det, er dette ein klár indikasjon på at dei store kvinnene gjorde seg til kjenne for folk flest.

Etter Neferura er det dronning Tiy<sup>461</sup> og dronning Nefertiti<sup>462</sup> som er mest framtrédande.<sup>463</sup> Dronning Tiy veit me spelte ei viktig rolle i høve til ektemannen Amenhotep III (1390-1352 f.v.t.) sine politiske avgjersler. Dette kjem blant anna til syne i korrespondanse mellom kong Tushratta av Mitanni og dronning Tiy.<sup>464</sup>

Trass i ein utvilsomt framtrédande posisjon, er framleis dronning Nefertiti si rolle difus for egyptologar. Spekulasjonane er mange, og Fletcher er av dei som faktisk hevdar Nefertiti kan ha vore medregent og arvtakar til ektemannen Akhenaten (1352-1336 f.v.t.).<sup>465</sup> Det som likevel kan seiast om Nefertiti er at ho er avbileta meir enn noko anna dronning, og ofte i situasjonar som hørde kongerolla til.<sup>466</sup>

Hensikta bak kongelege monument og ikonografi var å proklamere statsmakta sine synspunkt ovanfor folket og å gjere motiva udødelege.<sup>467</sup> Den auka avbiletninga av dei kongelege kvinnene får ein til å undre seg over kva denne nye og framtrédande posisjonen til det feminine element fekk å seie for kvinner flest. Eg er ikkje den fyrste som har lurt på dette. Sweeney har til dømes stilt spørsmål ved kor vidt desse kvinnene kan ha skapt ei feminiseringsbølge i det egyptiske samfunnet.<sup>468</sup>

Roth gjev oss på mange måtar eit svar på dette i artikkel ”The Absent Spouse: Patterns and Taboos in Egyptian Tomb Decoration”. I artikkelen samanliknar ho gravkammer frå ulike tidsperiodar (Det gamle riket (2686 f.v.t.), Mellomriket (2055-1650 f.v.t.), Det nye riket (1550-1069 f.v.t.) og Seindynastisk tid (664-332 f.v.t.)) og systematiserer kvinner sin plass i

---

<sup>459</sup> Troy 1986, 131-144

<sup>460</sup> Skarabeen var ein svært populær amulett og pyntegenstand i heile tidsperioden til det gamle Egypt.

<sup>461</sup> Kona til Amenhotep III

<sup>462</sup> Kona til Amenhotep IV/Akhenaten

<sup>463</sup> Lesko 1989, 101; Bryan 1996, 35

<sup>464</sup> Watterson 1991, 151

<sup>465</sup> Fletcher 2004


<sup>466</sup> Robins 1993, 53-55

<sup>467</sup> Bryan 1996, 25

<sup>468</sup> Sweeney 2008, 4

## Kvinner i det gamle Egypt

desse. Konklusjonen til Roth er at kvinner fekk ein meir framtrødande posisjon frå fyrste halvdel av dynasti 18 (1550-1295 f.v.t.), ved å verta inkludert i mannen sine gravkammer i langt større grad enn tidlegare.<sup>469</sup> Ingen av gravkammera frå Mellomriket kan med sikkerheit seiast å inkludere mannen si kone, medan berre 31 av i alt 446 gravkammer frå Det nye riket og Seindynastisk tid er utan kone avbileta.<sup>470</sup>



Figur 3-1 Samanlikning av kona si rolle i gravikonografi.

Whale spesifiserer forholda under dynasti 18 ved å analysere funn i 93 gravkammer frå tidsperioden Ahmose (1550-1525 f.v.t.) til Thotmose IV (1400-1390 f.v.t.). Av desse var berre seks utan kone. Spesielt for Whale er at ho, ved sida av spørsmålet om kona si deltakande rolle, fokuserer på kor vidt kvinner har ei aktiv rolle i ektemannen sitt gravkammer. Hennes konklusjon er at kvinner i perioden Ahmose (1550-1525 f.v.t.) til Hatshepsut (1473-1458 f.v.t.) hadde ei passiv rolle, og dessutan ofte var framstilt i ein mindre storleik enn ektemannen. Til samanlikning vart kvinner frå Thotmose III (1479-1425 f.v.t.) til Thotmose IV (1400-1390 f.v.t.) i større grad var framstilt under aktivitet, gjerne aleine, og i same størrelsesorden som ektemannen.<sup>471</sup>

<sup>469</sup> Roth 1999, 51

<sup>470</sup> Roth 1999, 41

<sup>471</sup> Whale 1989, 240-275



Figur 3-2 Kona si rolle i gravikonografi i tidsrommet Ahmose til Thotmose IV.

I denne sammenhengen heng eg meg på tankegangen til Whale, som peikar på kor freistande det er å sjå posisjonen til dei kongelege kvinnene av dynasti 18 som ein viktig faktor bak større fridom og sjølvstende hjå kvinner flest.<sup>472</sup> Onstine er heller ikkje framand for denne tankegangen, men konstaterer at det ikkje er noko konkret som tilseier at dei nemnte kvinnene med overlegg gjekk inn for å endre kvinner si stode i det egyptiske samfunnet.<sup>473</sup>

Trass i at det er mange moment som taler for at dei kongelege kvinnene kan ha spela ei viktig rolle for utviklinga av kvinnerolla er det grunn til å stille spørsmål ved kor mange blant folk flest som nokon gong såg representantar frå kongefamilien, og dessutan engasjerte seg i politiske spørsmål. Resultata til Roth og Whale representerer i hovudsak dei som stod nærast kongefamilien, og gjev oss såleis lite informasjon om konsekvensane for fleirtalet i det egyptiske samfunnet. Kanskje vert det difor meir rett å sjå på konsekvensane som ein langsiktig prosess, der ei gradvis endring frå nivå til nivå i det sosiale hierarkiet kan ha funne stad. Som Robins seier, er det unntaka som skaper høve for ei anna verkelegheit.<sup>474</sup>

<sup>472</sup> Whale 1989, 241

<sup>473</sup> Onstine 2005, 29

<sup>474</sup> Robins 1989, 106

## 4 KONKLUSJON

Det er verdt å merke seg at lausrivinga frå *hyksos* tok opp mot tjue år, og at dei fleste faraoane av Det nye riket var på hyppige felttog samstundes som dei hadde større byggjeprojekt i sving. Dette vil naturleg ha ført til ei ekstra belastning på innrulleringssystemet. Ut frå mine utrekningar i kapittel 3.1 og 3.2 ser ein at talet på innrullerte menn frå Mellomriket til Det nye riket vaks med minst 400 prosent. Her må det poengterast at me ikkje har oversikt over alle byggjeprojekt og krigstokt som fann stad, og at enkelte område kan ha merka innrulleringane, og konsekvensane av desse sterkare enn andre. Uavhengig av konkret storleiksorden er det klart at det må ha ei skjedd ei endring i høve til talet på menn som staten la beslag på under sin jakt på imperium. Såleis har fleire kvinner enn tidlegare vore nøydd å overta mannen sine oppgåver.

Folkeleggjeringa av religionen gjorde dessutan sitt til at religion vart eit offentleg fenomen, snarare enn eit elitefenomen. Kvar og ein kunne vera i direkte kontakt med guden, samstundes som store festivalar opna for religiøs aktivitet på tvers av dei sosiale skilja. Slik eg ser det, er det er ikkje umogeleg, med utgangspunkt i Amon som vernar av dei svake i samfunnet, at kvinner sine rettar vart sett på dagsorden under Det nye riket.

Kvinner si rolle i tempelet kan i dei to periodane ha vore svært ulik. Konsensus tyder på at kvinner under Mellomriket vart skyvd til sides til fordel for menn sine prestisje- og karriereveggar. Under Det nye riket vaks det derimot fram ei ny rolle som kvinner nærast hadde monopol på. Konkret kva denne rolla gjekk ut på er ein ikkje samde om, men er kanskje heller ikkje så viktig i denne samanheng. Poenget er vel snarare, som Sweeney poengterer, at virke i tempelet førte kvinner inn i ein offentleg aktivitet. Dette i seg sjølv kan ha skapt rom for nettverksbygging, eiga inntekt, og utveksling av nye idéar og trendar.

Med utgangspunkti nye trendar og idéar er det ikkje utenkeleg at hyppigheita av kongelege kvinner med reell makt under dynasti 18 kan ha skapt rom for ei endra holdning til kvinner generelt, og dessutan aukande aksept for kvinner som sjølvstendige individ. Roth og Whale sine komparative studium av gravikonografi tyder på at ei endring fann stad under, eller like etter Hatshepsut. Kanskje kan ein såleis sjå denne kvinna som ein katalysator for aukande kvinneleg sjølvstende?

Frå min komparasjon er det tydeleg at kvinner si rolle i det egyptiske samfunnet var kompleks. Ikkje berre fordi kjeldene er få, men at langt dei fleste stammar frå eliten i

## Kvinner i det gamle Egypt

---

samfunnet. Likevel er det vert å merke seg at menneska i til dømes Deir el-Medina, trass deira nære kopling til eliten, var eit arbeidarsamfunn. Det er uvisst kor vidt arbeiderklassen var representativ for folk flest, som var bønder og levde på jorda dei dyrka.

Det einaste som gjer ein slik komparasjon som dette representativ for folk flest er om forhold i dei ulike samfunnsgruppene speglar kvarandre. Sidan eg verken kan bekrefte eller avkrefte dette, er konklusjonen min fyrst og fremst retta mot forholdet i mellom arbeidarklasse og elite.

Kjeldene i mi samling gjev eit variert inntrykk. Nokre skapar inntrykk av kvinner som statistar i samfunnet samanlikna med handlingssterke menn. Andre kjelder opnar for eit kjønnssegregert samfunn der blant anna mor og kone ser ut til å ha hatt ei viktig rolle. Slik eg ser det, har familiefar si mor vore ekstra viktig under Mellomriket, medan familiefar si kone i større grad overtok denne posisjonen under Det nye riket. Her må ein sjølvstendig ta høgde for at det i all hovudsak er Deir el-Medina som skapar dette inntrykket, og at det ikkje er umogleg at Deir el-Medina representerer ein anomali snarare enn slik folk flest hadde det.

Ei liknande endring fann stad i høve til termval på kvinner. Tittelen *nebet per* – ”husets frue” var mest vanleg under Mellomriket, medan *ankh ent nuit* – ”fri kvinne” vart svært vanleg under Det nye riket. Ein kan av desse to titlane moglegvis skimte ei fokusendring frå det å vera husets frue til å vera ei fri (sjølvstendig) kvinne. Dessutan er talet på kjelder kor kvinner nyttar desse titlane langt større frå Det nye riket samanlikna med Mellomriket. Altså kan det ha skjedd ei fokusendring vekk frå heimen mot det offentlege rom. I den samanheng er det svært interessant å undre seg over om det i dette tidsrommet vart viktigare for kvinner, nettopp med utgangspunkt i den nye tittelen *ankh ent nuit*, å proklamere eige sjølvstende enn tidlegare.

Angående arv og disponering av eigedom ser ein at kvinner sine rettar vart meir definert i dette tidsrommet. Kvinner kunne både arve og disponere eigedomar under Mellomriket, men det var ingen skriven regel som tvang mannen til å la felles eigedom kome kvinna til gode. Slik eg ser det, vart kvinner sin rett til eigedom fyrst erkjent under Det nye riket. Kor mange kvinner som hadde reell råderett over eigedomane dei eigde er eit anna spørsmål som er vankeleg å svare på, og sannsynlegvis vil individuelle forhold vera avgjerande for kvar enkelt kvinne sin situasjon.



## Kvinner i det gamle Egypt

---

Dessutan er det sannsynleg at det under Det nye riket vart vanleg å skrive ekteskapskontraktar som sikra stoda til kvinna ved eventuelt dødsfall eller skilsmisse. Slik eg ser det, kan dette vera ein konsekvens av forholda kvinner hadde levd under tidlegare.

Samanlikningsgrunnlaget i høve til kvinner sin rettstryggleik er ikkje spesielt god. Kjeldene frå Mellomriket seier lite om dette, og det er umogleg for meg å ta stilling til om dette skuldast at kvinner ikkje nytta seg av rettssystemet, eller om det berre er kjeldene som er mangelfulle.

For Det nye riket er kjeldene fleire og meir nyanserte. Av desse går det fram at kvinner kunne nytte seg av rettssystemet på lik line med menn, og at det var sosialt tilhøyre snarare enn kjønn som var avgjerande for utfallet av ei høyring. Forandringa i høve til arv og eigedom kan kanskje ha vore del av ei større fokusering på kvinner sine rettar, og såleis er det rom for å tru at generell rettstryggleik for kvinner kan ha vore i endring. Opprettinga av orakelkulten, som ein alternativ rettsinstans for dei svake i samfunnet, er nok ein indikasjon på denne fokusendringa.

Døme på sjølvstendige kvinner er det frå baa periodar, men som for dei andre momenta er kjeldene fleire og meir nyanserte for Det nye riket. Blant anna er ein viktig kjeldetype, som berre eksisterer frå Det nye riket, handelsavtalar der kvinner inngår som sjølvstendig part i byte av varer og tenester.

Av dette meiner eg det er rom for å hevde at kvinner i aukande grad kunne ha sjølvstendige roller under Det nye riket enn i perioden før. Trass dette kan ein ikkje gløyme at grad av sjølvstende var avhengig av fleire faktorar, deriblant personen sitt sosiale tilhøyre, ressursgrunnlag og den konkrete aktiviteten. Dessutan vil eg påstå at ein i større grad bør snakke om tendensar og kutyme i samfunnet, heller enn ei konsekvent utestenging av kvinner fra visse samfunns- og arbeidsområder. Slik eg ser det, var individuelle forhold avgjerande for kor stort sjølvstende ei kvinne kunne oppnå. Såleis må ein innsjå at ein ikkje kan snakke om kvinner som ei einsarta gruppe, men snarare dele kvinner opp i mange undergrupper kor ein tek høgde for individuelle forhold, sosiale variablar i tid og stad og ressursgrunnlaget til kvar einskild kvinne.

## 5 KJELDELISTE

	Dyn.	Referanse	Side
<b>Diodorus Siculus</b>		Murphy 1985	
<b>Herodotus</b>		Waterfield 1998	
<b>LRL No.37</b>	20	Allam and Černý 1973, No.273; Wente and Meltzer 1990, No.290	65
<b>LRL No.38</b>	20	Cerny 1939, 60-61; Wente and Meltzer 1990, No.324	67
<b>O. Berlin 10616</b>	18	Gardiner and Černý 1957, pl.XLII,4; Wente and Meltzer 1990, No.120	53
<b>O. Berlin 12630</b>	20	Kitchen 1968-, 5:594-595; Cerny 1973, 351; Allam and Černý 1973, No.14; Wente and Meltzer 1990, No.256	63
<b>O. Cairo 25556</b>	19	Kitchen 1968-, 4:302-303; Allam and Černý 1973, No.30; McDowell 1990, 251-252; 2001, No.142	74
<b>O. Cerny 3</b>	19	Kitchen 1968-, 7:190-191; Wente and Meltzer 1990, No.197	55
<b>O. DM 116</b>	19	Cerny and Sauneron 1935-1970, 2:1-2,pl.3; Kitchen 1968-, 3:540; Allam and Černý 1973, No.60; Wente and Meltzer 1990, No.227	56
<b>O. DM 125</b>	19	Cerny and Sauneron 1935-1970, 2:4,pl.6; Kitchen 1968-, 3:543; Wente and Meltzer 1990, No.229; McDowell 2001, No.46b	59
<b>O. DM 235</b>	20	Cerny and Sauneron 1935-1970, 3:11,pl.20; Kitchen 1968-, 6:105; Wente and Meltzer 1990, No.82	78

## Kvinner i det gamle Egypt

<b>O. DM 324</b>	19	Cerny and Sauneron 1935-1970, 4:22,pl.27; Kitchen 1968-, 3:538-539; Wente and Meltzer 1990, No.230	58
<b>O. DM 439</b>	20	Cerny and Sauneron 1935-1970, 5:27,pl.26; Allam and Černý 1973, No.110; Wente and Meltzer 1990, No.202; McDowell 2001, No.23	64
<b>O. DM 587</b>	19	Cerny and Sauneron 1935-1970, 6:8,pl.20; Allam and Černý 1973, No.133; Wente and Meltzer 1990, No.219	57
<b>O. Gardiner 150</b>	20	Gardiner and Černý 1957, pl.LXXI,3; Allam and Černý 1973, No.180; McDowell 2001, No.123	85
<b>O. Gardiner 204</b>	19- 20	Cerny and Sauneron 1935-1970, 3:4, pl.4; Allam and Černý 1973, No.189	76
<b>O. Letellier</b>	19	Kitchen 1968-, 7:257-258; Wente and Meltzer 1990, No.184; McDowell 2001, No.83	62
<b>O. Nash 1</b>	19	Allam and Černý 1973, No.217; Johnson 1996, 221; McDowell 2001, No.144	72
<b>O. Nash 5</b>	20	Gardiner and Černý 1957, pl.LIII,2; Allam and Černý 1973, No.221; McDowell 2001, No.8	83
<b>O. Petrie 61</b>	20	Gardiner and Černý 1957, pl.XXIII,4; Allam and Černý 1973, No.243; Wente and Meltzer 1990, No.199	68
<b>O. Prague 1826</b>	19	Gardiner and Černý 1957, 20,pl.LXX,2; Allam and Černý 1973, No.249; Wente and Meltzer 1990, No.200; McDowell 2001, No.16	60
<b>O. UC 19614</b>	20	Kitchen 1968-, 5:1-2; Allam and Černý 1973, No.256; McDowell 2001, No.18	79
<b>P. AM 1945.96</b>	20	Gardiner 1941, 23-24; Allam and Černý 1973,	87

## Kvinner i det gamle Egypt

		No.261	
<b>P. AM 1945.97</b>	20	Cerny 1945, 31-32; Kitchen 1968-, 6:236-240; Allam and Černý 1973, No.262; McDowell 2001, No.14	81
<b>P. BM 10549</b>	11	James 1962, 89-92; Parkinson 1991, No.35	34
<b>P. Brooklyn 35.1446</b>	13	Hayes 1955, 114-116	46
<b>P. Cairo 65739</b>	19	Gardiner 1935, 141-142	71
<b>P. Gurob II.1</b>	18	Griffith 1898, pl.39; 1898, 92-93; Murnane 1995, 19b	70
<b>P. Gurob III.1</b>	19	Griffith 1898, pl.XXXIX; 1898, 94-95	61
<b>P. Heqanakht 1</b>	12	James 1962, 1-52; Wente and Meltzer 1990, No.68; Parkinson 1991, No.34a; Allen 2002	35
<b>P. Heqanakht 2</b>	12	James 1962, 1-52; Wente and Meltzer 1990, No.69; Parkinson 1991, No.34b; Allen 2002	36
<b>P. Heqanakht 4</b>	12	James 1962, 1-52; Wente and Meltzer 1990, No.71; Allen 2002	38
<b>P. Kahun I.1</b>	12	Griffith 1898, pl.12; 1898, 31-35; Johnsen 1999, 169-172; Collier and Quirke 2004, UC32058	44
<b>P. Kahun III.3</b>	12	Griffith 1898, pl.32; 1898, 75-76; Wente and Meltzer 1990, No.101; Collier and Quirke 2002, UC32203	40
<b>P.Kahun VII.1</b>	12	Griffith 1898, pl.11; 1898, 29-31; Collier and Quirke 2004, UC32037	45
<b>P. Kahun XII.1</b>	12	Griffith 1898, pl.34; 1898, 78-79; Wente and Meltzer 1990, No.102; Collier and Quirke 2002, UC32209	41
<b>P.Kahun XV.1</b>	12	Griffith 1898, pl.30; 1898, 72-73; Wente and Meltzer 1990, No.104; Collier and Quirke 2002, UC32200	42

## Kvinner i det gamle Egypt

---

<b>P. Robert Mond 2</b>	18	Peet 1930, 92-97, pl.20-21, 26-30; Wente and Meltzer 1990, No.124	54
<b>P. Salt 124</b>	19- 20	Cerny 1929, 244-246; Kitchen 1968-, 4:408-414; Allam and Černý 1973, No.266; McDowell 2001, 146	76
<b>P. Turin 1880</b>	20	Allam and Černý 1973, No.276; McDowell 2001, No.12	78
<b>P. Turin 2021</b>	20	Cerny and Peet 1927, 32-33; Kitchen 1968-, 6:738-742; Allam and Černý 1973, No.280	85

---

## 6 LITTERATURLISTE

- Allam, Schafik. 1985. *Some pages from- everyday life in ancient Egypt*. Guizeh: Prism.
- . 1989. Womans as Owners of Immovables in Pharaonic Egypt. In *Women's earliest records: from ancient Egypt and western Asia : proceedings of the Conference on Women in the Ancient Near East, Brown University, Providence, Rhode Island, November 5-7, 1987*, edited by B. S. Lesko. Atlanta, Ga.: Scholars Press.
- . 1990. Women as Holders of Rights in Ancient Egypt (During the Late Period) *Journal of the Economic and Social History of the Orient* Vol. 33 (No. 1. ):pp. 1-34.
- Allam, Schafik, and Jaroslav Černý. 1973. *Urkunden zum Rechtsleben im alten Ägypten: Hieratische Ostraka und Papyri aus der Ramessidenzeit*. Tybingen.
- Allen, James P. 2002. *The Heqanakht papyri*. New York: Metropolitan Museum of Art.
- Andreu, G. 1997. *Egypt in the age of the pyramids*. Ithaca: Cornell University Press.
- Anners, Erik. 1998. *Den europeiske rettens historie*. 8 ed. Oslo: Universitetsforlaget.
- Assmann, Jan. 1975. *Ägyptische Hymnen und Gebete*. Zurich & Munchen: Artemis Verlag.
- . 2001. *The search for God in ancient Egypt*. Ithaca, N.Y.: Cornell University Press.
- Baines, John. 1983. Literacy and Ancient Egyptian Society. *Man, New Series* Vol. 18 (No. 3):pp. 572-599.
- . 1991. Society, Morality and Religious Practice. In *Religion in ancient Egypt: Gods, Myths, and Personal Practice*, edited by B. E. Shafer. Ithaca & London: Cornell University Press.
- Baines, John, and Jaromír Málek. 1984. *Atlas of Ancient Egypt*. Oxford: Equinox.
- Ben-Tor, Daphna. 2008. *Scarabs, Chronology, and Interconnection; Egypt and Palestine in the Second Intermediate Period*. Vol. 27, *Orbis Biblicus et Orientalis* Vandenhoeck & Ruprecht Göttingen: Academic Press Fribourg.
- Borghouts, J. F. 1981. Monthu and Matrimonial Sqabbles. *Revue d'Egyptologie* 33:11-22.
- Breasted, James H. 1906. *The Nineteenth Dynasty*. 2001 ed. 5 vols. Vol. 3. Champaign: University of Illinois Press.
- Brier, Bob, and Hoyt Hobbs. 2008. *Daily Life of the Ancient Egyptians*. 2 ed. Westport: Greenwood Press.
- Bryan, Betsy M. 1982. The Etymology of Hnr "Group of Musical Performers". *BES* 4:35-54.
- . 1984. Evidence for Female Literacy. *BES* 6:17-32.
- . 1996. In woman good and bad fortune are on earth: Status and roles of woman in Egyptian culture. In *Mistress of the House, Mistress of Heaven; Woman in ancient Egypt*, edited by A. K. Capel and G. E. Markoe. New York: Hudson Hills Press.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

- Casson, Lionel. 2001. *Everyday Life in Ancient Egypt*. 2 ed. Baltimore: The John Hopkins University Press.
- Cerny, Jaroslav. 1929. Papyrus Salt 124 (Brit. Mus. 10055). *The Journal of Egyptian Archaeology* 15 (3/4):243-258.
- . 1939. *Late Ramesside letters*. Bruxelles: La Fondation Egyptologique Reine Elisabeth.
- . 1945. The Will of Naunakhte and the Related Documents. *The Journal of Egyptian Archaeology* Vol. 31:29-53
- . 1954. Consanguineous Marriages in Pharaonic Egypt. *The Journal of Egyptian Archaeology* Vol. 40:pp. 23-29.
- . 1973. *A community of workmen at Thebes in the Ramesside period*. Le Caire: Institut francais d'archeologie orientale du Caire.
- Cerny, Jaroslav, and T. E. Peet. 1927. A Marriage Settlement of the Twentieth Dynasty: An Unpublished Document from Turin. *The Journal of Egyptian Archaeology* 12 (1/2):30-39.
- Cerny, Jaroslav, and Serge Sauneron. 1935-1970. *Catalogue des ostraca hiéroglyphiques non littéraires de Deir el-Medineh*. 8 vols. Cairo: Publications de l'Institut Francais d'Archeologie Orientale.
- Collier, Mark, and Stephen Quirke. 2002. *The UCL Lahun Papyri: Letters, BAR International Series 1083*. Oxford: Archaeopress.
- . 2004. *The UCL Lahun Papyri: Religious, Literary, Legal, Mathematical and Medical, BAR International Series 1209*. Oxford: Archaeopress.
- David, Rosalie. 1998. *Handbook to Life in Ancient Egypt*. 2 ed. Manchester: Oxford University Press.
- Endruweit, Albrecht. 2001. Hus, byer og palasser - bebyggelse i det gamle Egypt. In *Egypt; Faraoenes verden*, edited by R. Schulz and M. Seidel. Köln: Könenmann Verlagsgesellschaft mbH.
- Eyre, Christopher J. 1987. Work and the Organisation of Work in the New Kingdom. In *Labour in the Ancient Near East*, edited by M. A. Powell. New Haven: American Oriental Society.
- Faulkner, R. O. 1998. *The Egyptian Book of the Dead*. 2 ed. New York: Limited Editions Club.
- Fields, Nic. 2007. *Soldier of the Pharaoh: Middle Kingdom Egypt 2055-1650 BC*. Oxford: Osprey Publishing Ltd.
- Fletcher, Joann. 2004. *The Search for Nefertiti*. New York: HarperCollins Publishers Inc.
- Gardiner, Alan H. 1935. A Lawsuit Arising from the Purchase of Two Slaves. *The Journal of Egyptian Archaeology* Vol. 21 (No. 2):pp. 140-146.
- . 1941. Adoption Extraordinary *The Journal of Egyptian Archaeology* Vol. 26:23-29.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

- Gardiner, Alan H., and Jaroslav Černý. 1957. *Hieratic ostraca*. Oxford.
- Gedge, Pauline. 2000. *Herrer over de to land*. Oslo: Pax.
- Gnirs, Andrea M. 2001. Militaty. In *The Oxford Encyclopedia of Ancient Egypt*, edited by D. B. Redford. Cairo: The American University in Cairo Press.
- Grajetzki, Wolfram. 2006. *The Middel Kingdom of Ancient Egypt*. London: Gerard Ducksworth & Co., Ltd.
- Griffith, F. Ll. 1898. *The Petrie Papyri, Hieratic Papyri from Kahun and Gurob (principally of the Middle Kingdom), Plates*. 2002 ed. [S.I]: ETANA.
- . 1898. *The Petrie Papyri, Hieratic Papyri from Kahun and Gurob (principally of the Middle Kingdom), Text*. 2002 ed. [S.I]: ETANA.
- . 2002. *The Petrie papyri, Hieratic papyri from Kahun and Gurob (principally of the Middle Kingdom), Text*. [S.I]: ETANA.
- Gutgesell, Manfred. 2001. Økonomi og handel. In *Egypt; Faraoenes verden*, edited by R. Schulz and M. Seidel. Köln: Könenmann Verlagsgesellschaft mbH.
- Hawass, Zahi. 2000. *Silent Images; Women in Pharaonic Egypt*. Kairo: The American University in Cairo Press.
- Hayes, William C. 1955. *A Papyrus of the Late Middle Kingdom: in The Brooklyn Museum (Papyrus Brooklyn 35.1446)*. <New York>: The Brooklyn Museum.
- Hollis, Susan Tower. 1987. Women of Ancient Egypt and the Sky Goddess Nut. *The Journal of American Folklore* Vol. 100 (No. 398 (Folklore and Feminism)):pp. 496-503.
- Hurd-Mead, Kate Campbell. 1973. Medical Woman Among the Egyptian In *A history of women in medicine: from the earliest times to the beginning of the nineteenth century*. Boston.
- James, T.G.H. 1962. *The Heqanakhte Papers and other early Middle Kingdom Documents*. Vol. 19, *PMMA*.
- Janssen, Jac J. 1999. A Marital Title from the New Kingdom. In *Gold of Praise: Studies on Ancient Egypt in Honor of Eward F. Wente*, edited by E. Teeter and J. A. Larson. Chicago: The Oriental Institute of the University of Chicago.
- Janssen, Jac. J., and P. W. Pestman. 1968. Burial and inheritance in the community of the necropolis of workmen at Thebes. *Journal of the Economic and Social History of the Orient* 11:137-170.
- Janssen, Rosalind M., and Jac. J. Janssen. 2007. *Growing up and Getting old in Ancient Egypt*. London: Golden House Publications.
- Johnsen, Janet H. 1999. Speculations on Middle Kingdom Marriage. In *Studies on Ancient Egypt in Honour of H. S. Smith*, edited by A. Leany and H. Tait. London: The Egypt Exploration Society.



## Kvinner i det gamle Egypt

---

- . 2009. The Social, Economic and Legal Status of Women in Ancient Egypt. In *The Life of Meresamun; A Templesinger in Ancient Egypt*, edited by E. Teeter. Chicago: The Oriental Institute Museum Publications.
- Johnson, Janet H. 1996. The legal status of woman in ancient Egypt. In *Mistress of the House, Mistress of Heaven; Woman in ancient Egypt*, edited by A. K. Capel and G. E. Markoe. New York: Hudson Hills Press.
- . 1999. Speculations on Middle Kingdom Marriage. In *Studies on Ancient Egypt in Honour of H. S. Smith*, edited by A. Leany and H. Tait. London: The Egypt Exploration Society.
- . 2009. The Social, Economic and Legal Status of Women in Ancient Egypt. In *The Life of Meresamun; A Templesinger in Ancient Egypt*, edited by E. Teeter. Chicago: The Oriental Institute Museum Publications.
- Katary, Sally L. D. 1999. Land-Tenure in the New Kingdom: The Role of Women Smallholders and the Military. In *Agriculture in Egypt: From Pharaonic to Modern Times*, edited by A. K. Bowman and E. Rogan. New York: Oxford University Press.
- Kemp, Barry J. 1989. *Ancient Egypt: Anatomy of Civilization*. 1 ed. London: Routledge.
- . 2006. *Ancient Egypt: Anatomy of a Civilization*. 2 ed. London: Routledge.
- Kitchen, Kenneth A. 1968-. *Ramesside Inscriptions: Historical and Biographical*. 8 vols. Oxford: B. H. Blackwell.
- Larsen, Ann Brit Oseland. 1999. Det kvinnelige element i myter og i kongedømmet i det 18. dynasti i det gamle Egypt, [A.B.O. Larsen], Oslo.
- Lesko, Barbara S. 1994. Rank, Roles, and Rights. In *Pharaoh's Workers: The village of Deir el-Medineh*, edited by L. H. Lesko. London: Cornell University Press.
- Lesko, Leonard H. 1989. The Egyptian New Kingdom. In *Women's earliest records: from ancient Egypt and western Asia : proceedings of the Conference on Women in the Ancient Near East, Brown University, Providence, Rhode Island, November 5-7, 1987*, edited by B. S. Lesko. Atlanta, Ga.: Scholars Press.
- . 1994. *Pharaoh's workers: the villagers of Deir el Medina*. Ithaca: Cornell University Press.
- Lichtheim, Miriam. 2006. *The New Kingdom*. 2 ed. 3 vols. Vol. 2, *Ancient Egyptian Literatur*. Los Angeles: University of California Press.
- . 2006. *The Old and Middle Kingdom*. 3 vols. Vol. 1, *Ancient Egyptian Literatur*. Los Angeles: University of California Press.
- Lippert, Sandra. 2008. *Einführung in die Altägyptische Rechtsgeschichte*. Edited by L. Gestermann and C. Leitz. Vol. 5, *Einführungen und Quellentexte zur Ägyptologie*. Berlin: LIT Verlag.
- Manniche, Lise. 1987. *Sexual Life in Ancient Egypt*. London: KPI Ltd.
- McDermott, Bridget. 2004. *Warfare in Ancient Egypt*. Sparkford: Sutton Publishing Limited.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

- McDowell, Andrea G. 1990. *Jurisdiction in the workmen's community of Deir el-Medīna*. Leiden: Nederlands Instituut voor het Nabije Oosten.
- . 1994. Contact with the Outside World. In *Pharaoh's workers: the villagers of Deir el Medina*, edited by L. H. Lesko. Ithaca: Cornell University Press.
- . 2001. *Village life in Ancient Egypt*. 2 ed. New York: Oxford University Press Inc.
- Meskel, Lynn. 2002. *Private life in New Kingdom Egypt*. Princeton, N.J.: Princeton University Press.
- Middleton, Russell. 1962. Brother-Sister and Father-Daughter Marriage in Ancient Egypt. *American Sociological Review* Vol. 27 (No. 5):pp. 603-611.
- Molseth, Maiken H. . 2007. Women in ancient Egypt. *Nicolay* Nr. 101 (1):20-26
- Montserrat, Dominic. 1996. *Sex and society in Graeco-Roman Egypt*. London: Kegan Paul International.
- Murnane, William J. 1995. *Texts from the Amarna Period in Egypt*. Edited by E. S. Meltzer. Atlanta: Scholars Press.
- Murphy, E., ed. 1985. *Diodorus on Egypt*. London: Jefferson.
- Naguib, Saphinaz-Amal. 1990. The Festivals of Opet and Abul Haggag: Survival of an Ancient tradition? *Temenos* 26:67-84.
- . 1990. *Le clergé féminin d'Amon Thébain à la 21e dynastie*. Louvain: Dep. Orientalistiek : Peeters.
- . 1991. The Beautiful Feast of the valley. *Understanding and History in Arts and Sciences* 1:21-32.
- Olivier, Anette. 2008. *Social status of elite women of the New Kingdom of ancient Egypt: A comparison of artistic features*: University of South Africa.
- Onstine, Suzanne Lynn. 2005. *The Role of the Chantress in Ancient Egypt*. Oxford: Archaeopress.
- Parkinson, R. B. 1991. *Voices from ancient Egypt: an anthology of Middle Kingdom writings*. Norman, Okla: University of Oklahoma Press.
- Peden, Alexander J. 2001. *The graffiti of pharaonic Egypt: scope and roles of informal writings (c. 3100-332 B.C.)*. Leiden: Brill.
- Peet, Eric T. 1930. Two Letters from Akhetaten. *Annals of Archaeology and Anthropology* University of Liverpool 17:82-97.
- Pestman, P. W. 1961. Marriage and matrimonial property in ancient Egypt: a contribution to establishing the legal position of the woman, Brill, Leiden.
- Piacentini, Patrizia. 2001. Scribes. In *The Oxford Encyclopedia of Ancient Egypt*, edited by D. B. Redford. Cairo: The American University in Cairo Press.
- Pinch, Geraldine. 1993. *Votive offerings to Hathor*. Oxford: Griffith Institute.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

- Quirke, Stephen. 1990. *The Administration of Egypt in the Late Middle Kingdom*. Surrey: New Malden.
- . 2005. *Lahun - A town in Egypt 1800 BC, and the history of its landscape, Egyptian Sites*. London: Golden House Publications.
- Robins, G. 1994. Some Principles of Compositional Dominance and Gender Hierarchy in Egyptian Art. *The SSEA Journal* XXIII:29-41.
- Robins, Gay. 1989. Some Image of Woman in New Kingdom Art. In *Women's earliest records: from ancient Egypt and western Asia : proceedings of the Conference on Women in the Ancient Near East, Brown University, Providence, Rhode Island, November 5-7, 1987*, edited by B. S. Lesko. Atlanta, Ga.: Scholars Press.
- . 1992. Masculine and feminine traits in male figures in Egyptian two-dimensional art from the late 4th dynasty to the 26th dynasty. In *Sesto Congresso internazionale di Egittologia: atti*, edited by E. International Congress of. [Torino?]: [s.n.].
- . 1993. The God's Wife of Amun in the 18th Dynasty in Egypt. In *Images of women in antiquity*, edited by A. Cameron and A. Kuhrt. London: Routledge.
- . 1993. *Women in ancient Egypt*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- . 1996. Dress, undress, and the Representation of Fertility and Potency in New Kingdom Egyptian Art. In *Sexuality in Ancient Art*, edited by N. B. Mampen. Melbourne: Press Syndicate of the Cambridge University Press.
- Roehrig, C. 1990. *The Eighteenth Dynasty Titles Royal Nurse (mnAt nswt), Royal Tutor (mnA nsw), and Foster Brother/Sister of the Lord of the Two Lands (sn/snt mnA n nb tawy)*. Ann Arbor: University of Berkeley, Xerox.
- Roth, Ann Macy. 1999. The Absent Spouse: Patterns and Taboos in Egyptian Tomb Decoration. *Journal of the American Research Center in Egypt* 36:37-53.
- Scharff, Alexander, and Erwin Seidl. 1939. *Einführung in die ägyptische Rechtsgeschichte bis zum Ende des neuen Reiches*. Glyckstadt: J.J. Augustin.
- Schulman, Alan R. 1979. Diplomatic Marriage in the Egyptian New Kingdom. In *Journal of Near Eastern Studies*. Chicago: The University of Chicago Press.
- Seidel, Matthias. 2001. Kongenes dal. In *Egypt; Faraoenes verden*, edited by R. Schulz and M. Seidel. Köln: Könemann Verlagsgesellschaft mbH.
- Shaw, Ian. 2002. *The Oxford History of Ancient Egypt*. 2 ed. New York: Oxford University Press.
- Spalinger, Anthony J. 2001. Calendars. In *The Oxford Encyclopedia of Ancient Egypt*, edited by D. B. Redford. Cairo: The American University in Cairo Press.
- . 2005. *War in Ancient Egypt: the New Kingdom*. Malden: Blackwell Pub.
- Strauss-Seeber, Christine. 1997. Nilens gaver - jordbruk i en elveoase. In *Egypt: Faraoenes verden*, edited by R. Schultz and M. Seidel. Köln: Könemann Verlagsgesellschaft mbH.

## Kvinner i det gamle Egypt

---

- Sweeney, Deborah. 1993. Woman's correspondence from Deir el-Medineh. In *Sesto Congresso internazionale di Egittologia: atti*, edited by E. International Congress of. [Torino?]: [s.n.].
- . 2008. Doing a Man's Job? Hatshepsut and Gender. In *Hatshepsut and Gender*. Ben-Gurion University, Israel.
- Szpakowska, Kasia. 2008. *Daily Life in Ancient Egypt: Recreating Lahun*. Oxford: Blackwell Publishing.
- Teeter, Emily, and Janet H. Johnson, eds. 2009. *The life of Meresamun: A Temple Singer in Ancient Egypt*. Vol. 29, *The Oriental Institute of the University of Chicago*. Chicago: The Oriental Institute Museum Publications.
- Toivari-Viitala, Jaana. 1995. Marriage at Deir el-Medina. Paper read at Proceedings of the seventh International Congress of Egyptologists, at Cambridge.
- . 1997. Man versus Woman: Interpersonal Disputes in the Workmen's Community of Deir el-Medina. *Journal of the Economic and Social History of the Orient* Vol. 40 (No. 2):pp. 153-173.
- . 2001. *Women at Deir el-Medina*. Leiden: Nederlands Instituut voor het Nabije Oosten.
- Trigger, B. G., B. J. Kemp, D. O'Conner, and A. B. Lloyd. 1983. *Ancient Egypt: A social history*. 16 ed. Cambridge: Cambridge University Press.
- Troy, L. 1984. Good and Bad Women. *Maxim* 18:284-288.
- Troy, Lana. 1986. *Patterns of Queenship in ancient Egyptian myth and history*. Uppsala: Distributors: Almqvist & Wiksell International, Stockholm.
- Ventura, Raphael. 1986. *Living in a City of the Dead*. Freiburg.
- Ward, William A. 1983. Reflection on some Egyptian Terms Presumed to Mean "Harem, Harem- Woman, Concubine". *Berytus* XXXI:67-78.
- . 1986. *Essays on feminine titles of the Middle Kingdom and related subjects*. Beirut: American University of Beirut.
- Waterfield, Robin, ed. 1998. *Herodotus; The Histories*. New York: Oxford University Press.
- Watterson, Barbara. 1991. *Women in ancient Egypt*. New York: St. Martin's Press.
- Wente, Edward Frank, and Edmund S. Meltzer. 1990. *Letters from ancient Egypt*. Atlanta, Ga.: Scholars Press.
- Whale, Sheila. 1989. *The Family in the eighteenth Dynasty of Egypt*. Sydney: The Australian Centre of Egyptology.
- Wilfong, Terry G. 1997. *Women and Gender in Ancient Egypt*. Ann Arbor: Kelsey Museum of Archaeology.
- Wilkinson, Richard H. 2000. *The Complete Temples of Ancient Egypt*. London: Thames & Hudson Ltd.

## 7 VEDLEGG

### 7.1 KRONOLOGI


<b>Førdynastisk tid</b>	<b>ca. 5300-3000 f.v.t.</b>
<b>Tidlig dynastisk tid (Dynasti 1-2)</b>	<b>ca. 3000-2686 f.v.t.</b>
<b>Det gamle riket (Dynasti 3-8)</b>	<b>2686-2160 f.v.t.</b>
<b>1.Mellomperiode (Dynasti 9-11)</b>	<b>2160-2055 f.v.t.</b>
<b>Mellomriket</b>	<b>2055-1650 f.v.t.</b>
<b>Dynasti 11</b>	<b>2055-1985 f.v.t.</b>
Mentuhotep II	2055-2004 f.v.t.
Mentuhotep III	2004-1992 f.v.t.
Mentuhotep IV	1992-1985 f.v.t.
<b>Dynasti 12</b>	<b>1985-1773 f.v.t.</b>
Amenemhat I	1985-1956 f.v.t.
Senusret I	1956-1911 f.v.t.
Amenemhat II	1911-1877 f.v.t.
Senusret II	1877-1870 f.v.t.
Senusret III	1870-1831 f.v.t.
Amenemhat III	1831-1786 f.v.t.
<b>Sobekneferu</b>	<b>1777-1773 f.v.t.</b>
<b>Dynasti 13 og 14</b>	<b>1773-1650 f.v.t.</b>
<b>Andre mellomperiode</b>	<b>1650-1550 f.v.t.</b>
<b>Dynasti 15 (Hyksos)</b>	<b>1650-1550 f.v.t.</b>
<b>Dynasti 16-17 (Øvre Egypt)</b>	<b>1650-1555 f.v.t.</b>
Kamose	1555-1550 f.v.t.
<b>Det nye riket</b>	<b>1550-1069 f.v.t.</b>
<b>Dynasti 18</b>	<b>1550-1295 f.v.t.</b>
Ahmose	1550-1525 f.v.t.
Amenhotep I	1525-1504 f.v.t.
Thutmose I	1504-1492 f.v.t.
Thotmose II	1492-1479 f.v.t.
Thotmose III	1479-1425 f.v.t.
<b>Hatshepsut</b>	<b>1473-1458 f.v.t.</b>
Amenhotep II	1427-1400 f.v.t.

# Kvinner i det gamle Egypt

Thotmose IV	1400-1390 f.v.t.
Amenhotep III	1390-1352 f.v.t.
Amenhotep IV/Akhenaten	1352-1336 f.v.t.
<b>Neferneferuaten (Nefertiti?)</b>	<b>1338-1336 f.v.t.</b>
Tutankhamun	1336-1327 f.v.t.
Ay	1327-1323 f.v.t.
Horemheb	1323-1295 f.v.t.
<b>Dynasti 19</b>	<b>1295-1186 f.v.t.</b>
Ramses I	1295-1294 f.v.t.
Sety I	1294-1279 f.v.t.
Ramses II	1279-1213 f.v.t.
Merenptah	1213-1203 f.v.t.
Amenmessu	1203-1200? f.v.t.
Sety II	1200-1194 f.v.t.
Saptah	1194-1188 f.v.t.
<b>Tausret</b>	<b>1188-1186 f.v.t.</b>
<b>Dynasti 20</b>	<b>1186-1069 f.v.t.</b>
Sethnakht	1186-1184 f.v.t.
Ramses III	1184-1153 f.v.t.
Ramses IV	1153-1147 f.v.t.
Ramses V	1147-1143 f.v.t.
Ramses VI	1143-1136 f.v.t.
Ramses VII	1136-1129 f.v.t.
Ramses VIII	1129-1126 f.v.t.
Ramses IX	1126-1108 f.v.t.
Ramses X	1108-1099 f.v.t.
Ramses XI	1099-1069 f.v.t.
<b>Tredje mellomperiode (Dynasti 21-25)</b>	<b>1069-664 f.v.t.</b>
<b>Seindynastisk tid (Dynasti 26-31)</b>	<b>664-332 f.v.t.</b>
<b>Ptolemaisk periode</b>	<b>332-30 f.v.t.</b>

# Kvinner i det gamle Egypt

## 7.2 KART




Figur 7-1 Kart over det gamle Egypt.



# Kvinner i det gamle Egypt

## 7.3 ADMINISTRASJONSSTRUKTUR



Figur 7-2 Administrasjonsstruktur under Det nye riket.



## 8 SUMMARY

MA-paper in ancient historie.

Institute of archaeology, historie, art and religion.

University of Bergen, spring 2009.

**Name:** Reinert Skumsnes

**Instructor:** Jørgen Christian Meyer

**Title:** Women in ancient Egypt – A comparative studie.

The starting point for this paper is based on some of the non-literary texts from Middle Kingdom and New Kingdom Egypt. The non-literary texts which I have focused on are letters and court decisions. My goal has been to make a survey of the role of women in ancient Egypt, to open up for the possibility that the role of women might have depended on time and space, and finally discuss whether one can talk of women as one, or if one has to divide women into different groups.

I have done my best in gathering a variety of texts so that one can see various women in different kinds of situations. Despite the fact that the different texts only represent a small percentage of the population, I hope this will make the study as extensive as possible.

My main course of action has been divided into three. First, I have analysed the various texts one by one, and made a summary for each time period. Secondly, I presented what today's Egyptologists suspect to have been the context of these women, to explore whether there existed factors in society that could have made a difference in the role of women. Thirdly, I made my final conclusions by comparing the results from the two time periods.

To understand women in ancient Egypt is a complex matter depending on many factors. One has to be aware that the texts might reflect norms and customs, rather than a rule of how the life of every woman was. With this in mind, one understands that the role of women is highly dependent on each individual; time and space, social belonging, resources, and perhaps more important the ambitions and contact network of the woman. From this I conclude that at least some women enjoyed the same possibilities, rights and privileges as men did.

Also, I find it possible that considerable changes in the social conditions, such as warfare, building activities, religion, and the new role of royal women, during the first years of the New Kingdom, might have worked as a catalyst for the greater appreciation of women in general.